

Kvinnelege innsette sine historier

Om å mangle anerkjenning

Siv Ådnegard Skulstad



Masteroppgåve i sosiologi
Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi

UNIVERSITETET I OSLO

Juni 2010

Samandrag

Denne oppgåva handlar om åtte kvinnelege innsette sine historier om sine liv. Studien byggjer på empiri frå samtaler med desse kvinnene. Ønsket om å snakke med innsette kvinner var tufta på statistikk som viser kor liten del av dei innsette i fengsel som er kvinner, og på antakinga om at dette kunne gjere kvinnene sine forteljingar til eit interessant forskingsfelt.

For å kunne seie noko generelt om dei åtte kvinnene sine bakgrunnar, går eg gjennom tidlegare forskning som eg ser som relevant for oppgåva sitt tema. Her legg eg særleg vekt på kvantitative levekårundersøkingar om innsette, men dreg også inn anna kvalitativ og kvantitativ forskning gjort i inn- og utland om innsette kvinner sine levekår og livssituasjonar.

For å setje kvinnene sine forteljingar inn i ein større samanheng, nyttar eg meg av sosialfilosofen Axel Honneth sin anerkjennings-teori. Honneth legg stor vekt på rolla anerkjening spelar for individ si utvikling av sjølvforhold. Mangel på anerkjening kan gjere det vanskeleg å oppnå sjølvforholda sjølvtilit, sjølvvaktning og sjølvverdssettning, noko som ifølgje Honneth er essensielt for å kunne realisere seg sjølv og såleis leve eit godt liv. Vidare koplar eg Honneth si vektlegging av kor viktig ”mora” er for born sine fyrste leveår for å kunne utvikle det grunnleggande sjølvforholdet sjølvtilit, til nokre teoretiske bidrag om kjønna forventningar som vert stilt til kvinner som at dei skal vere andre-, familie- og omsorgsorienterte.

Analysen tek for seg kvinnene sine historier, og ser dei i lys av tidlegare forskning og teori. I det fyrste analysekapittelet ser eg kvinnene sine forteljingar om sine bakgrunnar og levekår ut frå temaa oppvekst, utdanning, arbeid, rusbruk, helse og familieforhold. Kvinnene fortel i større eller mindre grad om vanskelege forhold frå deira bakgrunnar, som foreldre med rusproblem, flytting til fosterheim, og mishandling. Eg vel difor å kalle dette kapittelet for ”negativ overlast”.

I det andre analysekapittelet søkjer eg å vise at negativ overlast fører til ”negativt utfall”, som eg kallar dette kapittelet. Eg byrjar med å setje søkjelys på episodar som kvinnene fortel om som synest å vere vendepunkt i deira liv. Nokre av vendepunkta handlar om kvinnene sitt fyrste møte med narkotika, andre handlar om mishandling, medan andre igjen handlar om hendingane som førte til at dei fekk sin fyrste fengselsstraff. Vidare ser eg på kva type lovbrøt

som kvinnene sit fengsla for, og kva dei fortel om eigen og andre sin kriminalitet, før eg avrundar med å sjå på negative følgjer som fengsling kan føre med seg, som skamkjensle og kvinnene sitt syn på seg sjølv som ofre eller gjerningspersonar.

I det tredje analysekapittelet ser eg først på kvinnene sine historier i lys av Honneth sin teori om anerkjenning. Gjennom å lytte til kvinnene sine forteljingar, stod Honneth sine tankar om kjærleik, rettar og solidaritet, samt sjølvtilitt, sjølvvaktning og sjølvverdsetjing, fram som ein teori som kunne bidra til å forklare kvifor kvinnene si negative overlast førte til negative utfall. Dette kapittelet kallar eg for ”mangel på anerkjenning” av di det er anerkjenning nokre av kvinnene ser ut til å mangle. Kapittelet vert avrunda med nokre av kvinnene sine forteljingar om den gode mor, og den gode hjelpar. Desse forteljingane vert sett opp mot dei teoretiske bidraga om kjønna forventingar stilt til kvinner, som forventingen om at kvinner skal vere omsorgspersonar.

Forord

Fyrst og fremst vil eg rette ein stor takk til dei åtte kvinnene som sa seg villige til å dele sine historier med meg.

Takk til rettleiaren min, Cecilie Basberg Neumann, for all god hjelp, og birettleiaren min, Arnlaug Leira, for oppfølging.

Vidare vil eg takk mine medstudentar som har gjort lesesalen og pauserommet til to herlege plassar å vere.

Tusen takk, Kjell Sindre, for alle timar og krefter som du har brukt på å hjelpe meg med utforminga av denne oppgåva. Dine mange tilbakemeldingar har vore verd si blekkvekt i gull!

Oslo, juni 2010

Siv Ådnegard Skulstad

Innholdsfor-teikning

| | |
|--|-----------|
| Samandrag | 3 |
| Forord | 5 |
| Innholdsfor-teikning | 7 |
| 1. Innleing | 11 |
| 1.2 Problemstilling | 12 |
| 1.3 Val av perspektiv..... | 13 |
| 1.4 Oppgåva sin struktur | 13 |
| 2. Tidlegare forskning | 16 |
| 2.1 "Kriminalitet" | 16 |
| 2.1.1 "Kvinnekriminalitet" | 17 |
| 2.2 Innsette sine levekår | 18 |
| 2.2.1 Oppvekst..... | 18 |
| 2.2.2 Utdanning | 19 |
| 2.2.3 Arbeid..... | 20 |
| 2.2.4 Rusbruk | 20 |
| 2.2.5 Helse | 22 |
| 2.2.6 Familieforhold | 23 |
| 2.3 Skam..... | 24 |
| 2.3.1 Offer eller gjerningsperson? | 25 |
| Oppsummering | 26 |
| 3. Vitskapsteoretiske perspektiv | 27 |
| 3.1 Narrativ analyse..... | 27 |
| 3.2 Narrativ form..... | 29 |
| 3.2.1 Tid og kausalitet | 29 |
| 3.2.2 Evaluering og meining | 30 |
| 3.2.3 Publikum og sosial kontekst..... | 30 |
| 3.2.4 Tid og meining | 31 |
| 3.2.5 Fyrstetrinns- og andretrinnsnarrativ | 32 |
| Oppsummering | 32 |
| 4. Metodiske refleksjonar | 34 |
| 4.1 Førforståing | 34 |
| 4.2 Intervju | 34 |

| | |
|---------------------------------------|-----------|
| 4.2.1 Kvifor intervju? | 35 |
| 4.2.2 Validitet | 35 |
| 4.3 Framgangsmåte | 36 |
| 4.3.1 Tilgang | 36 |
| 4.3.2 Informert samtykkje | 37 |
| 4.3.3 Utval | 37 |
| 4.4 Gjennomføringa | 38 |
| 4.4.1 Intervjuguiden | 38 |
| 4.4.2 Intervjua | 39 |
| 4.4.3 Erfaringar | 40 |
| 4.4.4 Forskarrolla | 41 |
| 4.4.5 Nærheit og avstand | 42 |
| 4.5 Ethiske refleksjonar | 42 |
| 4.5.1 Anonymisering | 42 |
| 4.5.2 Frå tale til tekst | 43 |
| 4.5.3 Tolking og analyse | 44 |
| 5. Teoretiske perspektiv | 45 |
| 5.1 Anerkjenning | 45 |
| 5.1.1 Samfunnspatologiar | 48 |
| 5.1.2 Kamp om anerkjenning | 50 |
| 5.2 Kjønna forventingar | 54 |
| Oppsummering | 56 |
| 6. Negativ overlast | 57 |
| 6.1 Introduksjon av kvinnene | 57 |
| 6.2 Kvinnene sine levekår | 59 |
| 6.2.1 Oppvekst | 59 |
| 6.2.2 Utdanning | 63 |
| 6.2.3 Arbeid | 64 |
| 6.2.4 Rusbruk | 66 |
| 6.2.5 Helse | 68 |
| 6.2.6 Familieforhold | 69 |
| Oppsummering | 71 |
| 7. Negativt utfall | 72 |
| 7.1 Vendepunkt | 72 |

| | |
|---|------------|
| 7.2 Kriminalitet | 75 |
| 7.2.1 Kriminalitetsmakkerar | 76 |
| 7.2.2 Tysting og spaning | 77 |
| 7.2.3 Spelereglar | 79 |
| 7.2.4 Eigen og andre sin kriminalitet | 80 |
| 7.3 Skam | 82 |
| 7.3.1 Offer eller gjerningsperson? | 83 |
| Oppsummering | 84 |
| 8. Mangel på anerkjenning | 85 |
| 8.1 Krenking versus anerkjenning | 86 |
| 8.1.1 Kjærleik og sjølvtilitt | 86 |
| 8.1.2 Rettar og sjølvaking | 90 |
| 8.1.3 Solidaritet og sjølvverdsetjing | 91 |
| 8.2 Kjønna forventingar | 96 |
| 8.2.1 Den gode mor | 97 |
| 8.2.2 Den gode hjelpar | 100 |
| Oppsummering | 104 |
| 9. Avslutting | 105 |
| 9.1 Sentrale funn | 105 |
| 9.2 Samfunnsmessig nytte? | 107 |
| 9.2.1 Veggen vidare | 107 |
| Litteraturliste | 108 |
| Vedlegg | 114 |
| Vedlegg 1: Søknad om innpass | 114 |
| Vedlegg 2: Intervjuguide | 117 |
| Vedlegg 3: Introduksjonsbrev | 120 |
| Vedlegg 4: Samtykkeerklæring | 122 |

1. Innleiing

Sjølv om kvinner utgjer 50 prosent av det norske folk, utgjer dei ein minoritet i fengsel. I 2007 var berre 5 prosent av dei innsette i norske fengsel kvinner (Justis- og forsvarsdepartementet 2009:44). Såleis kan ein hevde at kvinner under soning er ei dobbelt marginalisert gruppe av di innsette er ein minoritet av det norske folk, og av di kvinner er ein minoritet av dei innsette. Dette er med på å gjere kvinnelege innsette til ei sosiologisk interessant gruppe å forske på.

Ida Koch (1993) oppsummerte tidleg på 1990-talet forskingsfunn gjort om innsette kvinner i Norden på følgjande vis: Kvinnene er unge, minimalt utdanna, er ikkje-deltakande i arbeidslivet og fattige, bur i og rundt storbyar, er einslege og har born, er einsame, er narkomane, har institusjonserfaring, og er sjuke. Denne oppsummeringa av kvinnelege innsette er langt frå munter. Kva kan bidra til å forklare kvifor denne vesle gruppa av kvinner i fengsel har så dårlege levekår?

Det har frå fleire hald vorte peika på at forskinga som har vorte gjort om kvinnelege innsette har hatt eit kvantitativ fokus. ”Af statistikkernes tørre tal får vi ikke meget kvalitativt at vide om kvindernes individuelle liv og de trængsler der førte til at de kom ind på en kriminel løpebane”, hevdar Koch (1993:92). Av di ser Høigård og Snare (1993:17) kvinner sine egne opplevingar som eit viktig korrektiv til tidlegare forskning gjort med statistikk. Kvinnekriminologien har ingen lang vitskapleg tradisjon (Høigård og Snare 1993), og det er ein hovudmangel i kvinnekriminologi at det nesten ikkje finst analyser som formidlar den sosiale rekrutteringa, samt kva slags sosial livssituasjon desse kvinnene finn seg i (Høigård 1993). Kva kan ein så få vite om kvinnelege innsette sine liv ved å snakke med dei i staden for å sende ut ein spørjeundersøking til dei?

I 1993 stilte Cecilie Høigård spørsmålet: Kva kjenneteiknar kvinnelege lovbrutarar? Er dei unge eller gamle, fattige eller rike, gifte eller ugifte? Slit dei skulebenken eller er dei yrkesaktive? Overraskande få data er til no grave fram om dette, slo Høigård (1993) då fast. I 2009, 16 år seinare, konkluderar stortingsmeldinga ”Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn” (Justis- og forsvarsdepartementet 2009:62) med det same: Det er behov for kunnskap om kva som kjenneteiknar kvinnelege innsette.

Eg vil med denne oppgåva bidra med kvalitativ forskning om innsette kvinner, då slik forskning altså vert etterlyst. Målet med prosjektet mitt er å møte og høyre på kvinner under soning sine historier, og dermed korleis dei framstiller liva sine. Eg vil gi kvinnene sine forteljingar og erfaringar stor plass i denne framstillinga. Ved å sjå kvinnene sine historier i lys av funn frå tidlegare forskning søker eg å plassere kvinnene sine forteljingar i eit større bilete. Skil kvinnene sine historier seg frå tidlegare funn om innsette kvinner, eller glir dei inn i biletet som tidlegare forskning har vorte teikna av kvinnelege innsette? Ved å sjå kvinnene sine forteljingar i lys av teoretiske bidrag om mangel på anerkjenning og kjønna forventingar søker eg å plassere kvinnene sine forteljingar i eit endå større bilete. Kan forhold i kvinnene sine bakgrunnar bidra til å forklare kvifor kvinnene hamna bak lås og slå?

Tidlegare forskning gjort om kvinner i fengsel har søkt å forklare kvinnene sine livssituasjonar ved å mellom anna vise til teoriar om utstøyting, kjønnsroller, og deltaking. Desse teoriane har mykje føre seg, men eg vil hevde at dei kvar for seg berre bidreg til å forklarar delar av kvifor kvinner hamnar i fengsel. Ved å sjå kvinnene sine historier i lys av sosialfilosofen Axel Honneth sin anerkjenningssteori, freistar eg å kome med eit meir heilskapleg bidrag til debatten kring kva som kan forklare kvifor nokre hamnar i bak lås og slå. Sidan det er kvinner som eg fokuserar på vel eg også å ta inn nokre teoretiske bidrag som handlar meir spesifikt om kvinner, og kva som vert forventa av kvinner.

1.2 Problemstilling

Mi hovudproblemstilling er:

Korleis og kva fortel kvinnelege innsette om sine liv?

I tillegg har eg følgjande underspørsmål som er tufta i dei teoretiske bidraga som eg ser kvinnene sine forteljingar i lys av:

Kan mangel på anerkjenning bidra til å forklare kvinnene sine forteljingar?

Kan kjønna forventingar bidra til å forklare kvinnene sine forteljingar?

Overordna tema som eg vil kome inn på i samtale med kvinnene er deira oppvekst, utdanning, arbeidserfaring, rusbruk, kriminalitet og familieforhold.

1.3 Val av perspektiv

Denne oppgåva handlar om kvinnelege innsette sine subjektive framstillingar av sine liv. Dette vil seie at eg allereie i utgangspunktet har gjort eit val ved å trekkje fram og lytte til det *ein* part fortel. Sidan det er dei innsette kvinnene sine forteljingar om sine liv som er i fokus, vel eg altså å berre høyre på og studere nettopp dei kvinnelege innsette. Ifølgje Berit Vegheim (1995b:13) er det ikkje er noko uvanleg ved å velje ut *ein* part som vert lytta til. Interesse mi for dei kvinnelege, og ikkje dei mannelege innsette, er mellom anna tufta på ei nysgjerrigheit over kva som førte desse kvinnene bak og lås og slå, nettopp fordi det er så få kvinner som sit fengsla. Tidlegare forskning seier meg mellom anna at kvinnelege innsette generelt sett har dårlegare levkår enn mannelege innsette. Eg tilnærmar meg difor dei innsette med eit kjønnsperspektiv. Vegheim (1995b:13) hevdar at val av kjønnsperspektiv stadig skjer i mannsforskning, men då gjerne utan at det vert klargjort av forskaren sjølv. Dette har i stor grad vore tilfelle i forskning gjort om kriminelle og innsette, noko som kan verte forklart med at det er mange fleire innsette menn enn kvinner. Kvinnelege innsette har stort sett vore ei vanskeleg tilgjengeleg gruppe, som gjerne har vore skjerma frå offentleg merksemd i større grad enn mannelege innsette (Vegheim 1995a:11).

1.4 Oppgåva sin struktur

For å kunne seie noko generelt om dei åtte kvinnene sine bakgrunnar, trekk eg i kapittel 2 fram tidlegare forskning gjort om innsette, og då særleg kvinnelege innsette, som eg ser som relevant for oppgåva sitt tema. Her trekk eg særleg fram nokre kvantitative levkårsundersøkingar om innsette, men dreg også inn kvalitativ og kvantitativ forskning gjort i inn- og utland om innsette kvinner sine levkår og livssituasjonar.

I kapittel 3 introduserar eg narrativ metode sidan eg delvis vil nytte meg av ei narrativ tilnærming i presentasjonen av dei åtte kvinnene sine historier. Eg ser på narrativ analyse og form, og eg går vidare inn på trekk som tid og kausalitet, evaluering og meining, og publikum og sosial kontekst, før eg oppsummerar kva trekk ved narrativ form og analyse som eg vil ta med meg vidare inn i presentasjonen og analysinga av kvinnene sine historier i kapittel 6, 7 og 8.

I det fjerde kapittelet søker eg å drøfte styrkjer og svakheiter ved mine metodeval. Oppgåva er basert på kvalitative intervju med åtte innsette kvinner. Hovudfokuset i dette kapittelet vil ligge på egne erfaringar gjennom datainnsamlingsprosessen, ved mellom anna å greie ut om planlegging og utføring av intervju, samt å gjere greie for etiske refleksjonar, som anonymisering og behandlinga av datamaterialet.

Fyrst i teorikapittelet, kapittel 5, introduserar eg den tyske sosialfilosofen Axel Honneth sin teori om anerkjenning som legg stor vekt på rolla som anerkjenning spelar for eit individ si utvikling av sjølvforhold. Såleis kan mangel på anerkjenning gjere det vanskeleg å oppnå sjølvforholda sjølvtilitt, sjølvaktning og sjølvverdssettning, noko er essensielt for å kunne realisere seg sjølv og såleis leve eit godt liv. I den andre delen av kapittelet koplar eg Honneth si vektlegging av "mora" si betyding for at born skal kunne utvikle det grunnleggande sjølvforholdet sjølvtilitt, til teoretiske bidrag om kjønna forventingar som det å vere andre-, familie-, og omsorgsrelatert, og søker å vise at kvinner har ein moglegheit til å oppnå anerkjenning også gjennom det å vere ei god mor.

I det fyrste analysekapittelet, kapittel 6, presenterar eg trekk ved dei åtte kvinnene sine bakgrunnar, for så å gå vidare inn på kvinnene sine levekår i tråd med intervjutemaa oppvekst, utdanning, arbeidserfaring, rusbruk, helse og familieforhold. Her vil eg bruke utdrag frå kvinnene sine forteljingar, sjå desse i forhold til den tidlegare forskinga som eg presenterar i kapittel 2, samt å nytte meg av innsikter frå narrativ form og analyse som eg presenterar i kapittel 3. Kvinnene fortel i større eller mindre grad om vanskelege forhold frå deira bakgrunnar, som foreldre med rusproblem, flytting til fosterheim, og mishandling. Eg vel difor å kalle dette kapittelet for "negativ overlast".

I kapittel 7 søker eg å vise at negativ overlast fører til "negativt utfall", som eg kallar dette kapittelet. Eg set søkjelys på episodar som kvinnene fortel om som synest å vere vendepunkt i deira liv, som kvinnene sitt fyrste møte med narkotika, mishandling, og hendingane som førte til at dei fekk sin fyrste fengselsstraff. Vidare ser eg på kva type lovbrøt som kvinnene sit fengsla for, og kva dei fortel om eigen og andre sin kriminalitet, og negative følgjer som fengsling kan føre med seg, som skamkjensle, og syn på seg sjølv som offer eller gjerningsperson.

Det tredje analysekapittelet, kapittel 8, kallar eg "mangel på anerkjenning" av di det er det nokre av kvinnene ser ut til å mangle. Eg ser her på kvinnene sine historier i lys av Honneth sin anerkjenningsteori, og om kvinnene har oppnådd dei tre formene for sjølvforhold, altså sjølvtilitt, sjølvaking og sjølvverdsetjing, som ein må ha for å oppnå "det gode liv" eller "vellingukka sjølvrealisering". I den andre delen av kapittelet ser eg på korleis kvinnene forhold seg til dei kjønna forventingane om å vere andre-, familie-, og omsorgorienterte, og hevdar at det vert forventa meir av mødrer enn av fedrar når det kjem til barneoppseding, og at eventuelle omsorgssvikt får større følgjer for mødrer enn for fedrar. Eg ser på korleis kvinnene relaterar seg til rollene som den gode mor og den gode hjelpar. I kapittel 9 oppsummerar eg hovudfunna mine og peikar på vegen vidare.

2. Tidlegare forskning

Eg vil i denne delen vise til tidlegare forskning gjort om kvinner i fengsel som eg ser som relevant for mi oppgåve. Eg startar med ein kort diskusjon av omgrepet kriminalitet, før eg går vidare inn på det som vert sett på som typisk kriminalitet gjort av kvinner, såkalla kvinnekriminalitet. Bruk av kvantitative data ved utviklinga av ei førforståing til ei kvalitativ undersøking er i dag vanleg (Holter 1996:25). For å få eit inntrykk av kvinner i fengsel sin situasjon og deira levekår, trekk eg difor fram Torbjørn Skarðhamar (2002), Christine Friestad og Inger Lise Skog Hansen (2004), og Anders Nilsson og Henrik Tham (1999) sine kvantitative levekårundersøkingar om innsette i Noreg og Sverige, i tillegg til nokre kvantitative undersøkingar frå USA. Eg trekk også inn kvalitativ forskning om innsette, og så særleg innsette kvinner, frå Noreg og USA. På slutten av kapittelet dreg eg inn omgrepa skam, offer og gjerningsperson.

2.1 "Kriminalitet"

Kriminalitet er eit relativt fenomen som femner om dei handlingar som samfunnet til ei kvar tid definerar som kriminelle (Vegheim 2007:107). Eit døme på dette er lovgivinga kring prostitusjon som nyleg endra seg frå å vere lovleg, til at det er lovleg å selje, men ulovleg å kjøpe. Slik sett er kriminalitet ein sosial konstruksjon og eit sosialt fenomen (Høigård og Snare 1993). Ikkje alle uønska handlingar er kriminelle. Eit lovbrøt består per definisjon av to element, ei handling og ei lovbestemming som set straff for handlinga (Hauge 2001:11), så for at noko kan kallast eit lovbrøt, må det finnast ei lov (Schafft 2007:121).

Dei fleste som sonar i norske fengsel er frå samfunnet sine lågare sosiale sjikt, sjølv om strafferetten skal gjelde alle, uansett sosial bakgrunn og status, hevdar Angelika Schafft (2007:117). Noko av forklaringa bak dette ligg i det at den type straffbare handlingar som blir gjort av personar frå lågare sosiale sjikt, ofte er lettare å oppdage enn straffbare handlingar som vert gjort av personar frå høgare sosiale sjikt. Kriminelle handlingar som typisk vert utført av personar frå lågare sosiale sjikt har dimed større sannsyn for å bli oppdaga, og dimed aukar sjansen for at forhold blir meldt (Schafft 2007:123). Mykje av det ein heimlaus person føretek seg saman med andre, skjer i det offentlege.

2.1.1 "Kvinnekriminalitet"

Ifølgje Polly F. Radosh (2004:213) er det ei generell semje mellom kriminologar om at kvinner sine kriminelle handlingar er færre og mindre alvorlege enn menn sine kriminelle handlingar. Av straffereaksjonar for forbrytingar gitt i Noreg i 2004 vart vel 14 prosent gitt til kvinner (SSB 2006). Dette, og en gjennomgang av ulike typar forbrytingar, viser at kvinner generelt vert sikta for mindre grove lovbrott enn menn. Likevel har det vore ei klar auke i straffereaksjonar for forbrytingar gitt til kvinner sidan byrjinga av 1980-tallet, då kvinnedelen var under 7 prosent. Denne auka synes å ha flata ut dei siste åra, melder SSB (2006). Ifølgje SSB (2006) er vel 8 prosent av de nyinnsette i fengsla i dag kvinner. Sidan kvinner får noko kortare fengselsstraffar enn menn, er berre i underkant av 6 prosent av dei innsette kvinner.

Kvinnedelen varierar mykje for ulike typar lovbrott. Særleg er talet på kvinner høgt når det kjem til vinningskriminalitet, som simpelt tjuveri og naskeri, noko som særleg gjeld unge kvinner (SSB 2006). Også dokumentfalsk, underslag og bedrageri, samt bruk av narkotika er "typisk" kvinnekriminalitet, men då for noko eldre kvinner (SSB 2006). Generelt ser me i Noreg ein klar tendens til at kvinnedelen blant dei straffa er høgast for dei minst alvorlege lovbrota, noko Andrea F. Balis (2007:320) også ser i USA. Talet på kvinnedelen av dei straffa vert redusert med aukande grad av alvor i lovbrottet, noko som gjeld for tjuveri, narkotikaforbryting og vald, melder SSB (2006). Også for menn viser statistikken høge tal for vinningskriminalitet, men menn sitt kriminalitetsbilette er likevel ulikt kvinner sitt. Typisk mannskriminalitet er, i tillegg til vinningskriminalitet, forbrytingar mot liv, lekam og helse, heleri, skadeverk og usedeleg vandel (Vegheim 2007). Som ei følgje av dette hevdar Vegheim (2007:101) at kjønn, alder og sosial status er dei mest utslagsgivande faktorane i kriminalitetsbiletet.

Det vert av fleire hevda at kvinner ofte gjer kriminelle handlingar i lag med menn, og ikkje i lag med kvinner (Haugsgjerd 1992; Vegheim 1995a). Vegheim (1995a) finn at dei innsette kvinnene ofte nemnar sambuar, ektemann, kjærast, bror eller kamerat som omgangskrets utanfor fengsel og som kriminalitetsmakker. Sjeldan nemner dei kvinner som vener og makkerar. Å identifisere seg med slike "likemenn" kan bidra til at kvinnene opprettheld ei viss form for sjølvkjensle.

SSB (2007) sin statistikk for perioden 2000-2005 viser at fleire menn har tilbakefall (50 prosent) enn kvinner (32 prosent). Talet på tilbakefall vert for menn betydelig redusert med stigande alder, medan talet på tilbakefall for kvinner aukar opp til aldersgruppa 30-39 år, der den er på sitt høgaste med 40 prosent (SSB 2007). Lindeberg (2005 i Justis- og forsvarsdepartementet 2009:62) sin rapport frå Sverige viser at tidlegare straffa kvinner i aldersgruppa 25-44 år som er dømt for vinningskriminalitet har ein tilbakefallsprosent på 81, medan narkotikadømde har eit tilbakefallsprosent på 79.

2.2 Innsette sine levekår

Nils Christie (1975:91) viser med sin skeive pyramide at det er ein seleksjon i straffesystemet. Medan menneske frå alle sosiale lag utfører lovbrøt, aukar talet på registrerte lovbrøt sterkt med søkkjande sosial klasse. Innsette er fattige og ressursvake, slår Christie fast (1975:92). Levekår er mål på velferd, og gjennom å skildre levekår får me innblikk i folk si grad av velferd (Skarðhamar 2002:24). Jo lenger inn i straffesystemet me beveger oss, desto dårlegare er dei straffa stilt på områder som helse, sosiale forhold, busituasjon, utdanning og arbeid (Sandvik 2003:26). Levekårundersøkinga blant innsette utført av Friestad og Skog Hansen (2004b), viser det same, nemleg at ein betydeleg del har problem med sentrale levekårsområde som utdanning, inntekt, bustad og helse. Friestad og Skog Hansen (2004b) finn at mange av dei innsette har problem på fleire områder samtidig, og at det er ein klar samanheng mellom opphoping av levekårproblem og det å ha sitte i fengsel fleire gonger. Nær halvparten av dei som har sona ein fengselsstraff tidlegare, har problem på fire eller fleire av dei seks levekårsområda. Ikkje overraskande aukar graden av marginalisering med tal på problemområde.

2.2.1 Oppvekst

Barn sine oppvekstvilkår spelar ei vesentleg rolle for deira moglegheit til å utvikle ressursar som dei kan bruke i møte med utfordringar seinare i livet (Friestad og Skog Hansen 2004a:24). Ein stabil heim gir ein struktur som mogleggjer kjenslemessig og sosial støtte (Balis 2007:326). Innan kriminologisk teori har oppvekstvilkår vore ein viktig dimensjon i vurderingar av risiko for seinare marginalisering og kriminalitet. Friestad og Skog Hansen (2004a:22) viser til tidlegare forskning som peikar i retning av at det finst samanhengar mellom oppvekstproblem og seinare involvering i kriminalitet (Maruna 2001; Nilsson 2002).

Skarðhamar (2002:29) finn at to av tre i utvalet hans har vakse opp heime hjå foreldre, to av ti har vakse opp hjå einsleg mor eller far, medan 8,5 prosent har vakse opp andre stader enn hjå foreldra sine. Når ein tek med dei som delvis har vakse opp andre stader enn hjå foreldre, aukar denne gruppa til om lag 15 prosent. Dette gir ein stor del som har opplevd ein uroleg barndom med ustabile haldepunkt til vaksne, og då særleg foreldre, meiner Skarðhamar (2002:29). Friestad og Skog Hansen (2004a:26) har nokså like resultat som Skarðhamar når det gjeld kven dei innsette vaks opp saman med, sjølv om delen i Skarðhamar sitt utval som hadde vakse opp andre stadar enn hjå foreldre var noko høgare. Skarðhamar sine funn tydar på at det er langt fleire blant innsette enn elles i befolkninga som har ei oppveksthistorie med problem av slik art at barnevernet har vore inne i biletet.

Ifølgje Skarðhamar har det vore ein utbreidd tanke i kriminologien om at lovbrytarar har hatt langt vanskelegare oppvekstkår enn folk flest, der trekk som alkoholmisbruk blant foreldre, dårleg økonomi og institusjonsopphald særleg går igjen. Skarðhamar (2002:30) finn at ein tredjedel vaks opp med foreldre med alkohol- eller anna misbruksproblem, at ein tredjedel har hatt det vanskeleg økonomisk under oppveksten, og at omtrent halvparten har opplevd alvorlege motsetnader i heimen under oppveksten.

2.2.2 Utdanning

I 2004 hadde innsette i norske fengsel om lag det same utdanningsnivået som innbyggjarane i landet hadde i 1980, skriv Terje Manger og Torfinn Langelid (2004:47). I den svenske undersøkinga om innsette sine levekår utført av Nilsson og Tham (1999:26) finn dei at 15 prosent av utvalet ikkje har avslutta obligatorisk skulegang. Skarðhamar (2002:37) finn ein gjennomgåande trend som viser at innsette har vesentleg lågare utdanningsnivå enn befolkninga elles. Både Skarðhamar (2002:37) og Friestad og Skog Hansen (2004a:30) finn i sine levekårundersøking av norske innsette at bortimot halvparten av utvala har grunnskule som høgaste fullførte utdanning. Skarðhamar (2002:39) viser til at det blant befolkninga elles er under tre av ti som har dette som høgaste fullførte utdanningsnivå.

Medan nær ein femdel av dei som sonar i norske fengsel har fullført vidaregåande allmennfag eller gymnas (Manger og Langelid 2004:47), har under ein av ti høgare utdanning (Skarðhamar 2002:37). I befolkninga elles har to av ti høgare utdanning (Skarðhamar

2002:37). Nilsson og Tham (1999) finn ein sterk overrepresentasjon av folk med lite skulegang av dei som faktisk har vorte straffa, og då særleg med fengselsstraff.

2.2.3 Arbeid

Nær sju av ti innsette var utan arbeid på fengslingstidspunktet både i Friestad og Skog Hansen (2004a) og Skarðhamar (2002) sine undersøkingar, og dette er funn som vert støtta av Nilsson og Tham (1999) si svenske levekårundersøking blant innsette. Nilsson og Tham (1999:31) finn at om lag fire av ti av dei innsette var i arbeid den siste månaden før innsetting, men at berre 23 prosent av desse var tilsett i fulltidsstillingar. Skarðhamar (2002:45) finn indikasjonar på at dei som hadde arbeid før innsetting, har eit nokså stabilt forhold til arbeidslivet. Det er langt fleire arbeidslause blant innsette enn blant befolkninga elles. Friestad og Skog Hansen (2004b) finn at arbeidsløyse viser seg å vere eit særleg stort problem blant dei kvinnelege innsette ettersom 30 av til saman 35 kvinner var utan arbeid, eit funn som også av Bureau of Justice Statistics (BJS) (2004 i Balis 2007:320) støttar i USA.

I Skarðhamar (2002:46) si undersøking har to av ti kriminalitet som si hovudinntektskjelde åleine, medan ytterlegare to av ti har kriminalitet som hovudinntektskjelde i kombinasjon med arbeid eller trygdeytningar. Kvinnene har i langt større grad enn mennene svart at deira hovudinntektskjelde både er kriminalitet, trygd og anna hjelp. I Sverige finn Nilsson og Tham (1999:29) at ein tredjedel av dei innsette hadde arbeid som hovudinntektskjelde dei siste tolv månadane før innsetting, medan ein tredjedel levde på ulike trygdeytningar og sosialhjelp.

2.2.4 Rusbruk

Narkotika vert ofte knytt til kriminalitet, ikkje berre fordi det er ulovleg å bruke og selje, men også fordi brukarane vert rekna for å finansiere stoffbruket sitt ved blant anna å utføre vinningskriminalitet og prostitusjon (Skarðhamar 2002:55; Koch 1993:97). Narkotikabrukarar kjem ofte i kontakt med straffeapparatet både på grunn av sin livsstil, og på grunn av samfunnet sine reaksjonar mot narkotikabruk i seg sjølv (Skarðhamar 2002:55). Narkotika er eit nokså nytt lovbrøt, som for alvor skaut fart i 1970-åra (Koch 1993:96). Slagordet "War on Drugs" vart lansert av president Richard Nixon i 1969 (Pedersen 2010:142). Målet bak denne politikken var å kjempe mot det nye narkotikaproblemet med bruk av straffeforfølgjing. Ifølgje Willy Pedersen er dette ei line som Noreg langt på veg har følgd. I dag kallar mange denne

”War on Drugs” for ”War on Women” (Lilly, Cullen og Ball 2007:229; Chesney-Lind 1995 i Bush-Baskette 2004:185). Straffereaksjonar mot narkotikaforbrytingar, som altså er ein typisk ”kvinnekriminalitet”, har auka mest av alle typar straffereaksjonar dei siste ti åra, noko som har bidrege til ei forskyving i kva grupper av forbrytingar som fører til straff (SSB 2008). Frå å utgjere 33 prosent i 1998, var narkotikakriminalitet hovudlovbrot i 41 prosent av alle forbrytingssakene i 2007, melder SSB (2008). Tilsvarande har vinningsforbrytingar gått frå å utgjere 35 prosent i 1998 til 25 prosent i 2007. Balis (2007:321) ser den same tendensen i USA: Den store auka i talet på kvinner som vert arrestert, dømd og fengsla, er, ifølgje Balis, i alle fall delvis ein refleksjon av tøffare narkotikalovgivning og fengslingspraksis.

I Skarðhamar (2002:56) si undersøking kjem det fram at svært mange av respondentane brukte narkotiske stoff i tida før fengsling, det er særleg bruk av cannabis og amfetamin som dominerar. Vidare finn Skarðhamar at fire av ti av dei innsette respondentane har teke narkotiske stoff med sprøyte, og at kvinnene i langt større grad enn mennene har brukt heroin og teke narkotiske stoff med sprøyte, noko ein også finn i USA (Balis 2007:324). Om lag 60 prosent av Skarðhamar (2002:56) sine respondentar fortel at dei brukar illegale stoff jamleg eller oftare. Kvinnene skil seg ut ved at det er ein større del som ikkje, eller tilfeldig brukar illegale stoff, men samstundes finn ein fleire storforbrukarar av illegale stoff blant kvinnene enn blant mennene. Innsette kvinner er tunge narkotikabrukarar i større grad enn innsette menn (Skarðhamar 2002; Friestad og Skog Hansen 2004a; Allen m. fl 2007 i Lilly m. fl. 2007:230; Balis 2007; Morash m. fl. 1998:1 i Radosh 2004:216). Kvinnelege innsette er meir tilbøyelege til å vere avhengige av narkotika, og til å ha gjort lovbroten dei er straffa for under påverknad av narkotika eller alkohol, enn mannlege innsette (Balis 2007:320). Balis (2007:321) viser til ei undersøking utført av BJS (2005) som finn at 52 prosent av dei innsette kvinnene i studien har ei historie av avhenge av ulovlege narkotiske stoff, noko som gjeld for 44 prosent av dei innsette mennene.

Vidare finn både Nilsson og Tham (1999:41) og Skarðhamar (2002:58) at omlag ein av tre drikk seg rusa på alkohol så ofte som meir enn ein gong i veka. Samanlikna med langtidsarbeidsledige og befolkninga elles er rusing på alkohol mest hyppig blant innsette, medan kvinnelege innsette rusar seg sjeldnare på alkohol enn mannelege innsette.

2.2.5 Helse

Om lag halvparten av både Nilsson og Tham (1999:45) og Skarðhamar (2002:60) sine respondentar seier at dei er plaga av langvarig liding, noko som gir innsette om lag dobbel så høg odds som normalbefolkninga for å ha ei varig liding. Blant Skarðhamar (2002:60) sine respondentar seier omtrent kvar tredje at dei har ei alvorleg varig liding, medan det i befolkninga elles berre er ein av ti som seier at dei har ei slik liding. Innsette har altså i større grad varige lidingar, og lidingane er oftare av meir alvorleg karakter enn for befolkninga elles. Det kan vidare sjå ut som at kvinner har slike lidingar i større grad enn menn (Skarðhamar 2002:60; Balis 2007:320). Mange kvinner har fleire helseproblem som heng saman med deira avhenge av narkotika, noko som fører til at både fysiske og psykiske helseproblem vert meir synlege når kvinnene vert stoffrie (Balis 2007:324). Ifølgje Beth E. Richie (2004:235) opplever innsette kvinner ei gjennomgåande betring i helsestatus medan dei er fengsla, samanlikna med helsestatusen dei hadde då dei vart fengsla.

Nesten tre av ti i Friestad og Skog Hansen (2004a:49) sitt utval svarar at dei har psykiske problem, og kvinner ser ut til å vere tyngre belasta med problem enn menn. Ifølgje Teplin, Abram og McClelland (1997 i Balis 2007:323) har kvinnelege innsette fire gonger så høg depresjonsrate som mannlege innsette. Skarðhamar (2002:61) finn at to av fem er plaga av angst av og til, eller ofte, og at om lag ein fjerdedel av respondentane brukar roande lækjemiddel av og til, eller ofte. Dette styrkjar antakinga om at dei innsette er plaga av relativt sterke psykiske plager i langt større grad enn normalbefolkninga.

Balis (2007:320) hevdar at kvinnelege innsette i større grad enn menn har vorte utsett for mishandling av fysisk og/eller seksuell karakter, både som vaksne og som born. Skarðhamar (2002:30) finn at ein av fem har vore utsett for psykisk og fysisk mishandling, og at kvinnene i har vore utsett for psykisk og fysisk mishandling i same grad som mennene. Likeeins som Balis peikar Skarðhamar på at kvinnene i langt større grad enn mennene har vore utsett for seksuell mishandling. Vesely (2004 i Lilly m. fl. 2007:230) finn i si studie frå California, USA, at 57 prosent av dei kvinnelege innsette har vorte fysisk eller seksuelt misbrukt før dei vart fengsla, noko som berre gjeld for 16 prosent av dei mannlege innsette. Misbrukt og forsømde jenter og kvinner har, ifølgje Balis (2007:321), dobbelt så stort sannsyn for å verte arresterte, både som ungdomar og som vaksne, som dei som ikkje har vorte misbrukt. For gutar og menn fører misbruk i mindre grad til framtidige fengslingar enn for jenter og

kvinner. Vidare, skriv Balis (2007:322), er det større sannsyn for at jenter vert misbrukt dersom dei veks opp i fosterheim, enn om dei veks opp med i det minste ein forelder. Jenter har dobbelt så stort sannsyn for å verte misbrukt dersom dei veks opp i ein familie der det er narkotikamisbruk, og tre gonger så stort sannsyn for å verte misbrukt dersom eit familie-medlem er fengsla (Mullings, Marquart og Hartley 2003 i Balis 2007:322). Sten-Erik Clausen og Lars B. Kristofersen (2008 i Helgeland 2009:44) finn i si studie av tidlegare barnevernsklientar ein langt dårlegare livssituasjon for tidlegare barnevernsklientar enn for populasjonen, noko som særleg gir utslag i gjennomføring av vidaregåande skule, bustadsituasjon, mottak av sosiale ytingar, samt fysisk og psykisk helse.

2.2.6 Familieforhold

Varige sosiale relasjonar til familie og vener kan, ifølgje Skarðhamar (2002:66), reknast som ein av mange indikatorar på sosial tilpassing, og er av stor betydning for den enkelte si allmenne velvere. Kvinner under soning er ei gruppe utan stabile, støttande og kjenslemessig betydingsfulle kontaktar, noko som særleg gjeld for dei narkomane (Koch 1993:95). Mange har heilt mista kontakt med foreldre og sysken, eller har vorte utstøytt frå familien. Desse kvinnene har dimed ingen å vende seg til når det oppstår problem, eller dei har behov for støtte. Skarðhamar (2002:72) si undersøking viser at det er over åtte gonger så stor del av innsette som normalbefolkninga som føler seg einsame.

I Skarðhamar (2002:66-67) si undersøking kjem det fram at det er langt fleire som er ugifte blant dei innsette enn blant befolkninga elles, sidan heile 81 prosent av dei innsette er ugifte. Den tilsvarende prosentdelen i Friestad og Skog Hansen (2004a:69) si undersøking er 84. Friestad og Skog Hansen (2004a:69) finn at 15 prosent har kjærast, og at om lag 20 prosent har sambuar. Vidare finn Skarðhamar (2002:69) at om lag halvparten av dei innsette har born. Fleire amerikanske undersøkingar finn at over 80 prosent av dei innsette kvinnene har born (BJS 2000 i Balis 2007:325; Allen, Latessa Ponder og Simonson 2007 i Lilly m. fl. 2007:229; Bush-Baskette 2004:193). Alle desse studiane finn at det er meir vanleg for kvinnelege enn for mannlege innsette å ha born, og at kvinnene ofte er aleinemødrer.

Av dei som har born i Skarðhamar (2002:70) sitt utval, hadde ein tredjedel dagleg kontakt med borna før fengsling, omtrent halvparten hadde kontakt sjeldnare enn kvar veke, medan 35 prosent hadde kontakt sjeldnare enn kvar månad. Friestad og Skog Hansen (2004a:69) finn at

seks av ti foreldre hadde kontakt med borna sine dagleg eller kvar veke før fengsling, men her skjuler det seg ein stor kjønnskilnad. Delen av dei som hadde kontakt med borna ofte, altså dagleg eller kvar veke, er nesten dobbel så høg blant menn som blant kvinner. I den grad det er slik at mødrene i større grad enn fedrane har sitte fengsla før, kan dette, ifølgje Friestad og Skog Hansen (2004a:69), vere ein av grunnane til at dei har hatt mindre kontakt med borna sine. Friestad og Skog Hansen finn i sitt utval ein klar tendens i denne retning: Av dei innsette mødrene som har sitte fengsla før, har halvparten kontakt med borna sine sjeldnare enn månadleg, medan det blant innsette fedrar som har sitte fengsla før er svært få som har månadleg eller sjeldnare kontakt med borna. Sjølv om tala til Friestad og Skog Hansen (2004a:71) er små, kan det sjå ut som at nokre innsette foreldre har meir kontakt med borna sine medan dei sit fengsla enn dei hadde før dei vart fengsla, noko som særleg ser ut til å gjelde for mødrene. For innsette mødrer kan fengslinga medføre ein stabilitet som dei ikkje har på utsida av fengselsmurane.

2.3 Skam

Fengsling kan både forsterke andre problem og fungere som effektiv utstøytingsmekanisme i seg sjølv, til dømes gjennom stigmatiseringsproblem som dei innsette møter etter soning (Haugsgjerd 1992). Vegheim (2007) meiner at norske domfelte kvinner i større grad vert utsette for stigmatisering ved å gjere kriminelle handlingar enn menn, og det same meiner Balis (2007:320) gjeld for amerikanske domfelte kvinner. Det er meir stigmatiserande å sitje fengsla for kvinner enn for menn, noko som ifølgje Balis (2007:325) gjer det vanskelegare for kvinner enn for menn å returnere til samfunnet etter enda straff.

Kvinnelege innsette opplever òg stor grad av skuld og skam ved at dei er straffa, og ved at dei føler seg mislukka i morsrolla (Lindberg 2005 i St. meld. 2009:62; Haugsgjerd 1992:116). Det å bryte lova inneber å bryte med det som vert forventet av kvinner og det som vert sett på som kvinneleg, meiner Anne Berit Sandvik (2003:10). Cesare Lombroso (1835-1909), italiensk lege og professor i rettsmedisin, psykiatri og kriminologi, hevda tidleg på 1900-talet at kvinnelege lovbrytarar er eit maskulint avvik frå det naturlege kvinnelege (Høigård og Snare 1993:9). Endå ser somme på kriminalitet som eit mannsfenomen, og stemplar såleis kvinnelege kriminelle som noko "unaturleg" og som "ukvinnelege" (Lilly m. fl. 2007; Radosh 2004:214). Sandvik peikar på at kvinner såleis ikkje berre bryt med lova, men også med

kvinnerolla, ved at kvinnene går på tvers av normer og forventingar knytt til denne rolla. Omkostningane ved å bryte lova kan såleis hevdast å vere større for kvinner enn menn.

Det vert frå fleire hald peika på at kvinner i fengsel har dårleg sjølvtilitt (Vegheim 1995; Haugsgjerd 1992; Allen m. fl. i Lilly m. fl. 2007:230). Kvinnelege innsette slit ofte med dårleg sjølvbilete som følgje av vanskelege oppvekstvilkår, som til dømes alkoholiserde og valdelege heimar (Justis- og forsvarsdepartementet 2009). Ei amerikansk studie av kvinnelege ungdomsforbrytarar rapporterar at om lag 96 prosent av respondentane slit med dårleg sjølvtilitt (Bloome m. fl. 2002 i Balis 2007:326).

Koch (1993:111-112) hevdar at menn i langt større grad enn kvinner er tilbøyelege til å forklare sin kriminalitet som ei følgje av deira belastande totale situasjon, og fordelar ansvaret mellom seg sjølv og omstendene. Når årsaka til den dårlege situasjonen ligg i personleg svikt, er kjensle av skuld, skam, dårleg sjølvbilete og depresjon ein naturleg reaksjon. Dersom den dårlege situasjonen skuldast manglande moglegheiter, uheldige omstende, eller uoversiktlege sosiale problem, blir indignasjon og sinne retta mot omgjevnadane og strukturane, ei naturleg kjensle og forståing, hevdar Koch (1993:112).

2.3.1 Offer eller gjerningsperson?

Ifølgje Balis (2007:325) har innsette kvinner spesielle behov sidan dei for det meste av tida er ofre for kriminalitet, og ikkje gjerningspersonar. Det faktum at så mange innsette kvinner er ofre er relevant, ikkje berre for kvinnene sjølve, men for samfunnet som heilskap (Greene, Haney og Hurtado 2005 i Balis 2007:329). Greene m. fl. (2005 i Balis 2007:329) peikar på at mange innsette kvinner har rusproblem, at dei har vore arrestert før, at dei har hatt ein ustabil oppvekst, at dei har flytta mange gonger, at dei har vorte misbrukt eller vore vitne til misbruk i heimen, at dei har vakse opp med foreldre med rusproblem, at dei har vorte oppseda utan foreldre som har beskytta dei, og at dei veit at deira eigne born vert oppseda på den same måten. Meda Chesney-Lind og Noelie Rodriguez (2004:297) finn i sine djupneintervju av 16 innsette kvinner i Hawaii, USA, at kvinnene har biografiar som omhandlar utsetjing for vald og seksuell mishandling tidleg i livet. Bakgrunnane til kvinnene sine viser eit forhold mellom offergjering og involvering i rettssystemet som, ifølgje Chesney-Lind og Rodriguez, kan utgjere ein systematisk kriminaliseringsprosess som er unik for kvinner.

Yasmina Katsulis og Kim M. Blankenship (2008:89) viser til at fleire har peika på at det er ein samanheng mellom gjenteken offergjering av kvinner og deira avhenge av rus (McElrath m. fl. 1997; Sung-Yeon m. fl. 2002; Brems m. fl. 2004; Becker og Grilo 2006; Hyman m. fl. 2006). Katsulis og Blankenship (2008:93) peikar på at ein tilpassing til ei slik offerrolle mellom anna kan beskytte kvinner frå angrep på deira moralske karakter i ein sosial samanheng. Tilpassing til ei offerrolle kan også verte brukt for å oppnå tilgang til knappe ressursar i hjelpeapparat, og det kan bidra til å overtude ein domar om å gi ei mildare straff. Katsulis og Blankenship (2008:93) meiner at det er eit utbreidd syn på kvinner som offer, og at kvinner lettare vert sett på som offer enn menn som er i same situasjon. Dette er ideen bak det Anderson (2008) kallar det patologiske og maktesløyse perspektivet. Tilpassing til dette synspunktet kan ha individuelle gode, men det kan også vere farleg i den grad det forsterkar ideen om kvinner som passive ofre på alle livsområde, og som såleis stengjer døra til handlekraft og potensialet for signifikant meningsfull endring. Katsulis og Blankenship (2008:93) meiner at eit alternativ kan vere å sjå på deling av slike historier nettopp som eit uttrykk for handlekraft, og som ei rolle som er sett i verk med ei hensikt. Katsulis og Blankenship påpeikar at dei ikkje meiner at historiene ikkje er autentiske, men at ein kan sjå på dei som ein måte å byggje sosial kapital for ei bestemt hensikt.

Oppsummering

I dette kapitlet har eg drege fram tidlegare forskning som eg ser relevant for oppgåva sitt tema. Eg har vist at sidan kvinner får noko kortare fengselsstraffar enn menn, er berre i underkant av 6 prosent av dei innsette i Noreg i dag kvinner, og at vinning, narkotika, dokumentfalsk, underslag og bedrageri er typisk kvinnekriminalitet. Som det kjem fram frå dei ulike kvantitative og kvalitative undersøkingane frå inn- og utland, har innsette kvinner fleire fellestrekk, som vanskeleg oppvekstvilkår, lite utdanning, lite arbeidserfaring, rusmisbruk og helseplager. I tillegg kjem det fram at fleire kvinnelege enn mannlege innsette har born, og at fleire kvinnelege enn mannlege innsette har vorte utsett for fysisk og/eller seksuell mishandling. I kapittel 6 og 7 vil eg sjå kvinnene sine historier i lys av denne tidlegare forskinga.

3. Vitskapsteoretiske perspektiv

Eg vil no gi ein presentasjon av narrativ analyse sidan eg delvis vil nytte meg av ei narrativ tilnærming i presentasjonen av dei åtte kvinnene sine historier. Fyrst i dette kapittelet gir eg ein introduksjon av narrativ analyse og form, før eg går vidare inn på trekk som tid og kausalitet, evaluering og meining, og publikum og sosial kontekst. På slutten av kapittelet oppsummerar eg kva trekk ved narrativ form og analyse som eg vil ta med meg vidare inn i presentasjonen og analysinga av kvinnene sine historier i kapittel 6, 7 og 8.

Narrativ analyse er både eit teoretisk og metodisk rammeverk som ofte vert nytta innanfor sosialkonstruktivistiske tankeretningar. Med narrativ analyse har ein blick for korleis historiene om sjølv vert fortalt. Det er altså ikkje personen som ho eigentleg er, men korleis ho fortel om seg sjølv som er i fokus. Omgrepa som me brukar for å skildre oss sjølve og andre, er knytt opp mot større historier som eksisterar i samfunnet, som til dømes skuld og skam, offer eller gjerningsperson. Me vert forma av det me kan kalle alminnelege oppfatningar. Kulturelle konvensjonar vil såleis ha innverknad på korleis me formar forteljingane våre.

Medan naturalistar sitt syn er at den sosiale verda på ein måte er "der ute", som ein ekstern realitet tilgjengeleg til å verte observert og skildra av forskarar, er konstruktivistar sitt syn at den sosiale verda konstant er under danning og forandring, og legg difor vekt på å forstå produksjonen av den sosiale verda, hevdar Elliott (2005:18). Konstruktivismen oppfattar kunnskap som konstruert av dei som deltek i bestemte sosiale samanhengar (Thagaard 2009:43), altså kvinnene og eg.

3.1 Narrativ analyse

Omgrepet "narrativ" ber mange meiningar og vert brukt på mange ulike måtar av mange ulike disiplinar, men det vert ofte brukt synonymt med omgrepet "historie" eller "forteljing", forklarar Catherine Kohler Riessman (2008:3). Historieforteljing er det me gjer med forskingsmaterialet vårt, og det informantar gjer med oss, hevdar Riessman (1993:1). Historiemetaforen framhevar at me skaper orden, og konstruerer tekstar i bestemte samanhengar. Narrativ analyse, altså analyse av historieforteljingar, tek historia sjølv som sitt forskingsobjekt. Formålet er å sjå korleis informantane skaper orden i straumen av erfaringar

for å skape meining ut av hendingar og handlingar i sine liv (Riessman 1993:2). Individ konstruerer fortidige hendingar og handlingar i personlege narrativ for å hevde og etablere identitet, og for å konstruere ein livssamanheng. Personlege narrativ kan verte sett på som prat organisert rundt betydelege hendingar (Riessman 1993:3). Informantar fortel gjerne om spesielle hendingar i liva sine, ofte der det har vore brot mellom det ideelle og det reelle, mellom sjølvvet og samfunnet.

Ifølgje Jane Elliott (2005:3) kan eit narrativ verte forstått som å organisere ein sekvens av hendingar til å verte ein heilskap slik at betydinga til kvar hending kan verte forstått gjennom relasjonen den står i til heilskapen. På denne måten ber eit narrativ meininga til hendingane. Hinchman og Hinchman skriv at "Narratives (stories) in the human sciences should be defined provisionally as discourses with a clear sequential order that connect events in a meaningful way for a definite audience and thus offer insights about the world and/or people's experiences of it" (1997:xvi i Elliott 2005:3).

Elliott (2005:4) meiner at Hinchman og Hinchman sin definisjon framhevar hovudtrekka til narrativ: For det fyrste det er dei er kronologiske i den forstand at dei representerar sekvensar av hendingar, for det andre at dei er meningsfulle, og for det tredje at dei er sosiale i den forstand at dei er konstruert og retta mot bestemte tilhøyrarar. Det er desse hovudtrekka som underbyggjer rolla som narrativitet spelar for sosiologien. For det fyrste er det sosiologar imellom ei aukande anerkjenning av betydinga av tidsdimensjonen for forståinga av det innbyrdes forholdet mellom individuelle liv og sosiale kontekstar. For det andre er det ein lang humanistisk tradisjon innanfor sosiologi som vektlegg betydinga av å søkje å forstå meininga bak åtferd og erfaringar frå dei involverte individa sitt perspektiv. For det tredje er det klart at sosiologisk forskning vert gjort innanfor ein sosial kontekst. I den siste tida har det vore eit aukande medvit om at forskaren si rolle ikkje berre er å samle inn, men også å hjelpe informantane til å konstruere biografisk informasjon.

Mange fagretningar har etterkvart nytta seg av narrativ i forskning, Riessman (1993) kallar studiet av narrativ for i seg sjølv tverrfagleg. Elliott (2005:6) ser nokre felles motiv for å studere narrativ. For det fyrste er det ei interesse for menneske sine livserfaringar, og ei verdsetting av den tidslege karakteren til den erfaringa. For det andre er det eit ynskje om å yte rettferd mot informantane og tillate dei å bidra til å avgjere kva som er dei mest framtrekande tema i eit forskingsområde. For det tredje er det ei interesse for prosess og

endring over tid. For det fjerde er det ei interesse for sjølvvet og framstillinga av sjølvvet, og for det femte er det eit medvit om at også forskaren sjølv er ein forteljar.

3.2 Narrativ form

Elliott framhevar at det nyttige ved Hinchman og Hinchman sin definisjon av eit narrativ, er at den viser oss dei tidsmessige, meiningsfulle, og sosiale aspekta ved eit narrativ. Under følgjer ein noko meir detaljert diskusjon av nokre av dei definerande elementa ved eit narrativ.

3.2.1 Tid og kausalitet

Fleire har peika på at Aristoteles (384 f. Kr.-322 f. Kr.) gir oss den enklaste definisjonen av eit narrativ (Riessman 1993; Elliott 2005:7). I "Poetikken" (2008:kap 7) definerar Aristoteles eit narrativ som ei historie med ei byrjing, eit midtparti, og ein slutt.

Det tidsmessige er i følgje Elliott vidt akseptert som ein hovudeigenskap ved narrativ form (1993:7). Labov og Waletzky hevdar at narrativ gir ein metode for å oppsummere tidlegare erfaringar ved å tilpasse ein verbal sekvens av setningar til sekvensen av hendingar som faktisk intraff (1967:12 i Elliott 1993:7). Det er altså denne plasseringa av hendingar i ein sekvens som av mange vert sett på som ein hovudeigenskap ved narrativ.

Omgrepet plot er nært knytt til dei tidsmessige kvalitetane ved eit narrativ (Elliott 2005:7). Plott varierar i type som tragedie, komedie, romanse, satire. Forteljarar auser deira ordinære liv inn i desse erketyriske formene (Riessman 1993:19). Eit karakteristisk trekk ved narrativ er at omordninga av hendingar innan eit narrativ resulterer i ei meiningsendring (Elliott 2005:7). Ifølgje Elliott (2005:7) avheng historier av antakinga om at tid har ei lineær retning som går frå fortid til notid til framtid. Såleis relaterar ei historie sitt plott hendingar til kvarandre ved å lenkje eit tidlegare val eller hending til ei påfølgjande hending. Ei historie involverar vanlegvis ei endring i situasjonar, og såleis forstyrrar hendingar vanlegvis ei byrjande form for balanse, eller framstiller ei endring i hovudpersonen si skjebne. Av denne grunn kan plottet seiast å vere forma av ein kombinasjon av tidsrekkjefølgje og kausalitet. Sjølv utan ei eksplisitt kausalkjede mellom hendingane i eit narrativ vil lesarane tendere mot å lese kausalitet inn i ein sekvens av hendingar omordna som eit narrativ. Ein kan hevde at det

er stadige kausalkjeder mellom elementa i eit narrativ, men dette tyder ikkje at eit narrativ og ei kausalforklaring er det same, men heller ikkje det motsette av kvarandre (Elliott 2005:8). Medan ei kausalforklaring foreslår at ei bestemt hending alltid vil verte følgd av eit naudsynt utfall, kan narrativ vise korleis ei bestemt hending følgjer ei anna ved eit bestemt forhold.

3.2.2 Evaluering og meining

Riessman (1993:18) hevdar at Labov og Waletzky si strukturelle tilnærming er paradigmatisk i den forstand at dei fleste forskarar siterar den, nyttar seg av den, eller brukar den som eit utgangspunkt. Labov og Waletzky si tilnærming inneber at fullt forma narrativ har seks separate element ved seg. Eit fullt forma narrativ inneheld eit samandrag (av substansen i narrativet), ei orientering (tid, stad, kva, kven), ei kompliserande hending (sekvens av hendingar/kva som eigentleg skjedde), ei evaluering (meininga og signifikansen til hendinga), ei løysing (kva skjedde til slutt), og til slutt ei avslutting som snur perspektivet tilbake til notida (Labov og Waletzky 1997:13 i Elliott 2005:9; Riessman 1993:18). Med desse strukturane konstruerar forteljaren ei historie om tidlegare erfaringar, og skaper meining av desse erfaringane både for forteljaren og for publikum (Elliott 2005:9). Ikkje alle narrativ treng nødvendigvis å innehalde alle desse seks elementa, men som eit minimum må det inkludere ei kompliserande hending, altså ein tidskomponent, og ei evaluering, som er naudsynt for å etablere meininga til historia. Labov og Waletzky føresler at evalueringa vanlegvis er plassert mellom den kompliserande hendinga og løysinga, medan andre hevdar at ein forteljar kan kommunisere evalueringa element meir implisitt. Det kan også hevdast at sjølve forteljinga av eit narrativ representerar ei evalueringa handling (Elliott 2005:9). Evalueringa av eit narrativ krev altså samarbeid mellom informant og publikum. Nokre vil med andre ord skulde Labov og Waletzky si strukturelle tilnærming til narrativ for å vere for rigid.

3.2.3 Publikum og sosial kontekst

I følgje Elliott (2005:10) har mange forskarar understreka rolla som konteksten spelar for forteljinga av eit narrativ, og forskaren si rolle i konstrueringa av dette narrativet. Forskingsmetodisk har det altså vorte via større merksemd kring rolla som ein forskar har som medkonstruktør, og ikkje berre som innsamlar av biografisk informasjon frå intervjupersonar. Narrativ analyse, som ikkje berre er ein metode, handlar om korleis hovudpersonar tolkar

ting, og me som forskarar kan gå systematisk til verks ved å tolke deira tolkingar (Bruner 1990:51 i Riessman 1993:5).

Eg kan ikkje gje stemme til dei innsette kvinnene, men eg kan høyre stemmene deira som eg har teke opp på band og fortolke dei (Riessman 1993:8). Forskarar har ikkje direkte tilgang til andre sine erfaringar, men forhold seg til ein uklar representasjon av dei. Det går ikkje an å vere nøytral og objektiv, og seie at ein berre representerer objektive fakta ved verda.

3.2.4 Tid og mening

Dei tre hovudtrekka ved eit narrativ, det at dei har ein tidsdimensjon, at dei er meningsfulle, og at dei i seg sjølv er sosiale sidan dei er produsert for eit spesifikt publikum, kan ikkje verte sett på som uavhengige av kvarandre. Til dømes avheng eit narrativ si mening av den sosiale konteksten det vart produsert i (Elliott 2005:11). Spesielt er det viktig å vere klar over lenkja mellom den tidsmessige og den meningsfulle dimensjonen i narrativ. For det fyrste kan innordninga av hendingar føre til ei bestemt lesing av deira mening i relasjon til kvarandre. Dette handlar om at me les kausalitet inn i historier ved at me forventar at ei hending fører til den neste. Dette betyr ikkje at hendingar konstant vil vere lenkja saman i alle situasjonar, men at hendingar kan lesast som avhengig av tidlegare hendingar i ein bestemt kontekst. For det andre kan den tidsdimensjonen ved eit narrativ verte forstått som fundamental for etableringa av meninga til hendingar. Dette er grunna i måten narrativ innfører byrjingar, midtparti og avsluttingar i noko som meir opphavleg kunne verte forstått som ein kontinuerleg straum av hendingar. Avsluttingar er avgjerande sidan dei avgjer meninga til handlingar og hendingar innan eit narrativ. Publikum er ikkje berre interessert i kva som så hender, men også kva dette fører til, og kva det betyr. Narrativ pålegg difor mening til hendingar og erfaringar ikkje berre når ein eksplisitt evaluering av desse hendingane og erfaringane vert gitt, men også ved å strukturere dei til å verte ei historie med ein start, eit midtparti og ein slutt. Eit historisk narrativ kan såleis aldri verte skikkeleg avslutta sidan det alltid er ein moglegheit for at framtidige hendingar kan endre fortolkinga av meninga til tidlegare hendingar (Elliott 2005:12).

3.2.5 Fyrstetrinns- og andretrinnsnarrativ

Fyrstetrinnsnarrativ er historier som individ fortel om seg sjølv og sine egne erfaringar (Elliott 2005:12-13). Slike narrativ oppstår spontant i kvardagslivet under vanleg samhandling. Andretrinnsnarrativ er metodar for å presentere sosial og historisk kunnskap brukt av forskarar. Forskarar konstruerar desse for å gjere meining ut av den sosiale verda og av menneske sine erfaringar. Medan ei interesse for fyrstetrinnsnarrativ kan verte føretrakt for ei bestemt type kvalitativ bevis på eit metodenivå, krev ei interesse for andretrinnsnarrativ eit skifte til metodologinivået, eller til og med epistemologi. Mykje av informasjonen om den sosiale verda som er tilgjengeleg for sosiologar er ofte i ei narrativ form. Når me inkorporerar denne informasjonen i våre analyser er det difor viktig å tenkje på korleis og kvifor den har vorte produsert. Forskarar tek val, har meiningar om kva som er signifikant og kva som er trivielt, avgjer kva som skal inkluderast og kva som skal ekskluderast, og set grenser, eller byrjingar og avsluttingar for deira utreiingar. Forskaren lagar såleis ei metahistorie (Riessman 1993:13). Alle former for framstillingar av erfaringar er, ifølgje Riessman (1993:15), avgrensa portrett. "There is no "view from nowhere", hevdar Nagel (1986 i Riessman 1993:15). Meining er altså flytande og kontekstuell, ikkje fast og universell. Alt me har er tale og tekst som framstiller røynda delvis, selektivt, og ufullstendig.

Oppsummering

Eg vil altså å nytte meg av nokre trekk ved narrativ metode i mi analysing av kvinnene sine historier. Eg held meg til Hinchman og Hinchman sin definisjon av narrativ, som kan oppsummerast i tre trekk. For det fyrste er narrativ kronologiske. Av den grunn la eg opp intervjuguiden min frå å gå frå fortid, til notid, til framtid. Historiene går frå fortid i kapittel 6, med kvinnene sine oppvekstar, til notid i kapittel sju, med kvinnene sine fengselsstraffar. For det andre er narrativ meningsfulle. Eg søker å forstå meininga bak kvinnene si åtferd, og eg vektlegg kvinnene sine erfaringar og let desse få kome fram i teksten. For det tredje er narrativ sosiale. Hadde kvinnene fortalt sine historier til ein annan person, i ein annan samanheng, ville ikkje historiene ha vore identiske med historiene dei fortalte til meg. Kor stort spriket ville ha vore kan ein likevel ikkje seie. Kvinnene fortel sine historier til meg, og eg fortel historiene vidare til lesaren av denne oppgåva ved å konstruere nokre forskingsnarrativ. I kapittel 6 ser eg "negativ overlast", og i kapittel 7 ser eg "negativ utfall" som to fellesnarrativ som kjem ut frå kvinnene sine forteljingar. I kapittel 7 gir eg plass til episodar som står fram som vendepunkt i kvinnene sine forteljingar, sidan ei historie ofte

handlar om betydelege eller spesielle hendingar i hovudpersonen sitt liv, medan eg i kapittel 8 teiknar dei to portretta, ”den gode mor” og ”den gode hjelpar”, som har utspring i kvinnene sine historier.

4. Metodiske refleksjonar

Eg vil undervegs i dette kapittelet søkje å drøfte styrkjer og svakheiter ved mine metodeval. Hovudfokuset i dette kapittelet vil ligge på egne erfaringar gjennom datainnsamlingsprosessen, ved mellom anna å greie ut om planlegging og utføring av intervju. Mot slutten gjer eg greie for etiske refleksjonar, som anonymisering og behandlinga av datamaterialet.

4.1 Førforståing

Min kunnskap om kriminelle kvinner bar stor preg av det eg hadde lese av tidlegare forskning på feltet. Sjølv kjenner eg ingen kvinner som sit, eller har sitte i fengsel. Eg har tidlegare hatt ei interesse for, og skrive om kriminalitet. Dette bakteppet har nok prega prosjektet mitt, og ført til både misoppfatningar og overraskingar. John W. Creswell (2007:208-209) peikar på at det å gjere skildring av datagenerering og kunnskapsproduksjon gjennomsiktige, er ein føresetnad for å sikre studiet sin validitet. Av den grunn vil eg her gi nokre konkrete døme på mi førforståing grunna i mi kunnskap om feltet.

I utgangspunktet ynskja eg å snakke med fengsla kvinner som ein gjerne kallar gjengangarar, altså kvinner som har vore fengsla fleire gonger. Eg gjekk utifrå at ein heller stor del av kvinner i fengsel er gjengangarar, og at dette kom til gjelde for majoriteten av mine informantar. Denne antakinga stemte ikkje. Eg fekk eit utval der berre ei av kvinnene kan kallast ein gjengangar, dei andre sju kvinnene sona si fyrste eller andre fengselsstraff. Vidare antok eg at eg kom til å møte kvinner som sat fengsla på grunna av narkotikaforbrytingar, men då gjerne vinningsforbrytingar gjort i rusa tilstand. Denne antakinga stemte i noko grad, men kvinnene sat i større grad fengsla for narkotikaforbrytingar enn eg hadde trudd. Eg gjekk også utifrå at fleire av kvinnene kom til å vere ganske unge, medan det viste seg at dei åtte kvinnene var mellom om lag 35-50 år gamle.

4.2 Intervju

Mellom ulike måtar å samle inn datamateriell på i ein kvalitativ tilnærming, har intervjuet vorte via stor merksemd (Holter 1996:15). Det kvalitative forskingsintervjuet er ei samtale mellom forskar og informant som vert styrt av dei tema som forskaren ynskjer å få informasjon om (Thagaard 2009:89). Thagaard (2009:12) ser på intervjusamtaler som eit godt utgangspunkt for å få kunnskap om korleis enkeltpersonar opplever og reflekterer over sin

situasjon. Denne form for forskingsintervju gir i større grad enn strukturerte intervju moglegheit for at interaksjonen mellom forskar og informant kjem i fokus og dimed pregar data som intervjuet fører fram til (Thagaard 2009:90). Her er forskaren sjølv det viktigaste verktøyet i forsøket på å få fram og følgje opp informanten sine opplysingar, forteljingar og forståingar om eit gitt tema (Widerberg 2001:16).

4.2.1 Kvifor intervju?

Høigård og Snare (1993:17) hevdar at kvalitative metodar ofte har ein framskoten plass i kvinneforskning og anna forskning gjort om undertrykte grupper. Kvinner sine egne opplevingar av fenomen er, som nemnd i innleiinga, nemleg eit viktig korrektiv til tidlegare forskning gjort med statistikk. David Silverman (2005:238-239) stiller seg derimot kritisk til den rolla intervju som metodisk tilnærming har fått som nærast ein gullstandard innanfor kvalitativ forskning. Å grunngje bruk av intervju som metode med at ein vil få tak i individ sine erfaringar er ikkje godt nok, sidan det ofte er sprik mellom det folk seier og det dei i røynda gjer. Tove Thagaard (2009:61) på si side hevdar at intervjuundersøkingar i særleg grad er ein eigna metode for å få informasjon om korleis informantane opplev og forstår seg sjølv og sine omgjevnader. Sidan det var kvinnene sine forteljingar om egne liv og kriminalitet eg var interessert i, valde eg intervju som metodisk tilnærming.

4.2.2 Validitet

Validitet er knytt til om tolkingane av datamaterialet er gyldige (Thagaard 2009:201). Silverman (2005:210) set likskapsteikn mellom validitet og sanning, noko som kan forklare delar av hans skeptiske haldning til intervju, som nemnd i førre delkapittel. Ved bruk av intervju går ein utifrå at røynda, eller konteksten som folk forhold seg til er stabil, noko Silverman hevdar at den ikkje er (2005:239). Som Elliott (2005:4) peikar på vert sosiologisk forskning gjort innanfor ein sosial kontekst. Informantar kan bruke den narrative forma for å hugse, argumentere, rettferdiggjere, overtyde, engasjere, underhalde, og til og med villeie publikum (Riessman 2008:8). Mine forskingsnarrativ vert difor ikkje å forstå som ei attgiving av objektiv røynd, men som konstruksjonar av bestemte røynder, basert på utvekslingar av ytringar med informantar. Eg medkonstruerar når eg utfører intervju, og etterpå konstruerar eg forskingsnarrativ. Mitt mål er ikkje å generalisere, men å gi eit bilete av kva dei åtte

kvinnene fortel om sine liv, og å kome med forslag til korleis ein kan tolke desse forteljingane.

4.3 Framgangsmåte

Denne delen tek for seg framgangsmåten eg nytta meg av for å få tilgang til feltet. Eg tek også opp informert samtykkje, og kva slags type utval av informantar eg har.

4.3.1 Tilgang

Etter å ha fått prosjektet godkjent av Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD), sendte eg ein søknad om innpass direkte til Bredtveit fengsel, forvarings- og sikringsanstalt. Eg la med ei kort prosjektskisse der eg mellom anna skreiv kva eg var interessert i å snakke med kvinnene om, og at prosjektet var godkjent av NSD, samt informasjonsskriv til dei innsette, og samtykkjeskjema. Etter nokre veker fekk eg svar frå fengselet om at dei innsette hadde vorte informert om prosjektet, men at ingen hadde meldt si interesse. Dette svaret forvirra meg litt sidan eg gjekk ut frå at fengselet fyrst ville godta, eller ikkje godta prosjektet, for så å ta kontakt med meg om korleis eg eventuelt kunne informere dei innsette om prosjektet, og korleis eg eventuelt kunne oppbevare namna på dei interesserte på ein god måte.

Etter å ha motteke dette avslaget reiste eg til Oslo friomsorgskontor med håp om å få nokre tips om korleis eg kunne nå kvinner under soning. Eg fekk vite at den beste måten å gå fram på for å få innpass i fengsel, er å sende søknad til Kriminalomsorga for den aktuelle regionen som eg var interessert i å få innpass i. Brev til Kriminalomsorga region aust vart sendt med søknad om innpass ved Bredtveit fengsel, forvarings- og sikringsanstalt, Ravneberget fengsel og/eller Sandaker overgangsbustad¹. Eg la ved kopi av NSD si prosjektgodkjenning, skriftleg godkjenning av prosjektet frå rettleiaren min, samt intervjuguide², informasjonsskriv til innsette³, og samtykkjeskjema⁴. Etter eit par veker fekk eg innpass både ved Ravneberget og Bredtveit. Same dag ringte eg Ravneberget, og innan veka var omme hadde eg utført seks intervju. Etter endå nokre veker fekk eg kome til B2 og utført to intervju.

¹ Vedlegg 1

² Vedlegg 2

³ Vedlegg 3

⁴ Vedlegg 4

4.3.2 Informert samtykkje

Den nasjonale forskningsetiske komité for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH 2006:13) skriv at ”Som hovedregel skal forskningsprosjekter som inkluderer personer, settes i gang bare etter deltakernes informerte og frie samtykke”. Sidan allereie fyrste informant på Ravneberget bad meg om å fortelje litt om prosjektet mitt, kvifor eg var interessert i temaet, og kvifor eg ville snakke med akkurat ho, tok eg det som eit teikn på at informantane berre hadde fått munnleg informasjon om prosjektet. Av den grunn la eg vekt på å orientere informantane munnleg om prosjektet før me tok til på sjølve intervjuet. Eg informerte om at dei kom til å få nye namn, og at eg ikkje kom til å skrive kvar dei vaks opp, kvar dei bur no, eller andre ting som kan gjere dei gjenkjennelege for oppgåva sine lesarar. Vidare informerte eg om moglegheita informantane har til å trekkje seg frå prosjektet til ei kvar tid, utan å måtte grunngi dette for meg eller tilsette i fengselet.

4.3.3 Utval

Eg informerte dei to fengsla om at det var kvinner på lågt sikkerheitsnivå som hadde vore fengsla før, og som gjerne hadde gjort typisk kvinnekriminalitet, som eg var interessert i å snakke med. Kontaktpersonen min ved Ravneberget sa at dette utelukka dei utanlandske innsette sidan dei alle sona lange fengselsstraffar. Seinare same dag hadde kontaktpersonen min ei liste med seks kvinner som hadde sagt seg villige til å stille til intervju. B2 stilte som føresetnad for innpass at innsette sjølv måtte melde seg som informantar. Etter fleire telefonsamtaler, eit resultat av at eg ikkje hadde nokon oppnemnd kontaktperson, fekk eg vite at to kvinner hadde meldt si interesse for prosjektet. På grunn av kommunikasjonsvanskar tok det fleire veker før me fekk avtalt intervjutidspunkt, noko som førte til at den eine informanten fall frå grunna soningsavbrot. Etter at dette eine intervjuet var utført bad informanten meg på lunsj i lag med dei andre på avdelinga. Eit av samtaleemna ved bordet var prosjektet mitt, og på oppfordring frå informanten min sa ein anna innsett seg villig til å stille til intervju.

Det er såleis eit samansett utval eg har. Dei seks informantane på Ravneberget vart spurt av ein administrativt tilsett om dei kunne tenkje seg å stille opp. Desse kvinnene kan ha følt eit lojalitetskrav overfor den tilsette, og såleis følt at dei måtte stille opp, sjølv om dei kanskje ikkje ville. Kontaktpersonen min sa at ho hadde spurd kvinner med nokså ulike bakgrunnar og historier slik at eg skulle få sjå breidda blant dei innsette. Dette gjer at eg ikkje er spesielt redd

for at eg har skeivheit i utvalet mitt. Den eine informanten på B2 melde sjølv si interesse, medan den andre informanten på B2 vart oppfordra til å melde seg av informanten som allereie hadde vorte intervjuet. Her vart ein snøballmetode altså sett i verk (Thagaard 2009:56). Eg tok berre kontakt med fengselsavdelingar med lågt sikkerheitsnivå sidan eg ynskte å snakka med kvinner som sona for typisk kvinnekriminalitet, og sidan typisk kvinnekriminalitet fører til låge straffer som igjen fører til soning ved avdelingar med lågt sikkerheitsnivå. I denne forstand er utvalet mitt strategisk (Thagaard 2009:55).

4.4 Gjennomføringa

I denne delen vil eg greie ut om intervjuguiden, sjølv gjennomføringa av intervjuet, og erfaringar eg gjorde undervegs. Eg diskuterar også forskarrolla, og mitt forhold til feltet i form av nærheit og avstand.

4.4.1 Intervjuguiden

Ein intervjuguide inneheld dei tema som skal takast opp i intervjuet, samt rekkjefølgja dei skal ha (Kvale 2006:67). Ei fare med intervjuguide er at tidlegare kunnskap og antakingar kan kome til å prege spørsmåla som vert stilt, og ein kan såleis kome til å gå glipp av viktig og ny informasjon (Vegheim 1995a:15). For at intervjuet skulle verte gode sette eg meg på førehand grundig inn i informantens situasjon for å kunne stille spørsmål som er relevante for informanten, slik Thagaard (2009:91) tilrår.

Eg følgde Elliott (2005) sine råd om å gjere spørsmåla mest mogleg opne, og å nytte meg av kvardagsspråk heller enn eit sosiologisk språk i spørsmåla for å gjere dei enkle å skjønne. I tråd med Thagaard (2009:100) sine råd starta eg kvart intervju med nøytrale tema som informantens bakgrunn og utdanning, for så å gå vidare til meir emosjonelt lada tema som rusbruk, fengslingar og kriminalitet, før eg mot slutten tona ned med meir nøytrale tema som arbeid og framtida. Dersom informanten nøla med å svare, utdjupa eg spørsmålet med stikkord. Eg stilte lite detaljerte spørsmål sidan det i større grad kan mogleggjer ei samtaleform enn kva meir detaljerte spørsmål gjer.

4.4.2 Intervjua

Kvinner sonar ofte korte dommar, i tillegg til at dei kan verte overført til andre fengsel, få soningsavbrot, permisjon, verte overført til andre institusjonar, eller verte ferdigsona. Som følgje av slike usikkerheitsmoment reiste eg til Ravneberget to dagar etter at eg fekk informantar. Eg snakka med tre kvinner den eine dagen, og tre kvinner dagen etter.

På Ravneberget vart eg tildelt eit lite, men ganske hyggeleg besøksrom som passa godt for mitt ærend. Me måtte ringe vaktkontoret for å kome i kontakt med tilsette, eller verte låst ut av rommet. På Ravneberget kunne eg kjøpe brus og sjokolade på automat som eg kunne spandere på informantane. På B2 utførte eg intervjuet med den avtalte informanten ein dag, og kom attende for å snakke med den nyerverva informanten dagen etter. På B2 gjekk dei innsette fritt rundt, ingen dører var låst. Besøksrommet var stort og koseleg, og eg følte at eg var på besøk heller enn på "jobb". Stemninga var god, og eg trur informantane likte at dei kunne servere meg kaffi, tilby meg lunsj, og spørje om eg ville vere med ut for å ta ein røyk.

Ifølgje Elliott (2005:32) er nitti minutt ei optimal lengde for eit kvalitativt forskingsintervju. Sidan alle innsette i norske fengsel har aktivitetsplikt gjekk eg ut ifrå at intervjuet kom til å verte tidsavgrensa av praktiske årsaker, og gjekk difor ut ifrå at realistisk tidsbruk per intervju kom til å vere kring ein time. Intervjua gjort i Ravneberget varte mellom 40-70 minutt, medan intervjuet på B2 varte kring 80 minutt. Eg tenkte at kvinnene kunne kome til å setje pris på å få moglegheit til å snakke om seg sjølv og bli lytta til av ein interessert tilhøyrar, som Widerberg (2001:90) peikar på. Eg let difor informantane få god tid til å svare for seg før me gjekk vidare til neste tema. I tillegg lytta eg til Thompson (1978 i Elliott 2005:31) som hevdar at forskarar som held på med munnleg historisk intervjuing, bør unngå å bryte inn ei historie. Dersom ein stoppar ei historie fordi at ein tykkjer at det som vert sagt er irrelevant, kan det hende at ein då ikkje berre set ein stoppar for denne historia, men også for anna informasjon som ville ha kome seinare i historia som kunne ha vist deg å vere relevant.

På førehand tenkte eg igjennom kva slags konsekvensar det kunne få for informanten å stille opp til intervju. Uønska tankeprosessar kunne bli sett i gang, noko eg nødig ville framprovosere. Tema som kan vere for vanskelege for informanten å svare på, kan føre til at ein heller vel å teie enn å tenkje på, og snakke om det, skriv Riessman (1993:3). Det kan også hende at informantane skammar seg over visse hendingar som gjer at dei ikkje vil fortelje om

dei, sjølv om dei ikkje er skuld i desse hendingane (Widerberg 1995:128). Eg bad informantane difor om å seie ifrå dersom eg skulle kome til å ta opp tema som dei ikkje ville snakke om. Ved nokre høve gav kvinnene korte svar, noko eg tolka som at dei ikkje hadde lyst til å utdjupe svaret. Eg dvelte difor ikkje meir ved desse temaa, men gjekk vidare i intervjuet. Dette gjorde eg også for å få intervjusituasjonen til å ikkje virke skremmande. Når intervjuet gjekk mot slutten såg eg over intervjuguiden for å sjå om me hadde dekkja alle tema, og ved nokre høve stilte eg oppklarings spørsmål for å forsikre meg om at eg ikkje hadde misoppfatta noko.

Gitt fokuset som narrative intervju mellom anna har på interaksjonen mellom intervjuar og den intervjuet, er det nyttig å kunne ta intervjuet opp på band (Elliott 2005:33). Ved å gjere nytte av bandopptakar kan intervjuaren gi si fulle merksemd til informanten, heller enn å måtte stoppe opp for å notere. Eg valde å nytte meg av bandopptakar, men likevel ta enkle notat i stikkordsform. Dette gjorde eg for å lette transkriberingsarbeidet, og for å sikre at eg ikkje noko vart misoppfatta dersom opptaka skulle vise seg å vere av dårleg kvalitet, noko som viste seg å vere nyttig. Ei av kvinnene ynskte ikkje at eg nytta meg av opptakar.

4.4.3 Erfaringar

Ein erfaring eg gjorde er at intervju som metodisk tilnærming fører til ein viss fleksibilitet i samhandlinga mellom forskar og informant, som Thagaard (2009:89) har peika på. Eg kunne gi informantane god tid til å svare sidan eg ikkje hadde sett opp så mange tema. Vidare kunne eg stille oppfølgingsspørsmål lausrive frå intervjuguiden når det var noko eg ikkje forstod, eller syntes det ville vere interessant å høyre meir om. To av intervjuet måtte eg styre i større grad enn dei andre ved å bruke intervjuguiden meir aktivt.

Det eine intervjuet på Ravneberget var eit gruppeintervju med to informantar. Dei to informantane uttrykte eit sterkt ynskje om å kome saman, og sidan eg var redd for at dei kunne kome til å trekkje seg dersom dei ikkje fekk kome ilag, godtok eg deira ynskje. Eg sette som føresetnad at eg ville bruke bandopptakar for å klare å skilje dei to informantane frå kvarandre, noko dei godtok. På førehand tenkte eg at dobbeltintervjuet kom til å ta litt tid, men det viste seg å verte det kortaste intervjuet av alle. Ifølgje Brandth (1996:145) er eit gruppeintervju ein forskingsmetode som går ut på at fleire menneske saman diskuterar eit tema med ein forskar som leiar eller ordstyrar. For intervjuet sitt tema var det lite gunstig med

bruk av dobbeltintervju sidan denne forma gjekk dårleg overeins med å få kvinnene til å fortelje om sine liv. Informantane sine svært ulike bakgrunnar gjorde det vanskeleg å ha ei skikkeleg samtale der me alle tre var involvert. Desse problema var eg på forhand klar over at kunne oppstå, og i ettertid ser eg at eg kanskje burde ha insistert ytterlegare på å få intervjuer dei to kvinnene kvar for seg.

4.4.4 Forskarrolla

Eit aspekt ved den personlege kontakta som oppstår i ein intervjusituasjon er at det informantene fortel kan vere prega av relasjonen til forskaren (Thagaard 2009:103). Eg, som forskar, kan såleis ha betydning for dei data eg får. Det kan difor vere nødvendig for forskaren å forhandle fram ei intervjurolle som er hensiktsmessig, og det er viktig å etablere ei god og tillitsfull atmosfære i intervjusituasjonen (Thagaard 2009:98). Det kan tenkjast at det er lettare for ei kvinne å relatere seg til, og snakke med ei kvinne i ein intervjusituasjon, sidan ein kan ha ein slags felles forståing utifrå felles kjønn (Widerberg 2001:92; Thagaard 2009:106). Samstundes har det vorte hevda at kvinner under soning kan føle ein viss avstand til, og føler seg stigmatisert av, kvinner som ikkje er under soning. Eg var klar over at eg kunne kome til å representere ei slik kvinne for informantane. Det at eg er under høgare utdanning, har ein plass å bu, har eit kontrollert forhold til rus, har familie og vener som eg jamleg kan møte, har ein stabil økonomi, og aldri har vore i politiet sitt søkjelys, kan lage ein avstand mellom oss. I tillegg drog eg frå fengselet etter enda intervju, medan informantane må vere igjen. På den andre sida viser eg at eg er interessert i kvinnene og deira situasjon ved å ville høyre deira historier. I mitt møte med informantane opplevde eg verken mitt kjønn, eller min bakgrunn som noko hinder. Fokuset var på dei og deira historier, og ikkje meg og mi historie. Ingen av informantane via merksemd til min bakgrunn, men nokre lurte på kvifor eg var interessert i temaet kvinner under soning.

For å få informantane til å fortelje mest mogleg samanhengande valde eg å gi dei oppmuntrande og bekreftande tilbakemeldingar, også kalla "prober" (Rubin og Rubin 2005 i Thagaard 2009:91), i staden for å bryte inn i informantane sine forteljingar for å stille kritiske oppfølgingsspørsmål. Eg valde såleis å spele på lag med informantane på grunn av oppgåva si problemstilling, sjølv om eg kanskje hadde ein anna mening om temaet enn dei.

På Ravneberget spelte ting som kjøkeneneste og lunsj inn på tidsavgrensinga av intervjuet. På B2 hadde informantane sett av tid til intervju i dagsplanane sine, og hadde dimed vald vekk andre aktivitetar til fordel for intervjuet. Dette førte til at forholdet mellom dei, som informantar, og meg, som intervjuar, følte meir likeverdig. Ein anna ting som spelte inn på maktbalansen i intervjusituasjonen var aldersskilnaden mellom meg og informantane. Alle informantane var eldre enn meg, noko som kan ha gjort maktbalansen mellom oss mindre skeiv, sidan det på ein måte følte rett at eg som student var yngre enn informantane.

4.4.5 Nærheit og avstand

Dag Album (1996:241) skriv: "En forsker som ikke kommer nær nok, vil ikke kunne forstå de utforskede verden. En forsker som ikke kommer fjernt nok fra dem, vil ikke kunne klare å oppdage og sette ord på det selvfølgelige, heller ikke å løfte analysen fra det trivielle". Mitt utgangspunkt var at eg heller var for fjern feltet enn for nær.

Ragnvald Kalleberg (1996:39) oppfordrar forskarar om å grave der dei står ved å utforske sentrale tema som dei sjølv har hatt erfaring med. Når forskaren ikkje kan basere seg på egne erfaringar, er det ein utfordring å forstå situasjonar som i utgangspunktet er framande, skriv Thagaard (2009:203). Mi manglande personlege erfaring frå feltet kan også ha bidrege til at informantane følte seg meir tilpass i intervjusituasjonen der dei inntok ei slags ekspertrolle, medan eg var ein interessert tilhøyrar. Samstundes var det fleire ting som vart sagt under intervju som eg ikkje forstod, og såleis måtte spørje meir om. Slike episodar kan sjølv sagt ha ført til at informantane følte at eg kom dårleg førebudd til intervjuet.

4.5 Etiske refleksjonar

Til slutt vil eg sjå på etiske omsyn som anonymisering av informantane, transkribering av intervjuet, og tolking og analyse av datamaterialet.

4.5.1 Anonymisering

Å intervju kvinner bak lås og slå er å gripe inn i livet til menneske i ein vanskeleg og sårbar situasjon. Dei er få, og det trugar deira anonymitet å vere med i eit forskingsopplegg (Vegheim 1995a). Spørsmål om å ivareta informantane sin anonymitet har spesiell relevans i

studiar av kriminelle miljø (Thagaard 2009:27). Thagaard hevdar at noko av det som gjer informantar frå kriminelle miljø spesielle, er at den tilliten som informantane viser forskaren, er basert på at dei kan stole på at forskaren ikkje vidareformidlar sensitiv informasjon vidare til politiet.

Kvinnene vil nok kunne kjenne seg igjen i oppgåva, men eg meiner å ha sikra at ikkje andre kan det. Sidan både Ravneberget og Bredtveit er nokså små anstaltar, er det vanskeleg å halde intervjuet skjult for innsette som ikkje deltek i intervjuinga. Det virka som at nesten alle informantane i Ravneberget visste om kven andre som hadde stilt til intervju. Ved fleire høve refererte informantar til andre informantar, ”ho som var her inne før meg”, og ”ho som kjem etter meg”.

Informantane sine nye namn har eg gitt til kvinnene på bakgrunn av Statistisk sentralbyrå (SSB) si oversikt over mykje brukte namn på den tid desse kvinnene vart fødd.

4.5.2 Frå tale til tekst

Transkripsjon inneber oversetting frå eit munnleg språk, som har sine reglar, til eit skriftleg språk, som har heilt andre reglar (Kvale 2006:104). Då eg transkriberte intervjuet skreiv eg dei ned ordrett med mellom anna slenguttrykk og latter. Som Steinar Kvale (2006:106) nemner kan det å publisere usamanhengande, repeterande, ordrette intervjutranskripsjonar føre til ein uetisk stigmatisering av bestemte personar eller grupper. Eg har likevel vald å ikkje kutte vekk slike uttrykk, sjølv om eg ikkje ser på dei som direkte meiningsberande. Dette gjer eg for å ikkje endre på måten informantane framstiller seg sjølve.

Sidan eg skriv på nynorsk, har eg vald å transkribere på nynorsk. Dette valet tok eg for å unngå å lage eit kunstig skilje mellom meg som intervjuar og nynorskbrukar, og dei som informantar og bokmålsbrukarar. Informantane mine kom ifrå ulike delar av landet, nokre hadde såleis ei bokmålsnær dialekt, medan andre hadde ei nynorsknær dialekt. Eg meiner verken at eg har skriva om setningsinnhaldet, eller gått glipp av informasjon ved å transkribere intervjuet på nynorsk.

4.5.3 Tolking og analyse

Eg vel altså å nytte meg av intervju som datainnsamlingsmetode, og sidan det er kvinnene sine forteljingar om sine liv som eg er interessert i, nyttar eg meg av ei narrativ tilnærming for å analysere datamaterialet. Ved å mellom anna bruke ein intervjuguide med få og opne spørsmål, og ved å gi kvinnene høve til å fortelje utan at eg som forskar bryt inn i deira forteljingar, opnar eg for moglegheita for å sjå på kvinnene sine forteljingar nettopp som forteljingar, eller narrativ. Ein meir strukturert form for intervju ville ha vanskeleggjort dette. I analysen av kvinnene sine historier gir eg difor stor plass til kvinnene sine forteljingar.

5. Teoretiske perspektiv

I dette kapittelet vil eg introdusere den tyske sosialfilosofen Axel Honneth sin teori om anerkjenning. For at menneske skal kunne realisere seg sjølv treng menneske å ivareta livet sitt i kraft av anerkjenninga sine tre aspekt; kjærleik, rettar og solidaritet, meiner Honneth. For å realisere seg sjølv treng ein å verte anerkjend. Eg meiner at Honneth sine arbeid kan vere med å gje ei meir grunnleggande forståing av dei innsette kvinnene sin situasjon, og eg vil her presentere nokre hovudtrekk ved hans tenking, som eg i kapittel 8 kjem til å nytte i kombinasjon med funna mine.

I den andre delen av dette kapittelet trekk eg inn nokre teoretiske bidrag om kjønna forventingar som vert stilt til kvinner. Desse bidraga fokuserar på forventingar som spesielt vert stilt til kvinner, som det å vere andre-, familie-, og omsorgsrelatert. Det eg søker å vise ved å bruke desse teoretiske bidraga, er at kvinner har ein moglegheit til å oppnå anerkjenning også gjennom det å vere ei god mor. Dersom mødrer ikkje klarar å utføre rolla som den gode mor, mistar dei foreldreansvaret for borna sine, og står såleis att med endå ein mindre arena som dei kan oppnå anerkjenning på. Ved å ikkje kunne gje borna sine ein god oppvekst, står kvinner igjen som kanskje endå meir rådville enn menn, sidan det å gi omsorg er ei kjønna forventing som spesielt vert stilt til kvinner.

5.1 Anerkjenning

Honneth er ein del av Frankfurterskulen, som er ein sosialfilosofisk tradisjon som tek mål av seg å samanreflektere empiriske, normative og kritiske aspekt på ei og same tid (Lysaker 2007:182). Kritisk teori søker å løyse to problem samstundes. Det eine er spørsmålet om meining, og med dette meiner ein mennesket sitt behov for å ha noko å leve *for*, og mennesket sin moglegheit for å avdekkje slik meining i livet. Det andre er spørsmålet om rettferd, som vil seie mennesket sitt behov for av ha noko å leve *av*, og moglegheita for å realisere eit samfunn som tek vare på alle samfunnsmedlem sine grunnleggande materielle behov. Dimed er den kritiske teorien si opphavlege innsikt både av eksistensiell og moralsk art (Lysaker 2007:182).

Honneth er særleg oppteken av anerkjenning som ei forlenging av tanken til G.W.F Hegel (1770-1831), som hevdar at mennesket er eit sosialt vesen, som dimed er avhengig av andre

(Åndens fenomenologi 2007; Rettsfilosofien 2006). Anerkjenning er den gjensidig relasjonelle mogleghetsføresetnaden for sjølvrealisering, som resulterer i at den individuelle viljen kan erfare seg sjølv som ein vital subjektivitet (Lysaker 2007:187). Honneth hevdar at menneskelivet og samfunnslivet er prega av sosiale konflikhtar, og at slike konflikhtar også har ei positiv side sidan dei er med på å avdekkje sosiale patologiar som offentlegheita elles ikkje er i stand til å finne fram til. Vidare hevdar Honneth at me på trass av slik konflikt er i stand til å handle moralsk, noko som mogleggjer realiseringa av ei moralsk samfunnsorden. Her legg Honneth vekt på det han kallar moralen sin grammatikk, som er evna me menneske har til å "oversetje" mellom erfaringa av å verte krenka og formuleringa av normative krav om samfunnsending (Lysaker 2007:187).

I sitt arbeid om anerkjenning er Honneth særleg oppteken av sjølvrealisering, og moglegheita for sjølvrealisering i det moderne samfunn (Lysaker 2007:189). Ifølgje Honneth (2008:103) er det nærliggande å skilje mellom former for sosial integrasjon ut frå kor vidt dei vert etablert gjennom emosjonelle bindingar, tildeling av rettar, eller ein felles orientering mot verdiar. Anerkjenninga sine tre former utgjer dei kommunikative føresetnadane for ein vellukka danning av personlegdom, og vert utvikla etter kvarandre gjennom intersubjektive anerkjenningsprosessar (Jakobsen 2009). Fyrst og fremst handlar anerkjenning om kjærleik, nemleg menneske sine felles og ufråvikelege behov for å elske og å bli elska. For det andre handlar anerkjenning om rettar, og individet sin status av å vere eit moralsk tilrekneleg samfunnsmedlem. For det tredje handlar anerkjenning om sosial verdsetting av eigne prestasjonar og evner, og om å bli inkludert i eit verdifelleskap.

Medan primærrelasjonane, altså kjærleik og venskap, er noko som finst i alle type samfunn, er dei to andre formene for anerkjenning, rettsforhold og verdifelleskapet, historiske, det vil seie at dei er karakteristiske for moderne, demokratiske rettssamfunn. I slike samfunn vert menneske anerkjende både som kjensle- og behovsvesen i den private sfære, som autonome og prinsipielt likestilte rettspersonar og, typisk gjennom eit bestemt arbeid, som bidragsytarar til eit verdifelleskap, det vil seie eit samfunn (Jakobsen 2009:17).

Samstundes som me i dag har fleire fridomar enn det førmoderne menneske, hevdar Honneth at denne fridomen stiller oss i nokre bestemte, forpliktande relasjonar til kvarandre (Jakobsen 2009:18). Såleis vert Honneth sin anerkjenningsteori normativ, ettersom dei tre anerkjenningsformene krev tre normative innstillingar, nemleg omsorg (i intimsfæren),

respekt (i den rettslege sfæren) og solidaritet (i verdifellesskapet). Omsorga rettar seg mot den konkrete andre som kjensle- og behovsvesen, respekten mot den andre si prinsipielle likeverd som rettsperson, og solidariteten mot den andre sin verdi for fellesskapet. Det som gjer desse formene for anerkjenning til normativitet er at ein ikkje kan krevje dei utan å gi dei, noko Honneth kallar tvangen til resiprositet. Som allereie Hegel viste i dialektikken mellom ”herre og trell” (2007:kap 4), er berre anerkjenninga verdifull dersom den vert framsett av nokon som ein sjølv anerkjenner.

Honneth påstår at dei tre formene for sjølvforhold, altså sjølvtilitt, sjølvvaktning og sjølvverdssetjing, til saman utgjer dei nødvendige minimumsføresetnadane for det som vert kalla for ”det gode liv” eller ”vellukka sjølvrealisering” i den filosofiske tradisjonen (Jakobsen 2009:19). Honneth ser at det er mange haldningar til kva det gode liv er, men han meiner ikkje at sosialfilosofien har forbod mot å leggje fram ein formal eller tynn teori om det gode liv, altså ein teori som ikkje krenkar pluraliteten av livsformer. Som eit bidrag til ein slik teori kan Honneth bidra med sine tankar om fridom. Honneth meiner at moderniteten sin fridom i stor grad er ”negativ”, altså ein ytre fridom frå tradisjonelle band og forpliktingar. For Honneth er ikkje ein slik negativ fridom nok for å sikre ein sunn og vellukka danning av personlegdom, dette krev også fridom i ein anna og meir ”positiv” forstand, nemleg fridom til å kunne artikulere og forfølge sjølvvalde livsmål (Jakobsen 2009:19). Ein slik utvungen sjølvstikkerheit i praktisk livsførsel handlar ikkje om fridom frå ytre tvang, men om indre fridom, altså fridom frå indre blokkeringar, psykiske hemningar og angst. Indre fridom krev altså ein vellukka ontogenetisk danningsspross der individet gradvis lærer å inngå i det sosiale livet sine ulike kommunikative fridomssfærar. Det er i desse sfærane at me utviklar positive, livsdugelege sjølvforhold i anerkjennande samspel med andre.

Honneth byggjer på Hegel sin idé om at full menneskeleg blomstring avheng av eksistensen av veletablerte moralske relasjonar, som kjærleik, lov og moralsk liv, som berre kan verte etablert gjennom ein konfliktprega utviklingspross, spesielt gjennom ein kamp for anerkjenning (Anderson 1996:1). Dei intersubjektive vilkåra for identitetsdanning dannar basisen for Honneth sitt ”formale omgrep om det gode liv” (Anderson 1996:6). Dette omgrepet er eit normativt ideal for samfunn der anerkjenning tillet individa å oppnå sjølvtilitt, sjølvvaktning og sjølvverdssetjing som er nødvendig for den fulle utviklinga av deira identitet. Dette idealet ligg implisitt i anerkjenningsstrukturen sjølv, sidan, som Hegel viste,

anerkjenning er verdiløst dersom den ikkje kjem frå nokon som ein ser på som verdig for anerkjenning.

5.1.1 Samfunnspatologiar

Ifølgje Jakobsen (2009:6) har Honneth i ei årrekke arbeida med eit ”terapiforslag” for vår tid. I overensstemming med Frankfurterskulen sin teoritradisjon er Honneth sitt terapiforslag forankra i ein samtidskritikk som knyt seg empirisk til konkrete negativitetserfaringar i den sosiale røynda. Honneth ser og studerar nokre samfunnsmessige patologiar, det vil seie former for ubehag eller lidning i den vestlege samtidskulturen. Desse patologiane skuldast forvrengte eller einsidige fridomsoppfatningar, meiner Honneth (Jakobsen 2009:6). Honneth er også interessert i positive føresetnader for vellukka menneskeleg utøving av fridom, og kjem såleis med eit forslag til minimumsføresetnader for ein vellukka og fri menneskeleg sjølvrealisering.

For at menneske skal kunne realisere seg sjølv treng menneske å ivareta livet sitt i kraft av anerkjenninga sine tre aspekt; kjærleik, rettar og solidaritet (Lysaker 2007:196). Når systemet sine sosiale perverteringsmekanismer i samfunnsutviklinga bryt med desse eksistensføresetnadane, ser Honneth samfunnet som patologisk, og det må difor verte kritisert og endra deretter. Vidare hevdar Honneth at desse praksisane for anerkjenning med kvar si moralske grunngeving og gyldigheit (moraliske grammatikk), til saman utgjer rettferda sitt normative grunnlag, noko om han også kallar eit formalt omgrep av det gode liv (Lysaker 2007:197). Honneth meiner altså at eit samfunn er rettvist fyrst når det har innfridd medborgarane sin kamp for anerkjenning på alle desse tre områda. Denne formale normative grunngevinga for rettferd innehar det nødvendige universaliseringspotensialet for å utgjere eit reelt bidrag til ein teori om samfunnet. Ved å ta utgangspunkt i erfaringa av krenking hevdar Honneth å vere merksam på negative sider ved den eksisterande sosiale ordenen.

Det moderne samfunn byr på ei rekkje fridomar som ikkje finst i førmoderne samfunn (Jakobsen 2009:17). For det fyrste er individet sine rettar ikkje knytt til individet si konforme utfylling av ei predestinert rolle i det samfunnsmessige hierarkiet. For det andre er tildeling av sosial verdsetting ikkje noko bestemte klassar er utelukka frå, og andre klassar er født til, men noko alle i prinsippet bør kunne oppnå. I moderne samfunn vert sosial verdsetting tildelt individuelt og meritokratisk, altså etter kva individ faktisk bidreg med for fellesskapet. I tillegg har alle individ, i kraft av sine demokratiske rettar, moglegheit til å delta i den

offentlege viljesdanning og påverke haldningane til kva som gjeld som eit verdifullt samfunnsbidrag (Jakobsen 2009:18).

Honneth har arbeida med omgrepet frigjerung, som i sosiologien etter Émile Durkheim (1858-1817) vert knytt til omgrepet individualisering (Jakobsen 2009:7). Individ i moderne samfunn har meir heterogene biografier enn individ i førmoderne samfunn. Seinmoderne individ vert oppmuntra til å gjere seg sjølv til sentrum for sin eigen livsplanlegging og livsførsel, meiner Honneth (Jakobsen 2009:7). Denne utviklinga er ei følgje av ei rekkje velkjende strukturelle samfunnsmessige forløp. Nokre av desse forløpa er (1) den store veksten i inntekter og arbeidsfri tid, noko som har utvida det individuelle avgjerelsespektet og redusert den klasse-spesifikke livsforma si betyding; (2) utviklinga av servicesektoren, som har mogleggjort oppovergåande sosial mobilitet; (3) hevinga av utdanningsnivået, som har auka moglegheitene for sjølvstendige val av arbeid, og også for individuell sjølvrefleksjon og grunngitte verkeleggjingar av sjølvvalde livsmål (Jakobsen 2009:7). Til saman dannar dette grunnlaget for eit individ som i sterkare grad enn før oppfattar sin eigen identitet som eit eksperiment, eller eit potensial, som skal verte utvikla og verkeleggjort aktivt og individuelt.

Denne individualiseringa vert ofte skildra som ein fridomsgevinst, men Honneth peikar på at samfunnsmessig individualisering ikkje tyder at individa sit på ei høgare fridomsvevne sidan fleire valmoglegheiter på observatørnivå ikkje nødvendigvis tyder større fridom til å velje på deltakarnivå. Notidskulturen er gjennomsyra av normative krav om individualisering som ikkje nødvendigvis vert opplevd som frigjerande frå eit førstepersonsperspektiv, hevdar Honneth (Jakobsen 2009:7). Slike krav vert patologiske, altså øydeleggjande for vår mentale helse i vid forstand. Vår reelle evne til fridom, altså evna til å utvinga i førsteperson kunne artikulere og forfølge individuelle livsmål, er ikkje noko me er født med, den føreset vellukka intersubjektive danningforløp, det Honneth kallar gjensidige anerkjenningsrelasjonar (Jakobsen 2009:8).

Autentisk sjølvrealisering er eit slikt seinmoderne individualiseringskrav som Honneth meiner vert idealisert i forvrent form, noko som øydelegg menneske sine intersubjektive fridomsføresetnader (Jakobsen 2009:8). Autentisk sjølvrealisering er eit ideal som grovt fortel oss at den som lev konformt kastar vekk livet sitt, medan den som finn sin heilt eigen måte å vere menneske på verkeleggjer si ibuande og unike personlegdomskjerne. Honneth meiner at tanken om autentisk sjølvrealisering opphavleg sprang ut frå eit *behov* for lausriving frå

fastlåste samfunnsmessige roller og forventingar, men at den same tanken i dag har karakteren av å vere eit *krav*, som tek form som eit sterkt institusjonalisert forventingsmønster (Jakobsen 2009:9). Du kan ikkje berre vere postbod og familiefar, eller helsearbeidar og familiemor, du er også eit "sjølv" som skal utviklast og artikulert på autentisk vis. For seinmoderne individ er det knytt skam til å vere avhengige av andre, og på den andre sida er det eit press for å utvikle og framheve dei unike og originale trekka ved sjølv, som bestemte evner, estetiske uttrykk eller ein særegen livsstil. Også innanfor arbeidslivet vert mange konfrontert med kravet om sjølvrealisering. Honneth konkluderar med at sjølvrealisering i dag har vorte eit system av krav der subjekta snarare ser ut til å lide enn å trivast (Jakobsen 2009:10).

5.1.2 Kamp om anerkjenning

Som tidlegare nemnd er Honneth sine omgrep om sjølvtilitt, sjølvvaktning og sjølvverdsetjing i lag med anerkjenningsformene som opprettheld dei, sentrale i hans teori. Dei tre sjølvforholda involverer ein dynamisk prosess der individ kjem til å oppleve seg sjølv som å ha ein viss status, skriv Anderson (1996:2). Å relatere seg til seg sjølv på desse måtane involverer nødvendigvis det å oppleve å få anerkjenning frå andre. Eins sjølvforhold er såleis ein intersubjektiv prosess der eins haldning til ein sjølv oppstår i eins møte med andre si haldning til ein sjølv (Anderson 1996:2).

Kjærleik og sjølvtilitt

"Med kjærleiksforshold skal vi her forstå alle primære relasjonar som består av sterke følelsesmessige bindingar mellom få personer etter mønster av erotiske parforshold, venskap og relasjonen mellom barn og foreldre" (Honneth 2008:104). Slike relasjonar legg til rette for utviklinga og oppretthaldinga av det grunnleggande sjølvforholdet som Honneth kallar sjølvtilitt (Anderson 1996:2).

Eitkvart individ sitt liv startar i primærrelasjonane der det som barn skal lukkast i den prekære balansen mellom sjølvstende og avhenge av foreldra (Jakobsen 2009:18). Sidan "god nok" omsorg for spedbarn krev ei høg grad av emosjonell og intuitiv involvering, må individualiseringsprosessen verte forstått som ein kompleks prosess der både forelder og barn

lausriver seg frå ein symbiosetilstand (Anderson 1996:3). Sjølv om ”mora⁵” er ein fullt individualisert vaksen, er det berre saman at born og omsorgsgjevarar kan forhandle den fine og skiftande balansen mellom ”ego-øydelegging” og ”ego-avgrensing”. For det er berre den symbiotisk baserte bindinga som oppstår gjennom gjensidig avgrensing som kan skape det omfanget av individuell sjølvtilitt som er nødvendig for å delta autonomt i det offentlege liv, hevdar Honneth (2008:116). Dersom alt går bra i småborn sine fyrste relasjonar til andre, vil dei gradvis tileigne seg ei fundamental tru på deira omgjevnader, og følgjande ei kjensle av tillit til deira eigne kroppar som pålitelige kjelder for signal for deira eigne behov (Jakobsen 2009:18). For Honneth handlar sjølvtilitt om den fundamentale evna til å uttrykkje behov og ynskjer utan frykt for å som resultat verte forlaten. Såleis opererer sjølvtilitt på eit så djupt nivå at det som oftast berre er når ekstreme erfaringar med fysisk vald øydelegg eins evne til å få tilgang til eins behov, og til å uttrykkje dei utan angst, at det vert klart kor mykje som avheng av dette sjølvforholdet.

Seinare i livet skal me lukkast i det same spenningsfeltet overfor vener og partnarar (Jakobsen 2009:18). Når denne balansen mellom sjølvstende og avhenge vert verkeleggjort på eit omsorgsfullt vis, kan me utvikle det Honneth kallar sjølvtilitt, som er ein kjenslemessig sikkerheit og sjølvfortrulegheit både i vårt eige og andre sitt selskap. Ein del av det å forlate barndomen er å tre ut i samfunnslivet og forstå seg sjølv som eitt av mange andre prinsipielt likestilte individ (Jakobsen 2009:18).

Rettar og sjølvaking

Rettsforholdet skil seg på nesten alle vesentlege måtar frå kjærleiken si anerkjenningsform, skriv Honneth (2008:117). Likevel kan desse to interaksjonssfærane forståast som to former av det same sosialiseringsmønsteret sidan deira ulike logikkar berre kan fattast i lys av den same mekanismen for gjensidig anerkjening.

Ifølge Mead og Hegel består sammenhengen mellom rett og anerkjennelse i at vi bare kan forstå oss selv som rettighetsinnehavere hvis vi erkjenner hvilke normative forpliktelser vi har overfor andre. Først den ”generaliserte andres” normative perspektiv lærer oss å anerkjenne de andre medlemmene av fellesskapet som rettighetsinnehavere, slik at vi kan være sikre på at enkelte av våre krav blir sosialt oppfylt (Honneth 2008:117).

⁵ Ifølgje Anderson (1996:3) nyttar Honneth seg av termen ”mor” for å skildre ei rolle som kan verte fylt av andre personar enn den biologiske mora.

Det Honneth kallar sjølvaktning er ei respekt for oss sjølve som moralsk tilreknelege individ (Jakobsen 2009:18). Sjølvaktning handlar for Honneth om den universale verdigheita til personar, skriv Anderson (1996:3), som peikar på at det er eit sterkt kantiansk element her: Det me skuldar einkvar person er anerkjeninga av, og respekten for hans eller hennar status, som ein agent som evnar å handle på basis av grunnar som ein autonom forfattar av dei politiske og moralske lovene han eller ho er subjekt for. Å ha sjølvaktning er å ha ein sans av ein sjølv som ein person, altså som ein moralsk ansvarleg agent (Anderson 1996:3). Sjølvaktning handlar om å sjå seg sjølv som å ha rett til den same statusen og behandlinga som einkvar anna person. Den fullaste forma for sjølvaktande autonom verksemd kan berre verte realisert når ein er anerkjend som å ha evna til å vere ein "legale person" og moralsk ansvarleg aktør.

Solidaritet og sjølvverdsetjing

Endeleg skal individet på eit tidspunkt utfylle ein bestemt produktiv funksjon i sitt samfunn eller verdifellesskap (Jakobsen 2009:19). Sidan individet her kan realisere evner eller moglegheiter i seg sjølv som fellesskapet dreg nytte av og verdset, kan individet utvikle ein viktig sjølvverdsetjing, som er ei positiv oppfatting av eigne evner og potensial som verdifulle for eit bestemt fellesskap.

Den sosiale verdsetjinga dreier seg om dei spesielle eigenskapane som skil menneske frå kvarandre (Honneth 2008:131). Sjølvverdsetjing handlar om kva det er som gjer ein spesiell, unik, og, med Hegel sin term, individuell (Anderson 1996:4). Denne erfaringa av ein sjølv som eit unikt og uerstatteleg individ kan ikkje berre vere basert på eit sett av trivielle eller negative karakteristikkar, det som skil ein frå andre må vere noko verdifullt.

Ettersom personenes ferdigheter og prestasjoner bedømmes intersubjektivt ut fra i hvilken grad de bidrar til å realisere de kulturelt definerte verdiene, er det samfunnets kulturelle selvforståelse som leverer kriteriene for den sosiale verdsettingen av personer. Denne formen for gjensidig anerkjennelse er derfor også knyttet til forutsetningen om en sosial livssammenheng hvor deltagerne danner et verdifellesskap i kraft av å orienter seg mot felles mål (Honneth 2008:131).

Honneth fokuserar her på Mead sin diskusjon om personleg identitet (Anderson 1996:5). Mead hevdar at å skilje seg sjølv frå andre som eit individ, handlar om kva me gjer betre enn

andre. Problemet med dette er at ikkje alle kan vere betre enn andre. Mead søker å demokratisere denne "overlegenheita" ved å fokusere på arbeidsdelinga i moderne industrisamfunn, altså ved å tillate individ å finne si funksjonelle rolle i det dei kan best, ikkje til kostnad for andre, men for å bidra til fellesskapen. Honneth meiner at Mead her overser det faktum at ikkje alle jobbar faktisk kan tene som ein basis for eins "overlegenheit" eller sjølvverdsetjing (Anderson 1996:5). Dersom til dømes stell av hus og heim av heimeverande vert sett på som eit lite signifikant bidrag til fellesskapen, vil heimeverande mangle vurderande resursar som dei kan oppnå ein erfaring av sjølvrealisering gjennom. Såleis er dei sosiale vilkåra for verdsetjing bestemt av den rådande oppfattinga av kva som tel som eit verdifullt bidrag til samfunnet.

Honneth nyttar omgrepet "solidaritet" om det kulturelle klimaet der tileigning av sjølvverdsetjing hovudsakleg vert mogleg (Anderson 1996:5). Ein kan berre snakke om solidaritet i saker der nokre delte oppgåver, interesser, eller verdiar er i spel. Eit godt samfunn, altså eit samfunn der individ har ein reell moglegheit for full sjølvrealisering, er eit samfunn der dei felles verdiane passar overeins med oppgåvene og interessene til individa, på ein slik måte at ingen samfunnsmedlem vert nekta moglegheit til å oppnå verdsetjing for hans eller hennar bidrag til fellesskapen. Honneth meiner at verdsetjing skal verte gitt på basis av eit individ sitt bidrag til eit felles prosjekt (Anderson 1996:5).

Når ein manglar sjølvverdsetjing trur ein at ein ikkje har noko av verdi å tilby, og på denne måten er individualitet og sjølvverdsetjing lenkja saman (Anderson 1996:4). Såleis kjem det ikkje som nokon overrasking at medlem av desintegreerte grupper har enorme vanskar med å verte oppfatta på noko anna enn stereotype måtar, hevdar Anderson.

Honneth er oppteken av korleis erfaringa, særleg negative erfaringar, påverkar sjølvforståinga og samfunnsforståinga vår, og ikkje minst motivasjonen vår til å delta i diskursar eller for å i det heile teke handle (Lysaker 2007:193). Dersom me ikkje ser og vert sett gjennom gjensidig anerkjening, kan me heller ikkje realisere oss sjølve som moralske personar som vert motivert til samfunnsdeltaking.

5.2 Kjønna forventingar

Honneth legg vekt på kor viktig kjærleiksrelasjonar er for at menneske skal kunne realisere seg sjølv, han peikar på kor viktig relasjonen mellom mor og born er for barnet i sine fyrste leveår. Såleis viser Honneth til ei forventing om at mor, eller personen som opererar i ei slik rolle, må gå aktivt inn i ei omsorgsrolle overfor barnet.

Sosialisering, eller kjønna sosialisering, betyr mellom anna at det eksisterar sosiale rom der gutar og jenter vert tilbydd ulike og på førehand kjønna moglegheiter til å utfalde seg (Bjerrum Nielsen og Rudberg 1989 i Basberg Neumann 2007:134). På denne måten vert individuelle og kjønna måtar å gjere, føle og tenkje om forhold på, ein del av menneske sin habitus (Bourdieu og Waquant 1993:64 i Basberg Neumann 2007:134). Bourdieu meiner at vår identitet er ikkje valt fritt, men tillært. Læringa skjer nærast instinktivt, i kraft av disposisjonane (habitus) som me har tileigna oss gjennom vårt sosiale livsløp. Ifølgje Bourdieu (2000:51) er disposisjonane uskilege frå strukturane som produserar og reproduserar dei, hjå menn så vel som hjå kvinner.

Cecilie Basberg Neumann (2007:131) oppsummerar psykologen Carol Gilligan i forskning med at ho har forska på korleis måtar jenter og gutar resonnerar på i moralske spørsmål, og at ho viser korleis jenter oftare enn gutar orienterar handlingsval etter empatiske, andreorienterte retningsliner der den einskilde situasjonen sine særmerkte trekk vert viktige. Gilligan si hovudtese formulerar Arne Johan Vetlesen (2002:212) som "at det kan påvises en systematisk sammenheng mellom en tenkemåte på den ene side og kjønnet til de personene som artikulere tenkemåten, på den annen side".

Gilligan (2002:58) finn at jenter sine vurderingar av moralske spørsmål inneheld sentrale innsikter i ein omsorgsetikk, medan gutar sine vurderingar reflekterar ein logikk som er basert på rettferd. Ifølgje Gilligan (2002:45) definerar kvinner seg i ein menneskeleg kontekst, og i tillegg vurderar dei seg sjølv i forhold til si eiga evne til omsorg. Vidare viser Gilligan (2002:67) at jenter føreset tilknytning, for så å orientere seg mot lausriving, medan gutar føreset lausriving, for så å orientere seg mot tilknytning.

Ifølgje Hennem (2006) viser studium som ser på oppgåvefordeling mellom mor og far at hovudomsorga for barn i dei aller fleste tilfeller fell på kvinner, medan hovudforsørginga vert

tildelt menn. Uavhengig om det er formelt spesifisert eller ikkje, så er familieforpliktingar som omhandlar omsorg ofte konstruert som eit ansvar for kvinner, meir enn eit ansvar for menn, hevdar Leira og Saraceno (2006:24). Men ifølgje Leira og Saraceno (2006:28) er verken ansvaret eller evna for omsorg kjønnsespesifikk. I tråd med dette ser Solheim (1998:20) ein symbolsk kjønnsfigur som ho kallar ”den opne kroppen”. Solheim plasserar kvinnekroppen i ein særskild posisjon i det flytande feltet, som ein figur som ikkje har, eller skal ha, grenser. Solheim skriv at ho ikkje nektar for at denne førestillinga av det kvinnelege som grensemangel er ein symbolsk konstruksjon, men påstår at den samstundes er så sterkt objektivert som kroppsleg erfaring, både hjå kvinner og menn, at den synast å vere sann. Ifølgje Solheim (1998:96) er det kvinnelege/moderlege den nye identitetsgarantien det som samanfatar moderniteten sine fragmenterte, rotlause og splitta sjølv.

Hennum (2006) ser tre diskursar som omhandlar omsorg for barn: Diskursen om sårbare barn, diskursen om nærleiksgivande omsorg, og diskursen om autoritet. Den fyrste diskursen som Hennum kommenterar er diskursen om sårbare born. Det vert teke for gitt at foreldre som øver omsorg, dekkjer barn sine primære behov som stell, mat og klede, og at ein forsørgjer borna sine økonomisk. Foreldre si emosjonelle omsorg for born vert derimot ikkje teke for gitt. Problem som tidlegare vart skildra i politiske, økonomiske og utdanningsmessige termar, vert i dag skildra med psykologiske termar (Hennum 2006:44). Barn og ungdom sine problem har vorte individualisert og skildra som emosjonelle, eller relasjonelle skader. Såleis vert det fokusert meir på symptoma som barn og ungdom viser som følgje av omsorgssvikt eller overgrep, enn på omsorgssituasjonen dei lever under. Ifølgje Furedi (2002 i Hennum 2006:44) har det emosjonelt skada barnet vorte eit symbol på notidas barndom. Me oppfattar barn som å ha behov for nære relasjonar samstundes som nære relasjonar i aukande grad vert brukt for å grunnge born sine problem (Hennum 2006:45). Forventingane til foreldre si omsorg for born aukar i takt med kunnskap som vert produsert om born. Ellingsæter (2005 i Hennum 2006:45) viser i denne samanheng korleis moderskap har utvikla seg til å i vår tid verte eit grenselaust moderskap.

Den andre diskursen Hennum set fokus på er diskursen om den nærleiksgivande omsorg. Ein intimfamilie har som hovudoppgåve å vere eit emosjonelt fellesskap og ei ramme for individuell utfolding (Hennum 2006:46). Når intimitet rår vil den sentrale oppgåva i omsorgsarbeid vere kjærleiksarbeid. Relasjonar mellom mor og barn har, ifølgje Hennum, sidan femtitalet vorte skildra som relasjonar med liksskapsteikn mellom omsorgspraksisar og

kjærleik. Hennem (2006:47) viser til ei historisk studie om moderskap gjort i USA av Ladd-Taylor og Umansky (1998), som viser at diskursen om mødrer som vart vurdert av barnevernet som dårlege på omsorg, er ein diskurs om kjærleik eller ikkje-kjærleik for sine born, og ikkje ein diskurs om omsorg for born. Når kjærleik mellom mor og barn vert vurdert ut frå praktiske omsorgshandlingar som vert gitt, kan det vere vanskeleg for kvinner å overlate barn til far eller andre si omsorg utan å verte devaluert som mor. Medan barnevernet i hovudsak vurderar kvinner som gode mødrer ut frå omsorgspraksisar, vert menn vurdert ut frå relasjonar og kontakt dei har med barnet.

Den tredje diskursen Hennem ser er diskursen om autoritet. Sjølv om vekta i foreldreoppgåva har ligge på emosjonell og nærleiksgivande omsorg, har det i det siste vorte lagt vekt på autoritet i form av grensesetting på grunn av ei uro for det aukande talet på born og ungdom med problem, og då særleg åtferdsproblem, og uro for at mange born vert oppseda utan ein far på grunn av det aukande talet på skilsmisser. Motstykkje til diskursen om den fråverande far og hans symbolske kraft, er mor som eit anna kjønn med eit anna symbolsk innhald. Mor representerar mellom anna det grenselause, den opne kroppen (Solheim 1998 i Hennem 2006). Ved å meistre kjærleiken og intimiteten sine kulturelle kodar vert kvinner anerkjende som mødrer i heimen.

Oppsummering

Eg har ovanfor presentert Honneth sine tankar om anerkjenning, og teoretiske bidrag om dei kjønna forventingane som vert stilt til kvinner, sidan eg i kapittel 8 kjem til å bruke desse bidraga aktivt i analysinga av kvinnene sine historier. Har kvinnene utvikla sjølvforhold, vorte anerkjende, og såleis oppnådd sjølvrealisering? Har kvinnene objektivert dei kjønna forventingane om å vere andre-, familie-, og omsorgsorientert?

6. Negativ overlast

I dette fyrste analysekapittelet vil eg starte med å presentere trekk ved dei åtte kvinnene sine bakgrunnar i ein oversiktstabell. Vidare vil eg gå inn på kvinnene sine levekår ved å sjå på dei overordna og kronologiske temaa frå intervjua, nemleg deira oppvekst, utdanning, arbeidserfaring, rusbruk, helse og familieforhold. Her vil eg bruke utdrag frå kvinnene sine forteljingar, og sjå desse i forhold til den tidlegare forskinga om dei aktuelle temaa som eg presenterte i kapittel 2, samt å nytte meg av innsikter frå narrativ form og analyse som eg presenterte i kapittel 3. Eg vil her bevege meg frå den generelle teorien om narrativitet til konkrete narrativ. Til slutt vil eg oppsummere dei viktigaste trekka ved kvinnene sine levekår.

6.1 Introduksjon av kvinnene

Eg har høyrte på åtte innsette kvinner sine historier. Nedanfor har eg laga ein oversiktstabell for å gi eit bilete av kva bakgrunn kvinnene har. Tabellen inneheld kvinnene sin alder, sivilstatus, kven dei vaks opp med, kva type dom dei sonar, eller kva dei sit varetektsfengsla for, kor mange fengselsstraffar dei har til saman, arbeid, utdanning, helse og rusbruk.

| | Marit | Tone | Liv | Nina | Anne | Hilde | Kari | Kristin |
|---------------------|-----------------------------------|------------------------|------------------------------------|---|--|---|---|---|
| Alder | Om lag 40 | Om lag 45 | Om lag 45 | Om lag 40 | Om lag 35 | Om lag 40 | Om lag 50 | Om lag 35 |
| Sivil-status | Einsleg. 1 vakse barn | Einsleg. 3 vaksne born | Einsleg. 1 barn | Gift for andre gong. 2 born frå fyrste ekteskap | Sambuar. 3 born frå tidlegare ekteskap | Kjærast. Barnlaus | Einsleg. 2 vaksne born frå to tidlegare forhold | Sambuar. Barnlaus |
| Vaks opp med | Mor og far. Fosterheim | Mor og far | Skilsmisse. Budde med mor | Mor og far | Mor | Mor og far til 16 år. Hospits. "Fosterheim" | Mor og far til 14 år. "Fosterheim" | Skilsmisse. Budde med far. "Fosterheim" |
| Dom | 12 mnd. Eldspåsetting | 18 mnd. Narkotika | Varetekt. Dokument-falsk | 30 dagar. Narkotika | Varetekt Narkotika, vinning, våpen | 4 mnd. Køyring i stolen bil | 19 mnd. Narkotika | 24 mnd. Narkotika |
| Tal på domar | 2 | 1 | Varetekt. Fleire gonger i varetekt | 2 | Varetekt. Fleire gonger i varetekt | 6 Fleire gonger i varetekt | 2 Fleire gonger i varetekt | 1 |
| Arbeid | Uføretrygda | Uføretrygda | Uføretrygda | Uføretrygda | | | Uføretrygda | Helse. Kontor. |
| Ut-danning | Grunnskule. Eitt av to år på vgs. | Grunnskule | Bachelor. Vidareutdanning | Gymnas. Folkehøgskule | Grunnskule | Gymnas. Folkehøgskule | Gymnas. 3 år på teikneskule | Grunnskule. Eitt av to år på vgs. |
| Helse | Psykiske problem, diabetes, astma | | Hofteproblem | ADHD | | Stoffskifteproblem | | (Operert) |
| Rus | Alkohol, piller | Narkotika, amfetamin | Piller | Narkotika, ymse | Narkotika, heroin | Narkotika amfetamin | Narkotika, heroin | |

6.2 Kvinnene sine levekår

”What is important in the study of crime is everything that happens before crime occurs. The question of what precedes crime is far more significant to our understanding than the act of crime itself. Crime is a reflection of something larger and deeper” (Quinney 2000:21 i Radosh 2004:210).

Kriminalitet vert i stor grad produsert av menneske sine lidingar, og lenkja mellom liding og kvinner sin kriminalitet er, ifølgje Radosh (2004:219), vidt erkjent av både akademikarar og fengselsleiarar. Difor kan innsette kvinner sin livssituasjon hjelpe til med å forklare mykje av deira kriminelle åtferd, meiner Radosh (2004:213). Bakgrunnane til innsette kvinner liknar mykje meir enn kva dei gjer for innsette menn, sjølv om innsette kvinner ikkje er ei einskapleg gruppe (Radosh 2004:216). Ein raud tråd som går gjennom mange innsette kvinner sine historier er ei overvekt av negative livserfaringar. Eg ser negativ overlast som eit slags fellesnarrativ som oppsummerar viktige aspekt ved kvinnene sine historier.

6.2.1 Oppvekst

Dei fleste innsette mødrer skjønner at det er ein samanheng mellom trauma dei sjølve leid under som born, og problema dei møter som vaksne, hevdar Greene, Haney og Hurtado (2000 i Balis 2007:329). Er det slik for dei åtte kvinnene som eg har snakka med? Svaret er både ja og nei, kvinnene ser ut til å vere delte i sitt syn på kor mykje deira eigen oppvekst kan forklare av deira noverande livssituasjon.

”Det er ikkje alt ein vil hugse frå den tida. Det er så lenge sidan”, fortel Marit. Etter at Marit sin far døydde vart Marit si mor skulda for omsorgssvikt på grunn av utstrakt bruk av tablettar. Det var difor Marit måtte flytte i fosterheim, men Marit sjølv synes ikkje at mora var skuldig i omsorgssvikt. Det å flytte i fosterheim var ikkje noko Marit ville, ho ser det som tvang. Fyrst budde Marit hjå ei anna dame, før ho flytta til ein fosterheim der ho budde frå ho var 15 til ho var 16-17 år gamal, då rømte ho. ”Eg var veldig vill i min ungdom”, fortel Marit.

Tone vaks opp med mor, far og mange søsken. Då eg spør Tone om ho kan fortelje litt om oppveksten og barndomen sin, svarar ho:

Tone: Nei, eg hadde ganske vanleg barndom, men eg er jo reisande slekt då så eg har jo hatt mykje med stigmatisering og sånne ting å gjere. Kjenner veldig godt til sånne ting då, så vel frå ungdomen, spesielt då, og utover. Vore mykje sånt. Men har hatt ein ganske vanleg barndom, ja.

Tone snakka om at ho hadde opplevd mykje stigmatisering opp igjennom oppveksten, men samstundes nemner Tone fleire gonger at ho har ”hatt ein ganske vanleg barndom vel, sånn sett”.

Liv fortel kort om oppveksten sin. Som Marit peikar Liv på at ho ikkje var heilt lett å ha med å gjere i oppveksten:

Liv: Eg vaks opp saman med ein bror som døydde då eg var 10 år gamal. Og då skilde pappa og mamma seg, så eg vart då saman med mamma. Flytta til [...] frå [...]. Var ganske rebelsk på skulen og sånn. Flytta til [...] då eg var 16 år. Sidan har eg klart meg veldig godt. Hatt masse vener og familie og.

Nina vaks opp med mor og far i det ho kallar ein middelklassefamilie.

Nina: Eg har hatt ein bra oppvekst, eg har vore veldig aktiv frå eg var veldig liten. Hatt ein god oppvekst, eg har hatt ei god barneoppseding og eg har hatt fornuftige foreldre som heile tida har stilt opp og støtta meg i tjukt og tynt, og rettleia meg for at eg skal prøve å gjere mest mogeleg fornuftige ting her i livet. Men eg har ikkje vore like lett for dei alltid, for eg er veldig aktiv, som sagt, og veldig bestemt, og har eigentleg meningar om det meste. [...] Så eg har ikkje hatt noko å klage på i oppveksten min. Når eg ser rundt meg her så skjønner eg veldig godt at eg er veldig heldig i forbindelse med korleis eg har vakse opp. Eg har aldri mangla noko liksom.

Nina flytta heime ifrå som 19-åring på grunn av krangling med faren om Nina sin kjærast.

Anne vaks opp med mora si. Anne har ei halvsøster, men dei har lite kontakt. Då eg spør Anne om ho kan fortelje litt om barndomen og oppveksten sin, svarar ho: ”Det er sånne ting du tenkjer på her inne, sant. Den har jo ikkje vore sånn A4 då. Så det har vore mykje, det har vore rus, det har vore vald, det same gamle. Mange sår, ja. Det er tøft å tenkje på, sant. Du liksom berre held avstand”.

Hilde vaks opp med foreldra sine, men plutselig gjorde endringar i heimen store utslag på Hilde sin livssituasjon.

Siv: Du vaks opp med foreldra dine, ikkje sant?

Hilde: Ja, altså, eg flytta jo. Plutseleg. Eg hugsar at eg alltid drøymde om å flytte heile tida, for alle andre flytta liksom. Og ikkje skilde foreldra mine seg heller, så alle andre var liksom nøkkelborn då, og det var ikkje eg [ler]. Men så plutseleg så gjekk jo alt til helvete heime, liksom. Foreldra mine byrja å drikke. Ja, ettersom eg forstår i ettertid så vart det sikkert litt for mykje liksom, for pappa berre forsvann og så vart me sendt på hospits, og det var jo heilt for jævlig rett og slett.

Siv: Heile familien?

Hilde: Eg og mora mi for, pappa var jo borte. I ein alder av 16 år. Så eg flytta då til ei som heiter [...], som då var den som hadde ansvaret for meg. Så budde me der som ein søskenflokk på tre liksom, på [...].

Siv: Var det ei dame du kjende, eller?

Hilde: Nei, det var ho bestevenninna mi, [...], liksom. Så dei også var jo då adoptert av ho på ein måte. Så ho var ei kjempedame, det einaste ho kravde var at me jobba liksom, så kunne me eigentleg gjere som me ville. Og det gjorde me. Så då budde eg saman med ei som heitte [...], som var den eldste i søskenflokk, ho var heroinist. Og så var det [...], han var skåpsprengar, og så var det meg og [...] då som var, me berre dreiv og "battla og rappa" og gjorde alt frå knekt til å vanke på byen liksom, bruke amfetamin [ler].

Siv: Det høyrer ut som ein... [ler].

Hilde: Ja, men altså, det var jo ganske morosamt [ler]. Og så var det [...] då som var mora vår liksom oppi dette her. Ho var ei sånn litt sånn MC-dame då, men veldig sånn stå på krava og visste alt og hjelpte oss med alt heile tida. Dømte oss aldri liksom, veldig, veldig bra dame [ler].

Plutseleg gjekk det gale for Hilde, foreldra byrja å drikke, faren reiste sin veg, Hilde og mora vart sendt på hospits, og Hilde flytta inn hjå ei kvinne som også hadde teke til seg andre "problemungdom". Denne fosterheimen var tydelegvis ikkje som andre fosterheimar. Hilde og dei andre ungdomane vart, som Hilde seier, "på ein måte" adoptert av denne kvinna. Dette ser ikkje ut som ein vanleg barnevernsprosess som endar med fosterheimsplassering, men som om at det vart inngått ei slags privat avtale mellom Hilde, denne kvinna, og eventuelt mora til Hilde. Som Hilde fortel vart det ikkje stilt krav til ungdommane som budde hjå denne kvinna, så lenge dei jobba kunne dei gjere som dei ville. Denne innordninga ser ikkje ut til å setje ein stoppar for, eller bremse ned Hilde sin eksperimentering med narkotika (noko som ofte vert forventa når ein vert plassert i fosterheim), men å heller gi den eit dytt framover.

Kari vaks opp med mor, far og ei søster, men foreldra var mykje ute på jobb. Kari flytta heime frå då ho var 14 år, fyrst til ein onkel for ei lita stund, så saman med nokre eldre veninner.

Kari: Det var meg, mor, far og ei søster som er to år eldre. Født i [...] og vaks opp der. Det var jo liksom, me var jo to sysken som vaks opp under ganske så, foreldra våre jobba mykje ute og me var mykje for oss sjølv. [...] Eg flytta heime ifrå når eg var 14 år. Då flytta eg fyrst til onkelen min, faren min kasta meg ut fordi at me krangla heile tida. Så budde eg der ei stund og så flytta eg saman med nokre eldre veninner. Eg har aldri budd heime etter det. Men eg fekk jo eit greitt forhold til foreldra mine når eg vart vaksen og sånn. Då var det ikkje greitt, det var berre krangling. Eg byrja å ruse meg då eg var 14 år gamal. Piller og alkohol og røyka hasj. Då eg var 16 år så byrja eg med amfetamin, og då eg var 19 så byrja eg med opiat.

Kristin budde med far, mor og veslesøster fram til foreldra skilde seg:

Kristin: [...] Hadde ein ganske turbulent og utrygg barndom, men det var jo sjølv sagt også gode sider. Mora og faren min skilde seg når eg var 11 og då flytta eg saman med han, i same nabolag då. Så me fortsette å gå på same skule, og hadde same vener og sånne ting. Noko særleg meir er det vel eigentleg ikkje å seie om det, eg hadde ein turbulent barndom. Mykje vald og, både mot mor og mot meg då. Så det var mykje sånn.

Siv: Så det var mor di du flytta med?

Kristin: Nei, eg flytta med pappaen min. Han dreiv jo med kriminalitet [ler], sånn kvitsnippkriminalitet kalla ein det vel den gongen. Han smugla og selde sprit, og sat mykje inne. Men han var ein sånn type som var veldig snill då. Det var mora mi som var hekka [ler].

”Når dei skilde seg då, då fall jo verda veldig i grus for han, så då inntok eg ei sånn vaksen rolle, då vart eg jo meir mamma enn eg fekk vere barn då”, fortel Kristin om forholdet til far sin. Etter skilsmissa sleit Kristin si mor mellom anna med pillemissbruk. Skilsmissa stilte faren i ein vanskeleg økonomisk situasjon der han prøvde å leve opp til Kristin sine forventningar og gi ho ein god heim. Men økonomien strakk ikkje til, noko som resulterte i endå meir spritseljing for å tene nok peng, som enda i ein fengselsstraff på nærare to år.

Kristin: [...] Og då var ikkje eg meir enn 12, og barnevernet vart jo då kopla inn igjen for eg nekta jo å flytte heim til mamma. [...] Og så vart eg myndiggjort av barnevernet så eg kunne motta eigen barnetrygd og sånne ting, det må ha vore når eg var 13-14 år, så eg fekk barnebidrag og sånne ting. [...] Så eg budde hjå eit venepar, ei åleinemor då eigentleg, av foreldra mine, så då var det eigentleg sånn dels greitt for eg var så pass vanskeleg å ha med å gjere for mora mi at ho gav vel berre opp. For eg ville ikkje tilbake dit for einkvar pris, og det var eg liksom villig til å gå i døden for å få til altså, på

dåverande tidspunkt [ler]. [...] Det var veldig mykje altså, rett og slett veldig mykje.

Utifrå Skarðhamar (2002:29) sine funn av at om lag 15 prosent av dei innsette delvis har vakse opp andre stader enn hjå foreldre, er det ikkje overraskande at fleire av kvinnene i utvalet mitt har vakse opp i fosterheim. Fire av dei åtte informantane mine flytta frå foreldra til fosterheim i tidlege ungdomsår. Marit vart plassert i ein ukjend fosterheim, Kristin flytta inn til ein ven av foreldra, Hilde flytta til ein slags fosterheim med andre ungdommar, medan Kari flytta til onkelen sin. Ifølgje Skarðhamar (2002:32) grip barnevernet hovudsakleg inn med hjelpetiltak der det oppstår problem med foreldre si manglande omsorgsevne, barnet si åtferd, foreldre sin rusmisbruk, eller foreldre si reduserte psykiske helse. For Marit sitt vedkommande var det mora sin rusbruk som førte til at ho måtte flytte i fosterheim, også for Hilde var det foreldra sin rusbruk som til slutt førte til at ho måtte flytte i fosterheim. Kristin måtte flytte i fosterheim på grunn av at faren vart fengsla, og sidan mora hadde psykiske problem og rusproblem, medan Kari vart kasta ut heime frå av foreldra sine.

6.2.2 Utdanning

Alle dei åtte kvinnene i utvalet mitt har fullført niårig grunnskule. Kari slutta på skulen i åttande klasse, men fekk ta eksamen i niande klasse, medan Marit slutta på skulen etter åttande klasse, og fullførte niande klasse eit par år seinare. ”[...] Eg likte ungdomsskulen veldig godt, ikkje på grunn av bøkene, men på grunn av festinga. [...] Miljøet og vener tok over for skulen. Det var mykje festing”, fortel Marit. Festinga tok overhand og kom i vegen for Marit sin vidare skulegang. Kari sin avbrotne skulegang ser delvis ut til å vere eit resultat av hennar høge aktivitetsnivå:

Kari: [...] Og eg merka veldig tidleg, eg skjønnte det ikkje då, men eg skjønner det no, at eg var veldig sånn aktiv og gjorde masse forskjellige rare ting. Og når eg kom på skulen, ikkje sant, når du har eit høgt aktivitetsnivå så kan du bli teken for å vere rampete, eller noko sånt. Og det var jo ikkje det som var liksom baktanken, men eg fekk mykje sånne straffereaksjonar og sånt. Den tida så var det vel ofte sånn at det var skilje mellom dei snille og dei slemme elevane, og er var sånn som klatra på taket på skulen og læraren fekk ikkje tak i meg og gjorde masse sånn tull. Og når eg byrja på ungdomsskulen så byrja det å bli litt sånn problem, og eg slutta på skulen i åttande klasse, men eg fekk ta eksamen i niande.

Då eg spør Hilde om ho hadde nokre interesser i oppveksten sin, svarar ho: ”Ja, eg var jo, ikkje for å skryte, men eg var faktisk veldig flink på skulen. Eg elskar å gå på skulen, liksom”.

Eg forstår det som at Hilde fullførte vidaregåande skulegang til normert tid. Kristin byrja på lina handel og kontor på vidaregåande, men fullførte ikkje, medan Marit byrja på helse og sosialfag, men heller ikkje Marit fullførte. Nina mangla eit fag for å få fullført gymnas, og ved å gå eit år på folkehøgskule fekk ho godkjend vitnemål frå gymnaset.

I vaksen alder fullførte Kari gymnaset. Etter å ha teke ein pause frå skulegang byrja Anne på gymnas som ho skulle ta i løpet av 3 månader, noko ho ikkje fullførte. Eg forstår det som at Anne byrja og slutta på fleire slags studium, men at ho aldri fullførte noko utover niårig skulegang. Sjølv om Kristin ikkje fullførte vidaregåande skulegang, byrja ho ei tid seinare på eit slags yrkesstudium, men heller ikkje dette fullførte ho. Både Nina og Hilde har gått på folkehøgskule. Marit, Nina og Tone fortel at dei har teke nokre kurs, medan Kari har gått tre år på teikneskule i vaksen alder.

Ifølgje Pierre Bourdieu (2000:98) ligg ein av dei viktigaste endringane i kvinner sine vilkår i veksten i jenter sin tilgang til vidaregåande skular og høgare utdanning. Som me ser har dei åtte kvinnene hatt tilgang til vidaregåande opplæring, og sju av åtte kvinner byrja på vidaregåande skulegang. Tre av dei sju kvinnene, Marit, Kristin, Anne, fullførte ikkje den vidaregåande opplæringa, medan Kari fullførte i vaksen alder. Såleis står fire av dei åtte kvinnene med grunnskule som høgaste fullførte utdanning. Dei åtte kvinnene passar såleis inn i biletet som Skarðhamar og Friestad og Skog Hansen teiknar av innsette som lågt utdanna. Både Skarðhamar (2002:37) og Friestad og Skog Hansen (2004a:31) finn i sine levekårundersøkingar av norske innsette at bortimot halvparten av utvala har grunnskule som høgaste fullførte utdanning. Liv er den einaste av dei åtte kvinnene som har høgare utdanning, noko som stemmer overeins med Skarðhamar (2002:37) sitt funn om at under ein av ti av dei innsette høgare utdanning. Liv har studert språk i utlandet og har høgare utdanning innan helsefag, samt fleire vidareutdanningar.

6.2.3 Arbeid

Av dei åtte kvinnene i utvalet mitt hadde berre ei, Kristin, arbeidskontrakt på fengslings-tidspunktet. Dette er ikkje overraskande når me ser at både Friestad og Skog Hansen (2004b) og Skarðhamar (2002:45) finn at nær sju av ti innsette var utan arbeid på fengslings-tidspunktet. Desse funna vert støtta av Nilsson og Tham (1999:31) si svenske levekårundersøking som finn at om lag fire av ti av dei innsette var i arbeid den siste månaden før

innsetting. Friestad og Skog Hansen (2004b) peikar på at arbeidsløyse er eit særleg stort problem blant dei kvinnelege innsette, eit funn som også av Bureau of Justice Statistics (BJS) (2004 i Balis 2007:320) støttar. Tre andre kvinner, Hilde, Liv og Nina, har tidlegare vore aktive deltakarar i den legale arbeidsmarknaden. Hilde jobba som sjølvstendig næringsdrivande i underhaldningsbransjen, men etter at ho la opp for ti år sidan, har ikkje Kristin funne seg nytt lovleg arbeid. Liv har jobba i helsesektoren, medan Nina har jobba innan handel og kontor.

Hilde og Anne har livnært seg av både vinningskriminalitet og sal av narkotika, og har hatt kriminalitet som einaste inntektskjelde, noko som stemmer overeins med Skarðhamar (2002:46) sitt funn av at to av ti innsette har kriminalitet som si einaste inntektskjelde. Vidare finn Skarðhamar (2003:46) at to av ti har kriminalitet som hovudinntektskjelde i kombinasjon med arbeid eller trygdeytningar. Tone og Kari har seld narkotika i tillegg til å vere mottakar uføretrygd, og føyer seg såleis inn i denne kategoriseringa til Skarðhamar. Såleis kan fire av dei åtte kvinnene seiast å vere i ulovleg arbeid. Tone fortel at ho stort sett har vore heimeverande, og det same gjeld for Marit og Anne. ”Ja, eg har jo jobba litt her og litt der, sant, alt ettersom. Men dei siste åra har eg jo ikkje det. Eller, eg har jo jobba, men det er jo ikkje lovleg [ler]”, fortel Anne.

Kristin, den einaste av dei åtte kvinnene som var i arbeid på fengslingstidspunktet, må ha fleire jobbar for at økonomien skal strekkje til. Før ho vart fengsla hadde ho tre arbeidsgjevarar, men no har ho sagt opp den eine stillinga på grunn av at ho sit fengsla. Nilsson og Tham (1999:31) finn at berre 23 prosent av dei som var i arbeid den siste månaden før fengsling, var tilsett i fulltidsstillingar, noko som altså ikkje Kristin er. Kristin har ein deltidsjobb innan helsesektoren og ein innan service- og kontorsektoren. På grunn av ein langtidssjukemelding har ikkje Kristin måtte informere arbeidsgjevarane sine om at ho sit fengsla. I tillegg er Kristin med på eit program i fengsel som gjer at ho etter nokre månader soning kan gå på jobb som normalt, og opphalde seg i fengsel utanom arbeidstida.

Kristin, Liv og Nina passar alle godt inn i biletet som Bourdieu teiknar av kvinner i arbeidslivet. Kvinner jobbar deltid, er midlertidig tilsette, har yrke som omhandlar omsorg for born, sjuke, hushald, og personar, og tener mindre enn menn, påstår Bourdieu (2000:101).

Berre Liv har ein utdanning å falle tilbake på, men Kristin har skaffa seg lærebøker, og har planlagt å ta ein utdanning innan helse medan ho sonar straffa si. På den måten kan ho gå opp i løn og sleppe å relatere seg til fleire arbeidsplassar for å kunne ha nok peng til å livnære seg. Både Liv og Kristin ynskjer å jobbe i helsesektoren, men Liv sonar ein dom for dokumentforfalsking av resept, medan Kristin sonar ein narkotikadom. Verken Liv eller Kristin ser ut til å dele mi bekymring for kva slike domar kan ha noko å seie i ein framtidig tilsetjingsprosess.

Heile fem av dei åtte kvinnene er altså uføretrygda. Liv er uføretrygda på grunn av helseplager, Nina har motteke uføretrygd etter at ho sa opp jobben sin, medan Kari ikkje heilt veit kva ho er uføretrygda for: "Eg er uføretrygda. Eg har vore det i mange år, men eg veit faktisk ikkje kva eg er uføretrygda på. Det var ein sånn smart attføringskonsulent på ein sånn institusjon som eg var på tidlegare" som ordna det slik, fortel Kari. Marit, Nina og Liv har levd av pengane dei mottek som uføretrygda, medan Kari og Tone har spedd på uføretrygda med sal av narkotika. Både Liv, Marit og Nina fortel at dei ynskjer seg tilbake i arbeid sjølv om dei er uføretrygda på noverande tidspunkt.

6.2.4 Rusbruk

Alle dei åtte kvinnene som eg har snakka med har ei historie med rusmiddel. Liv rusar seg ikkje på narkotika eller alkohol, men fortel at ho har eit pillemisbruk som har utvikla seg i takt med hennar helseplager. Kristin brukte ein del roande tablettar i ein periode etter eit samlivsbrot, men misbrukar verken piller, alkohol eller narkotika. Likevel er Kristin ein del av eit narkotikamiljø.

Friestad og Skog Hansen finn at ein stor del av dei innsette har rusproblem, heile seks av ti er rusmisbrukarar (2004a:6). Marit er den einaste av dei åtte kvinnene som kallar seg alkoholikar, men ho har også brukt ein del piller, og er den i utvalet som kjem nærast det ein kan kalle eit blandingsmisbruk. Dette stemmer overeins med Skarðhamar (2002:58) sitt funn om at kvinnelege innsette rusar seg sjeldnare på alkohol enn mannelege innsette. I Nilsson og Tham (1999:41) si undersøking svarar 19 prosent at dei har eit alkoholproblem, medan det i Skarðhamar si undersøking er om lag ein av ti som seier at dei har alkoholproblem.

Anne og Kari, som begge brukar heroin, kallar seg sjølve for narkomane. Skarðhamar finn at innsette kvinner i langt større grad enn innsette menn har brukt heroin og teke narkotiske stoff

med sprøyte, noko ein også finn i USA (Balis 2007:324). Fleire studiar viser at innsette kvinner er tunge narkotikabrukarar i større grad enn innsette menn (Skarðhamar 2002; Friestad og Skog Hansen 2004a; Allen m. fl 2007 i Lilly m. fl. 2007:230; Balis 2007; Morash m. fl. 1998:1 i Radosh 2004:216). Hilde seier at ho har eit rusproblem, sidan ho har brukt amfetamin dagleg i over tjue år. Også Tone brukte amfetamin dagleg før ho vart fengsla, noko ho har gjort i lang tid. Før det brukte ho opiat. Skarðhamar (2002:56) finn i si undersøking at det er særleg er bruk av amfetamin, som Hilde og Tone brukar, og cannabis, som Nina somme stunder brukar, som dominerar. Nina meiner ikkje at ho har eit rusproblem, ho ser ikkje på seg sjølv som ein rusmisbrukar, men ein rusbrukar:

Nina: [...] Eg er såpass psykisk sterk at eg aldri kunne vorte narkoman. Eg er veldig opplyst og klar over kva som er negativt med rus, eg har hatt det nært på kroppen dei siste sju åra, og eg veit med meg sjølv at eg vil aldri nokon gong la rusen få overhand på mitt liv, aldri. Det er berre sånn det er.

Både Tone og Marit hamna i eit rusmiljø: ”Nei, eg hamna vel kanskje i eit miljø, ja. Så, vart litt nysgjerrig og byrja å prøve ting og likte det litt for godt”, fortel Tone, medan Marit fortel at ”Det var mykje festing. Enkelte slutta aldri med det, og eg var ein av dei”. Då eg spør Anne om ho er i eit miljø, svarar ho: ”Kunstnarmiljø. Det er ikkje langt frå det miljøet til rusen”. Hilde vaks opp i sentrum av ein by, og byrja å henge med ein gjeng i ein alder av 11 år.

Hilde: [...] Og amfetamin den kom eg i befatning med på interrail, meg og [...]. Me var 16 år, skulle eigentleg til, kvar var det me skulle då? Til [utlands], og hamna på [utlands], og då prøvde eg amfetamin. Eg hadde prøvd kokain heime først, men eg veit ikkje om eg syntest det var noko særleg. Så det tok eg jo berre heilt av på. Så det byrja eigentleg berre som slankemiddel eigentleg. Me gjekk og liksom vegde oss før me gjekk ut på byen, og så dansa me liksom og gjekk ned ein kilo når me kom tilbake, då var det heilt, fy fader, syntest det her var skikkeleg kult [ler]. Etterkvart så blir det jo ein livsstil, liksom.

Fleire av kvinnene påpeikar at det var dei sjølve som oppsøkte rusen, og at dette var eit val dei tok. Samstundes poengterar fleire av dei at det å vere rusmisbrukar ikkje er ein ønskjeleg situasjon, som Kari: ”Eg har vorte så pass vaksen at eg veit jo at eg er narkoman. Det har eg jo fått merka både på den eine og den andre måten. Det er ingen som frivillig utsett seg for dei tinga”. Når ein rusar seg, fortrenger ein alt det vonde, skriv Hilde Haugsgjerd (1992:116), noko Marit gir eit døme på. Marit fortel at ho følte seg litt svak, og at ho døyva dette med alkohol for då gjekk alt betre: ”Eg vart verdsmeister når eg var full, då kunne eg fikse alt”. Anne fortel at ho byrja med narkotika på grunn av at ho følte at ho ikkje fungerte til vanleg:

Siv: Korleis var det at du byrja med det? Hugsar du?

Anne: Eg trur det var liksom nysgjerrigheit og ein draum om at... Altså eg funka ikkje til vanleg, ikkje sant, funka ikkje, så eg måtte liksom berre få stimuli. Døyve. Altså, eg var i mi eiga verd. Eg veit ikkje. Det var eit resultat av at eg ikkje funka. Det er ingen som drøymar om å bli narkoman, men liksom, sant.

Siv: Trur du det kunne ha vore døyva med noko anna, på ein anna måte?

Anne: Ja, eg trur det. Visst det liksom... Nei, eg veit ikkje. Du kunne ha brukt dette her på noko konstruktiv, ja, ikkje sånn som eg har gjort, berre køyrt alt i dass. Eg var ein drøymar liksom, ein sånn, ja.

Ifølgje Radosh (2004:214-216) søker ofte kvinner som har livserfaringar med mange overveldande personlege problem mot narkotika for å lette deira smerte. Narkotika vert ein måte å rømme vekk på. Anne ser ut til å vere i ein slik situasjon, ho døyver det at ho ikkje fungerer i kvardagen med narkotika. Når ein vert nykter kjem mellom anna skuldkjensle og sorg overfor borna fram (Haugsgjerd 1992:116).

6.2.5 Helse

Tone er den einaste av dei åtte kvinnene som eg har snakka med som ikkje nemner at ho har nokre helseproblem. Liv har problem med hoftene, noko ho har hatt over lengre tid, og som har ført til at ho har vorte uføretrygda. Kristin har nokre helseproblem som gjer at ho har gjennomgått nokre operasjonar, og er langtidssjukemeld for tida. Hilde og Marit har fått påvist helseproblem etter at dei vart fengsla, Hilde har problem med stoffskiftet, medan Marit har fått påvist astma og diabetes. Nina har ADHD, noko ho nettopp vart utreia for. Kari har fått tilbakemeldingar på at ho kan ha ADHD, og har vorte tilbydd å verte utreia for dette i fengselet. Kari har no vore nykter i mange månadar, og har eit sterkt ynskje om å halde fram med det. Av den grunn har ikkje Kari lyst til å byrje på medisin, og ho har difor takka nei til ein slik utreiing. Anne har sjølv ein sterk mistanke om at ho har ADHD, men har ikkje vore i fengsel lenge nok til å ha vorte tilbydd ein utreiing for det.

Det vert hevda at mange kvinnelege innsette har psykiske problem (Friestad og Skog Hansen 2004a:49; Skarøhamar 2002:61; Teplin m. fl. 1997 i Balis 2007:323), men Marit er den einaste av dei åtte kvinnene som seier at ho har psykiske problem. I tjuetåra byrja Marit å ta tablettar, som Rohypnol og liknande, noko som resulterte i fleire overdosar. Grunnen til at ho

tok piller var hennar psykiske problem, fortel ho. Marit nemner også namnet på ei psykisk lidning som ho har fått påvist at ho har. Lidinga fører mellom anna til at Marit høyrer stemmer og ser syner, noko som særleg skjer når ho drikk. ”Gal ville dei ha kalla meg før, ikkje kriminell”, meiner Marit. Hennar kriminelle handlingar skildrar Marit slik: ”Det var eit rop om hjelp frå ei jente som ikkje fekk hjelp. [...] Eg tente ikkje på av vondskap, det var psykisk. Friske folk gjer ikkje sånn”.

6.2.6 Familieforhold

I Skarðhamar si undersøking kjem det fram at det er langt fleire som er ugifte blant dei innsette enn blant befolkning elles. Heile 81 prosent av dei innsette er ugifte (Skarðhamar 2002:66-67), medan den tilsvarende prosentdelen i Friestad og Skog Hansen (2004a:69) si undersøking er 84. Av dei åtte kvinnene som eg har snakka med er berre ei, Nina, gift. Nina er gift for andre gong. Tre av kvinnene, Marit, Tone og Liv, er einslege. Då Kari vart fengsla hadde ho ein sambuar, men no i ettertid kallar ho den tidlegare sambuaren sin for ein kamerat, sidan forholdet deira var meir som ein rusallianse enn eit kjærleiksforhold å rekne. Friestad og Skog Hansen (2004a:69) finn at 15 prosent har kjærast, og at om lag 20 prosent har sambuar. I mitt utval har Kristin og Anne sambuarar, medan Hilde har ein kjærast.

Barn

Både Skarðhamar (2002:69) og Friestad og Skog Hansen (2004a:68) finn at over halvparten av dei innsette i utvala deira har born, medan fleire amerikanske undersøkingar finn at over 80 prosent av dei kvinnelege innsette har born (BJS 2000 i Balis 2007:325; Allen, Latessa Ponder og Simonson 2007 i Lilly m. fl. 2007:229; Bush-Baskette 2004:193). Det er difor ikkje overraskande at seks av dei åtte kvinnene i utvalet mitt til saman har 12 born.

Tone er den einaste mora som har hatt borna buande hjå seg heilt til dei vart vaksen og frivillig flytta ut for seg sjølve. Marit, Liv, Anne og Kari har alle mista eller gitt frå seg ansvaret for ungane sine, barnevernet har plassert ungane i fosterheimar. Nina har ikkje mista foreldreretten til borna sine, ho deler omsorga for borna med eksmannen sin, men ho har måtte overlata mykje av ansvaret for borna til foreldra sine. Liv, Marit og Anne har hatt borna sine buande hjå seg til dei var i barneskulealder. Då eg spør Anne kva sivilstatus ho har, svarar ho: ”Sambuar. Mor [ler], mor til tre, heldt eg på å seie, men eg har jo ikkje ungane”.

Kari fortel at ho tidleg innsåg at borna ikkje kunne bu hjå ho: ”Eg har to born. To vaksne gutar. Han eine fekk eg då eg var 22, og han andre fekk eg då eg var litt over 30. Så dei har ikkje vakse opp hjå meg, ingenting sånn”.

Kontakt

Verken Tone, Kari eller Marit, tre av dei seks mødrene i utvalet, hadde særleg mykje kontakt med borna sine på fengslingstidspunktet. Tone fortel at borna hennar tek kontakt med ho dersom dei har behov for det, medan Kari hadde ikkje hatt kontakt med verken borna sine eller resten av familien sin dei siste ni åra før ho vart fengsla. Kva kan forklare denne manglande kontakta mellom innsette mødrer og deira born? Friestad og Skog Hansen (2004a:69) finn at seks av ti foreldre hadde kontakt med borna sine dagleg eller kvar veke før fengsling, men at delen av dei som hadde kontakt med borna ofte, altså dagleg eller kvar veke, er nesten dobbel så høg blant menn som blant kvinner. Men av dei innsette mødrene som har sitte fengsla før, har halvparten kontakt med borna sine sjeldnare enn månadleg, medan det blant innsette fedrar som har sitte fengsla før er svært få som har månadleg eller sjeldnare kontakt med borna sine. Kari og Marit sonar riktig nok si andre fengselsstraff, men Tone sonar sin fyrste dom. Sidan dei tre mødrene ikkje har sitte fengsla ofte, eller i lengre periodar, trur eg ikkje at dette bidreg særleg mykje til å forklare deira manglande kontakt med borna sine.

Eg trur derimot at Maruna (2001 i Friestad og Skog Hansen 2004a:69) sin påstand om at det sannsynlegvis er langt meir stigmatiserande for kvinner enn for menn å sitje fengsla når ein har born, har større forklaringsverdi. Det at kvinnelege innsette er marginalisert på fleire område enn mannlige innsette, kan, som Friestad og Skog Hansen (2004a:70) peikar på, bidra til å forklare kvifor innsette kvinner har mindre kontakt med borna sine enn fengsla menn. I tillegg har dei tre mødrene sitt forhold til rus ikkje vore direkte eineleg med det å ha born. Marit kallar seg alkoholikar, Kari kallar seg narkoman, og Tone har brukt narkotika i ei årrekkje.

Sjølv om tala til Friestad og Skog Hansen (2004a:71) er små, kan det sjå ut som at nokre innsette foreldre har meir kontakt med borna sine medan dei sit fengsla enn dei hadde før dei vart fengsla, noko som særleg ser ut til å gjelde for mødrene. For innsette mødrer kan nemleg fengsling medføre ein stabilitet som dei ikkje har på utsida av fengselsmurane, meiner

Friestad og Skog Hansen (2004a:71). Kari, Tone og Marit sine born er alle over 18 år, så for dei handlar det ikkje om å eventuelt få attende foreldreretten til borna sine, men å byggje opp att kontakta med dei. Etter at Marit fekk domen ho sonar no, har ho og den vaksne dottera hennar teke oppatt kontakta, og dei har no bestemt seg for å halde kontakt. Også Kari har teke opp kontakta med sin næraste familie etter at ho kom i fengsel. Nina har ikkje mista foreldreretten til borna sine, ho deler omsorga for borna med eksmannen sin, men ho har måtte overlata mykje av ansvaret til foreldra sine. På grunn av denne ordninga får Nina møte borna sine jamleg, omtrent annakvar veke. Liv er i ein anna situasjon, ho har mista foreldreretten, men fortel at ho vil jobbe for å få attende foreldreretten til sonen sin. Også Anne har mista foreldreretten til borna sine, og seier ikkje direkte at ho vil jobbe for å få borna attende, slik som Liv ynskjer, men at ho ynskjer å byggje opp att forholdet til borna sine.

Oppsummering

I dette fyrste analysekapittelet har eg sett på kvinnene sine forteljingar om deira levekår og livssituasjon. Kvinnene sine forteljingar om deira bakgrunnar inkluderar mellom anna vanskelege oppvekstvilkår, mangelfull utdanning, lite arbeidserfaring, rusmisbruk, helseproblem og fråteken foreldrerett. Eg meiner difor at dei innsette kvinnene sine forteljingar vitnar om at dei har dårlegare levekår enn befolkninga elles, og at dette kan summerast i fellesnarrativet ”negativ overlast” som viser at kvinnene stiller på andre premisser for samfunnsdeltaking enn andre som ikkje har ei slik negativ overlast.

7. Negativt utfall

Eg vil i dette andre analysekapittelet vise korleis kvinnene si negative overlast fører med seg negative utfall. Eg byrjar kapittelet med å sjå på episodar som står fram som vendepunkt i kvinnene sine historier om sine liv, sidan ei historie ofte handlar om betydelege eller spesielle hendingar i ein hovudperson sitt liv. Vidare ser eg på kva kvinnene fortel om deira kriminelle handlingar i lys av tidlegare forskning om kvinnekriminalitet. Kvinnene fortel om kriminalitetsmakkerar, tysting, spaning, og spelereglar. Mot slutten kjem eg inn på kvinnene sine tankar kring eigen og andres kriminalitet i tilknytning til omgrepa skam, offer og gjerningsperson.

7.1 Vendepunkt

Personlege narrativ kan verte sett på som prat organisert rundt betydelege hendingar, meiner Riessman (1993:3). Informantar fortel gjerne om spesielle hendingar i liva sine, ofte der det har vore brot mellom det ideelle og det reelle, mellom sjølvvet og samfunnet. Nokre av dei følgjande vendepunkta som kvinnene dreg fram i sine forteljingar er avgjerande for at kvinnene byrja med narkotika, andre er avgjerande for at dei hamna i fengsel.

Nina levde for ei stund tilbake eit ordna liv med ektemann, born, heim og jobb. Då eg spør Nina om kvifor ho byrja med narkotika, svarar ho:

Nina: Eg gjekk tilbake til [...] ti år etterpå, eg, skjønar du, og skilde meg frå [...]. Eg veit ikkje kvifor eg gjorde det. Men eg gjorde det, og fekk like store problem igjen. Og han røyka litt hasj. Og då brukte eg det som beroligande etterkvart. Såg på det som ein medisin for å halde nervane mine i ro etterkvart. Han fekk ni månader i fengsel for vald mot meg. Utan at eg melde han, for politiet går inn og melder dei òg. Då eg var 19 år så hadde dei ikkje moglegheit til det, så då trakk eg alle meldingar som var vorte gjort, då slapp han fengsel, men det gjorde han ikkje no. Eg hadde ikkje moglegheit for å trekkje noko som ikkje eg hadde meldt. Politiet melde han fordi det var grovt.

Politiet meldte sambuaren til Nina for vald begge gongane dei var ilag. Den fyrste gongen kunne ho som fornærma trekkje meldinga, noko ho gjorde. Dette resulterte i at sambuaren slapp fengsel, og at Nina etter nokre månader gjekk ifrå han. Då politiet meldte sambuaren hennar for andre gong nokre år seinare, kunne ikkje Nina trekkje attende meldinga slik ho gjorde den fyrste gongen. Ein regelendring har ført til at ein i dag berre kan trekkje attende eigne meldingar, ikkje meldingar gjort av politiet. I ein alder av over 30 år fekk altså Nina sitt

fyrste møte med narkotika, som var hasj, og vart ein del av eit rusmiljø. Denne hasjbruken ser ut som ein form for sjølvmedisinering sidan Nina brukte det som roande middel for å halde nervane i ro, truleg på grunn av sambuaren si fysiske mishandling av ho. Fengslinga av sambuaren førte til deira andre samlivsbrot. Også den neste mannen som Nina møtte, hennar noverande ektemann, var, og er, ein del av eit narkotikamiljø.

Også Anne levde eit ordna liv med sambuar og born. ”Då sprakk bobla, då gjekk det heilt bananas”, fortel Anne. Då eg spør Anne kva ho trur er årsaka til det, svarar ho:

Anne: Eg hadde jo ein sambuar, som eg då flytta frå. Dette blir mykje, eg håpar du greier å sortere det. Altså eg flytta frå far til ungane og faktisk budde saman med ein sosionom, sosionaut som eg kallar det, som dreiv ein sånn klinikk. Me var jo like rusa me, veit du, sant, det var jo heilt sinnsjukt. Men han slo og held på å ta livet av meg, veit du. Og då byrja politi på døra og...

Det var brotet med sambuaren som ho hadde sine tre born med, og møtet med denne nye mannen som brukte narkotika, som førte til vendepunktet for Anne.

Siv: Så då var det narkotika.

Anne: Ja, då byrja det liksom, det å døyve det med piller, liksom for å... Eg hadde jo heilt mine egne reglar, eg, veit du, sant. Eg hadde jo ikkje førarkort. For eg var fyllesjuk, ja, då drakk eg mykje faktisk. Og så byrja eg å ta piller for å liksom kunne køyre ungane i barnehagen, og så byrja det meir og meir og meir, og til slutt satt me inn nåla, og då... Og no sit eg her, herre gud, kva er det eg har gjort?

Samlivsbrotet og det nye forholdet sett fart på Anne sin rusbruk. Som Radosh (2004:216) peikar på gir ofte fengsling innsette deira fyrste moglegheit til å evaluere sine egne liv, noko det ser ut som Anne her gjer ved å spørje seg sjølv kva ho har gjort med og mot seg sjølv og sine næraste.

Hilde fortel om tre episodar som synast å vere vendepunkt i livet hennar. Det fyrste vendepunktet kom då ho var 14 år:

Hilde: [...] Eg hugsar korleis det byrja eigentleg. Eg ringte mora mi når ho var på jobben for eg skulle ha noko pengar. Og så seier ho at eg berre kunne gå i jakka til [...], som då bror min heiter. Og der var det jo ferdigmekka pipe liksom, og eg berre okay, [ler] og då var det jo gjort. Ja, nei, så frå dag éin som eg røyka så tenkte eg "det her skal eg gjere kvar dag liksom, det er jo heilt klart".

Hilde sitt fyrste møte med hasj vart etterfølgd av år med eksperimentering med narkotiske stoff. Då Hilde var 19 år tok foreldra grep om Hilde sin livssituasjon og prøvde å få ho rett kjøl igjen. Då eg spør Hilde om når ho fekk sin fyrste dom, svarar ho:

Hilde: Ja, eg kan fortelje fort då. Då eg var 19 år så, korleis blir dette her? Altså bestemora mi døde då eg var 18, så eg arva leilegheita etter ho liksom, men eg skjønnte jo ikkje ansvaret av det, så røyka jo bort det på eit år der. Så foreldra mine tvangssendte meg ned til [...] faktisk, så eg budde der, for å bli nykter. Det vart eg òg, og kom tilbake. Så var me ute og feira den fyrste kvelden der, og så kort fortalt, det som skjer er at eg blir valdteken av ein politimann faktisk. 19 år gamal. I ettertid så berre fortrenger eg det, men eg er jo som ein pitbull, ikkje sant, berre eg ser ein uniform så tiltar det totalt for meg. Så det ender med at eg hamnar i handgemeng med politiet, ganske brutalt eigentleg. Og då får eg min fyrste dom. Det er vald mot offentleg tenestemann, eg spytta han i ansiktet og masse sånn greier. Det er i 94. Eg får då 11 timar samfunnsstraff, 14 eller 11 timar, ja.

Det er paradoksalt at Hilde vert valdteken av ein politimann den dagen ho feirar sin nye start på livet. Etter denne valdtektsepisoden fekk Hilde eit dårleg forhold til politiet, noko som fører til at ho nokre år seinare får sin fyrste dom, ein dom for vald mot offentleg tenestemann. Etter denne samfunnsstraffa held Hilde unna straffeapparatet i fleire år, heilt inntil ho kjem attende frå ei jobbreise og ser at nokon har brote seg inn hjå ho og stelt verdifullt utstyr som ho treng for å utføre jobben sin som sjølvstendig næringsdrivande.

Hilde: [...] Korleis blir dette her då? Eg reiser ned på [...] jobb på [...], nei i [...] var det, i [...], og kjem tilbake til ingenting, og så ender det med at eg blir sett på hospits igjen, i år 2000 [ler]. Og frå der av så ballar det seg på. Eg hadde sånn grense liksom, aldri byrje med sprøyter, og aldri sitte inne liksom, men i ein alder av 30 så plutseleg då er løpet køyrt. Når du fyrst ein gong kjem innanfor murane, liksom, så kjem du faen meg aldri ut igjen altså.

Etter denne episoden hamnar Hilde på hospits igjen, og frå då av går det berre nedover.

Kristin sitt store vendepunkt i livet kom då ho, etter eit samlivsbrot med ein mann som ho hadde vore saman med i ei årrekkje, møtte ein ny mann.

Kristin: Og så har eg vore saman med ein fyr, som eg framleis er saman med då, i 15 år, og så hadde me ein sånn kjempeskjærings så me flytta frå kvarandre, og då kom eg borti ein fyr som fascinerte meg veldig altså, det må eg berre seie. Og det gjer han vel eigentleg endå [ler]. Men saken er no den at han la ikkje skjul på kva han dreiv på med, han altså. Han brukte ikkje noko stoff eller noko sånn altså, det var meir til partygreier og sånne ting, han var ikkje nokon narkoman då. Men han tente pengar på det.

Den nye kjærasten hennar dreiv med sal av narkotika medan han sona siste del av ein dom ved ein open fengselsavdeling. Litt etter litt vart Kristin vikla inn i narkotikaverksemda hans. Kristin oppsummerar historia med: ”Det er jo det største som har skjedd meg på negativ måte i mitt liv”.

Kari vart kasta ut heime frå i ein alder av 14 år, noko som ser ut til å ha hatt innverknad på det vidare livsløpet hennar.

Kari: [...] Då flytta eg fyrst til onkelen min, faren min kasta meg ut fordi at me krangla heile tida. Så budde eg der ei stund og så flytta eg saman med nokre eldre veninner. Eg har aldri budd heime etter det. Men eg fekk jo eit greitt forhold til foreldra mine då eg vart vaksen og sånn. Då var det ikkje greitt, det var berre krangling. Eg byrja å ruse meg då eg var 14 år gamal. Piller og alkohol og røyka hasj. Då eg var 16 år så byrja eg med amfetamin, og då eg var 19 så byrja eg med opiat.

Kva som kom fyrst, at Kari vart kasta ut for så å byrje å ruse seg, eller om ho vart kasta ut fordi at ho byrja å ruse seg, seier forteljinga ingenting om. Etter å ha budd ei stund hjå onkelen sin, flytta ho saman med nokre eldre veninner. Helgeland (2009:13) peikar på faren ved å flytte tidleg ut for seg sjølv, som Kari gjorde. Ifølgje Helgeland kan tilknytning til kjende eller vener som er eldre, styrkje oppleving av å meistre og å vere stor.

7.2 Kriminalitet

Tone, Nina, Kari og Kristin sonar domar for narkotikakriminalitet. Tone og Kari sonar for kjøp, sal og oppbevaring av narkotika, Tone sin straff er på 18 månader, medan Kari sin er på 19 månader. Nina sonar ein dom på 30 dagar for dei 30 gramma med hasj som ho vart teken med under ein biltur som enda i ein kollisjon. Kristin sonar 24 månader for medverknad til narkotikakriminalitet, oppbevaring av narkotika, og forsøk på sal av narkotika.

Marit sonar ein dom på 12 månader for å ha sett fyr på ein kommunal bustad som ho sjølv budde i. I tillegg påstår ein psykiatrisk sjukepleiar som Marit kjenner til at Marit ringte til ho og trua ho og familien hennar. Dette kan ikkje Marit hugse, og ho har vanskar med å tru at det skjedde. Slik eg forstår det sonar Marit også for desse trugslane no. Hilde sonar ein dom på fire månader for køyring i stolen bil. Denne domen skulle Hilde eigentleg sone som samfunnsstraff, men sidan ho ikkje møtte opp vart domen omgjort til fengselsstraff.

To av kvinnene, Liv og Anne, sit i varetekt og ventar på domane sine. Det er lagt ned påstand om 26 månaders fengsel for Liv si dokumentforfalsking av reseptar. Anne veit ikkje kva dom ho har i vente, bortsett frå at ho kjem til å måtte sone ei god stund for vinningskriminalitet, narkotikakriminalitet, og ulovleg oppbevaring av ammunisjon.

Som SSB (2006) sin statistikk viser oss er Tone, Nina, Anne, Kari og Kristin sine narkotikalovbrot, Hilde og Anne sin vinningskriminalitet, og Liv si dokumentforfalsking, typiske former for kvinnekriminalitet. SSB (2006) peikar på at narkotikakriminalitet særleg vert utført av noko eldre kvinner, noko som stemmer overeins med dei fem kvinnene sin alder som er mellom om lag 35-50 år. Dei åtte vinnene er straffa for mindre alvorlege lovbrott, slik som statistikken i både Noreg (SSB 2006) og USA (Balis 2007:320) viser at er vanleg. Her er det viktig å peike på at alle kvinnene som eg har snakka med sonar på lågt sikkerheitsnivå, noko eg valde som eit utvalskriterium. Dette forklarar kvifor kvinnene sonar for narkotika- og vinningskriminalitet, og ikkje til dømes narkotikasmugling i stor skala, eller drap.

Tone og Kristin sonar si fyrste fengselsstraff, medan Kari, Marit og Nina sonar sin andre dom. Liv sit i varetekt og ventar på si fyrste fengselsstraff, og det same gjeld for Anne. Hilde kjem nærast det ein kan kalle ein ”gjengangar” i utvalet. Ho sonar no sin sjetste fengselsstraff, og ventar på ein dom til. Dei åtte kvinnene sine fengselsstraffar varar frå 30 dagar til 26 månadar.

Tone og Kari har vore ”dopdealarar” i lange tider, men likevel er dette Tone si fyrste fengselsstraff, og Kari sin andre. Måten dei har drive verksemda si på kan delvis forklare kvifor dei ikkje har fleire fengselsstraffar bak seg:

Kari: [...] Eg har drive å ”deala” heile vegen, og passa på å ikkje byggje det for stort sånn at du går rett i kjellaren viss ting går gale, men halde det på eit sånn nivå der du tener nokre tusen om dagen og har til eige bruk. Så ordne seg dei riktige kontaktane og oppføre seg ordentleg, møte opp på avtaler og sånn så går det ganske greitt.

7.2.1 Kriminalitetsmakkerar

Grunna tidlegare funn gjort av Haugsgjerd (1992) og Vegheim (1995a) om at kvinner ofte gjer kriminelle handlingar i lag med menn, rekna eg med at fleire av kvinnene i utvalet mitt hadde gjort lovbrota som førte dei til fengsel i lag med ein mannleg partner. Denne antakinga stemmer i noko grad overeins med kvinnene sine forteljingar, men fire av dei åtte kvinnene er

einslege. Riktig nok budde den eine av desse fire einslege kvinnene, Kari, i lag med ein mann på fengslingstidspunktet, men ho skildrar forholdet som ein rusallianse, og ikkje eit forhold tufta på kjærleik. Forholdet gav Kari tilgang til ein bustad der ho livnærte seg av å selje narkotika ved sidan av å vere mottakar av uføretrygd. ”Dopdealinga” var hennar verksemd, mannen ho budde i lag med fekk ikkje ta utstrakt del i dette arbeidet, Kari var sjefen. Kristin, Hilde, Anne og Nina er alle sambuarar eller kjærstar med menn som lever på kant med lova. Hilde er rett nok i lag med ein meir lovlydig mann no enn han førre ho var i lag med:

Hilde: [...] Eg skal ikkje skulde på å seie at eg kom borti feil fyr liksom, men saman så var me superkriminelle. Så det var jo sin på sin plass at det, ja, at det gjekk som det gjekk liksom. Men, altså me levde av å vere kriminelle liksom, levde av innbrot og, men det stoppar jo fort opp då. Altså, det varte jo, det varte i ein femårsperiode liksom. Og etter det så har eg berre prøvd å på ein måte samle meg liksom, men det, det er vanskeleg altså.

Saman var Hilde og ekskjærasten ”superkriminelle”, men Hilde presiserar likevel at ho ikkje legg skulda for dette over på han. Kristin og ekskjærasten hennar vart fengsla for narkotikakriminalitet i lag. Det var Kristin sin ekskjæraste som dreiv med narkotikaverksemd, men Kristin fekk etter kvart ei slags medverkande rolle i verksemda. No er Kristin saman med ungdomskjærasten sin, men også han har sitte i fengsel, og det same har Nina sin ektemann. Anne sin sambuar sit fengsla no, også dei vart fengsla for kriminalitet som dei hadde gjort saman.

7.2.2 Tysting og spaning

Både Tone og Kari meiner at dei har vorte tysta på. Kari meiner det er andre narkotikaseljarar som har tysta på ho for å få ho vekk frå marknaden for ein stund, medan Tone meiner at nokon har gått til politiet og fortalt alt om ho. Ifølgje Vegheim (1995a:67) er det vanleg at kvinnelege innsette har vorte tysta på, det same gjeld spaning, noko som Kristin vart utsett for.

Som Shafft (2007:123) peikar på, er den type straffbare handlingar som vert gjort av personar frå lågare sosiale sjikt, ofte lettare å oppdage enn straffbare handlingar som blir gjort av personar frå høgare sosiale sjikt. Anne og Hilde sin vinningskriminalitet på gateplan er eit døme på dette. Det same må kunne seiast å gjelde Marit sin eldspåsetting av eigen bustad. Kari selde narkotika ifrå heimen sin, og eg forstår det som at også Tone gjorde det. Dette gjer

deira kriminelle verksemd mindre synleg enn lovbrota som nokre av dei andre kvinnene sonar for. Kristin fortel at ho vart spana på av politiet i opprullinga av ei stor narkotikasak:

Kristin: [...] Det som har skjedd er at dei har drive med telefonavlytting i den saken her, og han er visst, eg visste jo at han dreiv mykje, men eg visste ikkje at han dreiv så omfattande og så stort som det viste seg etterkvart som det her vart nøsta opp og forklart meg då. [...] Og dette her vart jo i ettertid prata mykje om, ikkje sant, såne type settingar, på telefonen. Og då kom det fram at eg visste, at eg hadde oppbevart, at eg hadde køyrt, at eg hadde motteke pengar, om det ikkje var direkte frå det så likevel når han sa det at "du kan reise heim til meg og hente 5000 kroner, og så kosar du deg litt".

Det er særleg ei politiavlytta telefonsamtale som førte Kristin bak lås og slå:

Kristin: [...] det vart teke opp i fengslinga at det var ein fyr som hadde ringt til meg og spurt om amfetamin, og eg hadde sagt at du kan ikkje snakke med meg om det, det må du snakke med [...] om. Og så hadde dette her utbrodert seg i prisar og gud veit ikkje kva, og så hadde dette her gått så langt då at, eg visste jo dei prisane, eg, så eg sa jo dei, eg trur det kostar sånn cirka det og det, men eg kan høyre med han for deg, sa eg, ikkje sant. Men så sa eg, kan ikkje de ta det dykk imellom? Og så hadde eg ringt [...] opp, men hadde eg ikkje ringt [...] opp så kunne dei aldri ha dømt meg. Men sidan eg ringte han opp og bad han om å ringe han fyren så hadde eg då formidla. [...] det er heller ikkje bevis på om eg veit noko meir om det, det er ikkje ein einaste meir telefonsamtale, eller bilete, eller ei hemmeleg ransaking, eller ei avlytting, det finst ikkje noko som helst meir på det.

Radosh (2004:215) meiner at nokre kjønnskilnader i lovbrotsmønster og andre kjønnsesifikke mønster relatert til idømming av straff, jobbar mot kvinner i narkotikasaker. Kvinner si involvering i narkotikahandel er oftast på det lågaste deltakingsnivået, men under amerikanske føderale lover om narkotikakonspirasjon, vert deltakarar med mindre roller, ifølgje Radosh, dømd til like lange, og ofte lengre, domar enn dei med nøkkelroller i distribusjonsnettverket. Såleis kan ei kvinne som køyrer kjærasten sin for å gjere ein narkotikahandel, og som ventar i bilen medan handelen vert gjort, ende opp med å sone ei lenger straff enn den faktiske narkotikahandlaren, hevdar Radosh (2004:215). Det var akkurat dette som skjedde med Kristin. Kristin enda opp med å sone ein omtrent like lang dom som ekskjerasten trass deira svært ulike roller i narkotikaverksemda.

7.2.3 Spelereglar

Den vesle skilnaden i straffeutmålinga for Kristin og ekskjærasten hennar, til trass for deira svært ulike roller i narkotikaverksemda, kan delvis verte forklart med at dette var Kristin sin fyrste dom, medan ekskjærasten hadde sitte fengsla fleire gonger før. Såleis hadde Kristin sin ekskjæraste betre oversikt over spelereglane enn Kristin:

Kristin: [...] Pluss at han, i motsetnad til meg, det er også ein sånn erfaring altså, men det er greitt, eg kan gå med hovudet heva, eg då, det kan jo ikkje han, sånn sett. Han har jo då tilstått alt, og forklart seg og forklart seg og forklart seg, og det har han nok eigentleg gjort med omsyn til meg, trur eg. Og det er vel det han har sagt også, for han har prøvd å prate meg utifrå dette her då. Han tykte jo også at det var heilt merkeleg at eg vart arrestert då. Medan eg så ikkje har forklart meg, altså, eg har gått i avhøyr, men det har berre vore for å få røyka [ler].

Kristin fortel at ho ved fleire høve vart oppmoda om å nytte seg av paragraf 52, andre ledd, men medan Kristin sin ekskjæraste nytta seg av paragraf 52, andre ledd, så gjorde ikkje Kristin det:

Kristin: [...] Men det eg har lært ifrå barndomen er at "sladrehank skal sjølv ha bank", og faren min har jo veloppdrege meg der. "Dersom du nokon gong skulle kom opp i noko, sei aldri det du veit. Ikkje gå i avhøyr, og viss du må gå i avhøyr så berre gå i avhøyr", så det har liksom vore sånn greie ifrå barndomen av, sånne morsomheitar eigentleg. Så det gjorde eg ikkje, og er turte ikkje heller, for eg skjønnte eigentleg rett og slett ikkje heilt kva dette var, eg trudde ikkje det hadde noko med meg å gjere. Eg trudde jo at dei skulle prøve å skremme meg fordi at eg omgjekk desse her gutane, så eg på ein måte skulle fortelje dei ein heil haug av kva dei dreiv med. Mange dagar tok det før enn at eg skjønnte at det var meg dei var liksom ute etter då, eg trudde eg berre var ei sånn bi-greie. Så eg var heilt roleg, eg berre flira av dei og. Nei, det tok lang tid før eg skjønnte det der.

Radosh (2004:216; 2002 i Balis 2007:321) meiner at kvinner generelt har mindre informasjon om å forhandle om reduserte straffar enn menn, noko me tydeleg ser at er gjeldande for Kristin. Kristin skjønnte ikkje kva ho vart tilbydd av straffeapparatet sidan innhaldet ikkje vart forklart godt nok for ho. I frykt for å måtte tyste på andre, valde Kristin å ikkje ta imot tilbodet om å nytte seg av paragraf 52, andre ledd. Faren til Kristin, som sjølv har fleire fengselsstraffar bak seg, hadde lært ho at "sladrehank skal sjølv ha bank". Dersom Kristin ikkje hadde følgd faren sitt råd, og motteke betre informasjon frå straffeapparatet hadde ho kunne fått ein mykje kortare fengselsstraff.

Heller ikkje Liv skjønnte omfanget av dei kriminelle handlingane sine. Når eg spør Liv om ho har vore fengsla før, svarar ho at dette er den fjerde gongen ho sit i varetekt.

Liv: [...] Men eg har ikkje fått noko dom før eller noko sånn, eg har berre sitte i varetekt i fire veker og så har eg sluppe ut, og så har dei ikkje gjort noko meir med saken.

Siv: Slitsamt å forhalde seg til?

Liv: Ja. Det hadde vore mykje lettare for meg i alle fall viss at politiet hadde fyrste gong sagt ifrå at her kjem det ein dom, og du kan risikere fengsel på så og så lang tid. Så eg hadde fått liksom opne auga for at oi, det eg driv med er faktisk så pass alvorleg. For eg satt jo i varetekt og så kom eg ut og så skjedde ingenting. Eg vart ikkje førespegla verken bøter, eller domar, eller nokon ting.

Liv mottok ingen informasjon frå politiet om alvorsgrada av lovbrota ho gjorde. Liv vart heller ikkje gjort kjend med kor lang ei eventuell fengselsstraff kunne kome til å verte. Hadde Liv kjend spelereglane betre kan det hende ho hadde handla annleis enn ho gjorde.

7.2.4 Eigen og andre sin kriminalitet

Dei åtte kvinnene meiner ikkje at dei har handla så veldig kriminelt. Fleire av kvinnene trekk eit skilje mellom handlingar som berre skadar dei sjølve, og handlingar som skadar andre. Kvinnene peikar særleg ut vald og import av narkotika som dømer på kva dei ser på som kriminalitet, to lovbrott som ingen av kvinnene er dømde for, og som heller ikkje er typisk ”kvinnekriminalitet” (SSB 2006). Kari peikar ut narkotikaimportørar som mykje meir kriminelle enn narkotikabrukarar:

Kari: [...] Eg kjenner jo alle desse, for har ein jobba ei stund innan miljøet og sånn, du kjenner alle og sånn. Sjølv eg lurar jo av og til på korleis det her fungerer, ikkje sant, fordi kvifor blir den teken og ikkje den? Kvifor faen tek dei ikkje alle dei her folka som verkeleg sit og pushar? For dei som sit med masse, men som ikkje brukar sjølv, det er klart at dei må jo vite kven dei er, men kvifor faen får dei gå? ”Lov og rett er eit nett der dei små heng i og dei store slepp fri” [ler].

”Lov og rett er eit nett der dei store slepp fri, og dei små sitt i”, seier Kari. Nils Christie ville nok sagt seg samd med Kari i dette utspelet. Ifølgje Christie (2000:63) er kampen mot narkotika ikkje berre er ein kamp mot *det* uønska, men også ein kamp mot *dei* uønska, noko som mellom anna fører til at fengsel ikkje vert fylt opp av ”narkohaiar”, men av utslåtte misbrukarar.

Kari: [...] Mykje av det som narkomane gjer, kriminelle handlingar, det er ein konsekvens av at dei er narkomane, ikkje sant. Hadde dei fortare kunne ha fått hjelp på ein måte. Det er forskjellig frå person til person kva ein treng å gjere. For meg, eg har trengt input av positive ting, lærer meg litt å konsentrere meg og sånt, men det trur eg at eg kan lære meg å gjere.

Dersom samtala opna for det spurte eg kvinnene som brukte narkotika om dei meinte at til dømes hasj burde legaliserast. Ingen av dei spurde kvinnene meiner at legalisering er ei god løysing, som Hilde om forslaget om å gi heroin på resept: "Eigentleg er eg heilt imot alt som er av, ja, heroin og sånne type ting liksom", og Anne:

Siv: Kan eg spørje deg om kva du tenkjer om til dømes å legalisere?

Anne: Eg er kjempemotstandar. Det er å gi opp menneske. Altså sant, det å gi metadon til dømes, det er det same som å gi heroin. Altså, du gir opp menneske, du seier at dei får ikkje vere med oss i samfunnet, dei får berre vere der, sant. Det syns eg, det skal ikkje vere lov. Du skal ikkje gi oss opp, aldri [ler]! Og eg tenkjer på ungane mine òg, altså, fy fader, nei...

Legalisering av narkotika er ifølgje Anne det same som å gi opp menneske. Kari meiner ikkje at fri flyt av narkotika er ei god løysing, men at ein heller bør setje i gong fleire hjelpetiltak:

Kari: [...] Veit du, akkurat det der det veit eg ikkje. [...] Det vil alltid vere narkomane og det blir stress for dei å måtte gjere så masse tull, men fri flyt har vel heller ikkje vore noko løysing. Så eg veit ikkje, ikkje sant.

Siv: Det er vel ingen som veit.

Kari: Nei. Men akkurat det viss ein kunne avkriminalisere, men heller prøve å takle det problemet på ein anna måte, så kan det hende dei kunne ha gjort ein like god jobb. Fordi at det er jo ikkje særleg vellukka å la folk få trykke i seg så mykje dop som helst, ikkje sant.

Kampen mot narkotika, som av nokon har vorte kalla kampen mot kvinner (Lilly m. fl. 2007:229; Chesney-Lind 1995 i Bush-Baskette 2004:185), ser Kari slik på:

Kari: Det virkar som at du gidd å slåss for noko du veit du ikkje kan vinne. Målet må jo vere å redusere, eller lage det til eit så lite problem som mogleg. [...] Men å tru at dei skal kunne fjerne det - niks, nada, det trur eg ikkje noko på.

Kvinnene legg altså ikkje så mykje skuld på rettsvesenet eller lovgivinga, men er samde i at narkotika bør vere ulovleg. Hilde nemner at ein burde skilje meir mellom harde og lettare narkotiske stoff, og måle ut straffa etter dette. Vidare kritiserar Hilde prøvetidsordninga på to år, som ho meiner gjer det umogeleg å kome ut av ein vond sirkel.

7.3 Skam

Det vert frå fleire hald hevda at kvinnelege innsette opplever ei stor grad av skuld og skam ved at dei er straffa (Lindberg 2005 i St. meld. 2009:62; Haugsgjerd 1992:116). Men dei fleste kvinnene i mitt utval framstiller ikkje det å sitje i fengsel som ein dramatisk og skamfull situasjon, eit fengselsopphald er ikkje noko katastrofe for desse kvinnene. Nokre seier at dei ser på fengselsopphaldet som ein ferie, andre ser på det som eit høve til å ordne ting som trygd og medisin, få roa seg ned, og fått i seg litt god mat.

Nina: [...] Eg syns det er veldig allright å vere her, eg, for eg veit jo at det er korte domar eg skal sone, og eg syns det er veldig mange interessant, hyggelege menneske her, og er lærer veldig mykje, og eg lid ingen naud, viss du skjønar. [...] Elles skammar eg meg ikkje over å seie det. Eg ser på det som ein erfaring, ein lærerik erfaring som fleire menneske burde ha vore igjennom for å få eit litt breiare syn på kven me menneske er. Og det er ikkje farleg å vere ein månad i fengsel. [...] Då eg kom hit no så visste eg kva eg gjekk til, eg tek det som ein ferie. Eg syns det er deilig å vere her, og syns det er hyggelege menneske og, ja, eg kosar meg her. [...] Mine erfaringar er berre positive.

Fleire av kvinnene fortel meg at alle kan hamne i fengsel, og at det kan skje med kven som helst:

Nina: [...] og så er det ein ting til, du skal ikkje tru du er noko betre enn andre. Me er alle menneske, og me kan kome skeivt ut. Nokon er uheldig og gjer det veldig tidleg, nokon har ikkje hatt ein god barndom, andre kjem frå rikmannsfamiliar, er bortskjemde. Alle typar menneske hamnar innanfor murane, alle typar menneske kan hamne i eit rusmiljø.

Kari: [...] Det er veldig mange som trur at kriminelle og damer og uff, og med gutar og fengsel og sånn... Me bur på eit avgrensa område, men me er vanlege menneske alle saman. Eg veit ikkje kor ein skal reise for å finne alle dei folka som ein trur er så annleis.

Alle kan sjølvsagt hamne i fengsel, men eg trur ikkje det er å rekne som heilt tilfeldig at akkurat desse kvinnene sit fengsla, noko eg kjem attende til i kapittel 8.

7.3.1 Offer eller gjerningsperson?

Katsulis og Blankenship (2008:93) meiner at det er eit utbreidd syn på kvinner som offer, og at kvinner lettare vert sett på som offer enn menn som er i same situasjon, noko som er ideen bak det Anderson (2008:1-2) kallar det patologiske og maktesløyse perspektivet. Tilpassing til dette synspunktet kan ha individuelle gode, men det kan også vere farleg i den grad det forsterkar ideen om kvinner som passive ofre på alle livsområde, og som såleis stengjer døra til handlekraft og potensialet for signifikant meningsfull endring. I trå med dette skriv Bourdieu (2000:29) om det fundamentale inndelingsprinsippet som skil det maskuline, som er aktivt, frå det feminine, som er passivt. Men kvinnene i utvalet mitt ser på seg sjølve som aktive, og ikkje som ofre, og tek såleis på seg skulda for sin eigen livssituasjonen. Dette går overeins med Koch (1993:111-112) sin påstand om at kvinner, i langt mindre grad enn menn, er tilbøyelege til å forklare sin kriminalitet som ei følgje av deira belastande totale situasjon.

Vanskeleg oppvekst og familiebakgrunn kan i følgje fleire av informantane ikkje skuldast for at det gjekk som det gjekk, dette meiner kvinnene at dei sjølv er skuld i. ”Ein kan ikkje seie noko sånn som at familien min har skuld i min eigen situasjon”, fortel Marit. Dette er Marit veldig klar på, det er ikkje familien sin feil at det gjekk som det gjekk. Etter at Marit sin far døydde vart Marit si mor skulda for omsorgssvikt, sidan ho brukte mykje tabletar. Det var difor Marit måtte flytte i fosterheim, men Marit sjølv syns ikkje at mora var skuldig i omsorgssvikt. Etter eitt år eller to i fosterheim rømte Marit. ”Eg var veldig vill i min ungdom”, fortel Marit, og legg såleis skuld over på seg sjølv. Marit vart altså plassert i fosterheim på grunn av mora sin pillemisbruk, og dottera til Marit vart plassert i fosterheim på grunn av Marit sin pille- og alkoholmisbruk. Trass i Marit og dottera si felles skjebne, ser det ikkje ut til at Marit trekk noko parallell mellom sin eigen oppvekst og dottera sin oppvekst. Marit tek på seg skulda for at både ho sjølv og dottera hamna i fosterheim. Helgeland (2009:12) finn i si studie om ”problemungdom” at informantane ofte løfta fram det positive ved foreldra, til trass for ein vanskeleg barndom, slik Marit her gjer.

Sjølv om nokre av kvinnene dreg fram at dei ikkje følte seg tilpass på skulen, at dei hadde problem med å sitje stille, eller at dei vart stempla som uokråker, legg dei ingen skuld for dette over på skulesystemet. Det var dei sjølve som var problemet, ikkje eit lite tilrettelagt læringsmiljø, eller manglande oppfølging. Ifølgje kvinnene var det også dei sjølve som valde å byrje med bruk av rusmiddel, og det var dei sjølve som oppsøkte eit eventuelt rusmiljø. Marit seier at ho ikkje vart ferdig med festinga, medan Tone fortel at ho ”likte rusen litt for

godt". Også Hilde likte rusen godt. Allereie ved sitt fyrste møte med narkotika, som var hasj, tenkte Hilde at å ruse seg skulle ho heilt klart halde fram med.. Yasmina Katsulis og Kim M. Blankenship (2008:89) peikar på at fleire har funne ein samanheng mellom gjenteken offergjering av kvinner og deira avhenge av rus (McElrath m. fl. 1997; Sung-Yeon m. fl 2002; Brems m. fl. 2004; Becker og Grilo 2006; Hyman m. fl. 2006). Men kvinnene i mitt utval held fast på at det berre er dei sjølve som kan lastas for at dei byrja med rusmiddel

Fleire av kvinnene i mitt utval har rusproblem, har hatt ein ustabil oppvekst, har vorte misbrukt eller vore vitne til misbruk i heimen, har vakse opp med foreldre med rusproblem, og har vorte oppseda utan foreldre som har beskytta dei, trekk som alle vert bekrefte av tidlegare forskning (Greene m. fl. 2005 i Balis 2007:329; Chesney-Lind og Rodriguez 2004:297). Chesney-Lind og Rodriguez (2004:297) meiner difor at innsette kvinner sine bakgrunnar viser eit forhold mellom offergjering og involvering i rettssystemet som kan utgjere ein systematisk kriminaliseringsprosess som er unik for kvinner. Men kvinnene i mitt utval vil likevel ikkje kalle seg sjølve for ofre.

Oppsummering

Eg har i dette analysekapittelet prøvd å vise at kvinnene si negative overlast, som mellom anna inkluderar vanskelege oppvekstvilkår, mangelfull utdanning, lite arbeidserfaring, rusmisbruk, helseproblem og fråteken foreldrerett, fører til negative utfall. Kvinnene fortel om episodar som ser ut som vendepunkt i deira liv. Nokre av desse vendepunkta tolkar eg som avgjerande for at kvinnene byrja med narkotika, andre som avgjerande for at dei hamna i fengsel. Eg vil hevde at det i stor grad er kvinnene sine bakgrunnar med negative overlast som førte dei inn i narkotikamisbruk og kriminalitet. Ikkje alle av kvinnene, kanskje til og med dei færraste, vil seie seg samd med meg i denne påstanden. Denne usemja trur eg handlar om at kvinnene i stor grad tek på seg skulda for at det gjekk som det gjekk med dei.

8. Mangel på anerkjening

Frankfurterskulen, som Honneth er ein del av, er ein sosialfilosofisk tradisjon som tek mål av seg å samanreflektere empiriske, normative og kritiske aspekt på ei og same tid (Lysaker 2007:182). Honneth er oppteken av korleis erfaringar, særleg negative erfaringar, påverkar sjølvforståinga, samfunnsforståinga, og motivasjonen vår til å delta i diskursar eller for å i det heile teke handle (Lysaker 2007:193). Eg vil i dette kapittelet difor prøve å svare til ein av aspirasjonane i "kritisk teori" ved å fokusere på eit empirisk utval, åtte innsette kvinner, sine konkrete negativitetserfaringar.

Som eg har freista å vise i dei to tidlegare analysekapitla fører kvinnene si negative overlaster til negative utfall. Kvinnene sine mange forteljingar om påbyrja, men ikkje gjennomførte prosjekt, som skulegang, arbeid, og familieetablering, fekk meg til å tenkje på Honneth sin anerkjeningsteori. Eg vil i dette siste analysekapittelet difor argumentere for at kvinnene si mangel på anerkjening fører til at det vert vanskeleg for kvinnene å utvikle dei tre sjølvforholda, sjølvtilitt, sjølvaktning og sjølvverdsetjing som Honneth ser som minimumsføresetnader for å kunne realisere seg sjølve og såleis kunne leve eit godt liv.

I den andre delen av dette kapittelet set eg søkjelys på kjønna forventingar som vert stilt til kvinner. Nokre slike kjønna forventingar er at kvinner skal vere andre-, familie-, og omsorgorienterte, som vist i kapittel 5. Honneth legg, som tidlegare vist, vekt på kor viktig "mora" er for born sine fyrste leveår, og for at born skal kunne utvikle sjølvtilitt, som Honneth ser på som det grunnleggande sjølvforholdet, noko som altså gir kvinner ein moglegheit til å oppnå anerkjening også gjennom det å vere ei god mor. Dersom mødrer ikkje klarar å borna sine ein god oppvekst, mistar dei foreldreansvaret for borna sine, og står såleis att med endå ein mindre arena som dei kan oppnå anerkjening på, og som kanskje endå meir devaluert enn fedrar i same situasjon sidan det å gi omsorg er ei forventning som spesielt vert stilt til kvinner. Eg vil sjå på korleis mødrene stiller seg til desse kjønna forventingane, og korleis dei relaterar seg til rollene som den gode mor og den gode hjelper.

8.1 Krenking versus anerkjenning

I sitt arbeid omkring fenomenet og omgrepet anerkjenning, som eg presenterte i kapittel 5, er Honneth særleg oppteken av sjølvrealisering, og moglegheita for sjølvrealisering i det moderne samfunn. For at eit menneske skal kunne realisere seg sjølv må ein altså ivareta livet sitt i kraft av anerkjenninga sine tre aspekt; kjærleik, rettar og solidaritet (Lysaker 2007:196). Om eit samfunn ikkje legg til rette for at desse eksistensføresetnadane ligg føre, er samfunnet, ifølgje Honneth, patologisk og må verte kritisert og endra deretter (Lysaker 2007:196).

”Ved hjelp av sontringen mellom tre anerkjennelsesformer kan vi dermed systematisk fremheve like mange former for ringeakt, og forskjellene mellom disse må vurderes ut fra i hvilken grad de kan ryste en persons praktiske selvforhold gjennom å nekte personen anerkjennelse av bestemte identitetskrav”, skriv Honneth (2008:141). Honneth skildrar ”krenkinga sin fenomenologi” som å bestå av tre former for krenking og dertil tre korresponderande anerkjenningsformer, nemlig; overgrep versus kjærleik; ekskludering versus rettar; misakting versus solidaritet (Lysaker 2007:192). Krenking viser til former for ringeakt eller manglande anerkjenning, skriv Honneth (2008:140).

Eg vil no sjå om kvinnene har oppnådd dei tre formene for sjølvforhold, altså sjølvtilitt, sjølvvakt og sjølvverdsetjing, som Honneth meiner at til saman utgjer dei nødvendige minimumsføresetnadane for det som i den filosofiske tradisjonen vert kalla for ”det gode liv” eller ”vellinga sjølvrealisering” (Jakobsen 2009:19).

8.1.1 Kjærleik og sjølvtilitt

Som me såg i kapittel 5 handlar anerkjenning for Honneth fyrst og fremst om kjærleik, og menneske sine felles og ufråvikelege behov for å elske og verte elska. Eit barn sitt liv startar i primære kjærleiksrelasjonar der det skal lukkast i den vanskelege og utrygge balansen mellom sjølvstende og avhenge av foreldra. Honneth (2008:116) skriv at ”Dette grunnsjiktet av emosjonell trygghet, som ikke bare foreligger i erfaringen, men også i ytringen av egne behov og fornemmelser, og som den intersubjektive kjærlighetserfaringen bidrar til, utgjør den psykiske forutsetningen for å utvikle enhver annen form for selvrespekt”.

Men kva skjer så når born veks opp under vanskelege oppvekstvilkår, som me i kapittel 6 såg at fleire av kvinnene gjorde? Nokre av kvinnene sine oppvekstar inkluderar mellom anna foreldre med rusproblem, foreldre i fengsel, foreldre med psykiske problem, og flytting til fosterheimar. ”Det er ikkje alt ein vil hugse frå den tida. Det er så lenge sidan”, fortel Marit om oppveksten sin, medan Kristin fortel at ho ”Hadde ein ganske turbulent og utrygg barndom”. Det kan virke som ei plausibel antaking at desse vanskelege oppvekstvilkår la dårleg til rette for at kvinnene i tilstrekkeleg grad kunne elske, og verte elska, av sine næraste, og såleis utvikle det grunnleggande sjølvforholdet som Honneth kallar sjølvtilitt. Fire av kvinnene har budd i fosterheimar av ulikt slag, Kari budde hjå onkelen sin, Kristin hjå eit venepar av foreldra, Hilde hjå ei kvinne som også hadde andre ”problemungdom” buande hjå seg, og Marit i ein tradisjonell fosterheim. Kari fortel at ho familien hennar ikkje har kutta kontakta med ho, sjølv om ho har vore ei narkoman dotter og syster.

Kari: [...] Det er eg veldig glad for, at familien min ikkje har vore sånn, sjølv om far min har vore litt flau over meg av og til i forhold til naboar og sånt, men dei har ikkje vore noko fordømmende overfor meg liksom. Eg har vore bra nok, sjølv om eg ikkje har klart noko betre enn å bli narkoman så har eg vore bra nok.

Kari si utsegn om at ho ikkje klarte å verte noko betre enn ein narkoman ser for meg ikkje ut til å reflektere gjensidig anerkjening og sjølvtilitt. Sjølv om familien ikkje har kutta kontakta med Kari betyr ikkje dette at dei har god kontakt. Seinare i intervjuet fortel Kari at ho ikkje hadde kontakt med familien sin dei ni siste år før ho kom inn for sone for lovbrota som ho no sit fengsla for.

Overgrep versus kjærleik

Honneth ser på overgrep som ei form for krenking som korresponderar med anerkjenningsforma kjærleik (Lysaker 2007:192). ”De formene for praktisk ringeakt hvor et menneske nærmest blir fratatt enhver mulighet til fritt å disponere over sin egen kropp, utgjør den mest grunnleggende formen for personlig fornedrelse”, skriv Honneth (2008:141). Vidare skriv Honneth (2008:141) at ”Fysisk mishandling utgjør en form for ringeakt som varig skader subjektens tiltro til at det på en autonom måte kan koordinere sin egen kropp, en tiltro som er innlært gjennom kjærlighet”.

Det viser seg at nokre av kvinnene, i tillegg til å ha vakse opp under ganske vanskelege oppvekstvilkår, har vorte utsette for slik krenking i form av overgrep i oppveksten eller sitt

vaksne liv. Dette er ikkje overraskande når me ser på (BJS 1999 i Balis 2007:320) sine empiriske funn av at kvinnelege innsette i større grad enn menn har vorte utsett for mishandling av fysisk og/eller seksuell karakter, både som born og vaksne. Anne fortel om oppveksten sin at ”det har vore mykje, det har vore rus, det har vore vald, det same gamle. Mange sår, ja. Det er tøft å tenkje på, sant”. Også Kristin fortel at det har vore: ”[...] Mykje vald og, både mot mor og mot meg då. Så det var mykje sånn”. Anne og Kristin sine kommentarar vitnar ikkje om ein trygg oppvekst i det Honneth vil kalle gode kjærleiksrelasjonar, men heller det stikk motsette.

Nina derimot fortel at ho har ”Hatt ein god oppvekst, eg har hatt ei god barneoppseding og eg har hatt fornuftige foreldre”. Nina fortel her om gode kjærleiksrelasjonar mellom seg og foreldra. Slike gode kjærleiksrelasjonar skal me, ifølgje Honneth, seinare i livet lukkast med overfor vener og partnarar. Når balansen mellom sjølvstende og avhenge vert verkeleggjort på eit omsorgsfullt vis, kan me utvikle det Honneth kallar sjølvtilitt, altså ei kjenslemessig sikkerheit og sjølvfortrulegheit både i vårt eige og andre sitt selskap (Anderson 2009:18). Men då Nina i sin ungdom gjekk inn i sitt fyrste sambuarskap skjedde ikkje dette. Sjølvtilitta som Nina hadde oppnådd i barndomen vart då delvis øydelagt. Nina vart utsett for gjenteken fysisk mishandling av ekssambuaren sin:

Nina: [...] I tillegg så var han sjukleg sjalu så han trudde eg var utru så fort eg var utanom døra, så eg fekk veldig mykje juling. Det har sjølv sagt prega livet mitt ein del etterpå. [...] Det er lenge sidan eg har tenkt på det, men det sit jo der då. Og så vart det slutt mellom oss etter 8 månader, 9 månader, då orka eg ikkje meir. Då hadde eg fått nok juling, vore såpass mykje på sjukehus at då orka eg rett og slett ikkje meir.

Sjølv om Nina hadde vorte mishandla av ekssambuaren over lengre tid, gjekk ho attende til han nokre år etter at dei hadde gjort det slutt: ”Eg gjekk tilbake til [...] ti år etterpå, eg, skjønar du, og skilde meg frå [...]. Eg veit ikkje kvifor eg gjorde det. Men eg gjorde det, og fekk like store problem igjen”. Også denne gongen vart Nina mishandla. Begge gongene dei var saman melde politiet han for grov vald. Denne gongen enda forholdet i at ekssambuaren vart dømd til fengselsstraff. Også Anne sin ekssambuar utsette ho for fysisk mishandling:

Anne: [...] Altså eg flytta frå far til ungane og faktisk budde saman med ein sosionom, sosionaut som eg kallar det, som dreiv ein sånn klinikk. Me var jo like rusa me, veit du, sant, det var jo heilt sinnsjukt. Men han slo og held på å ta livet av meg, veit du. Og då byrja politi på døra og...

Anne fortel her at ekssambuaren held på å ta livet av ho gjennom fysisk mishandling, medan Nina fortel om gjentekne sjukehusinnleggingar på grunn av den fysiske mishandlinga ho vart utsett for. Verken Nina og ekssambuaren, eller Anne og ekssambuaren, lukkast altså i spenningsfeltet mellom sjølvstende og avhenge. Det ser ikkje ut til at dei to kvinnene sine ekssambuarar hadde ei slik kjenslemessig sikkerheit og sjølvfortrulegheit i sitt eige og andre sitt selskap, som Honneth snakkar om.

Som Nina og Anne har også Hilde vorte utsett for mishandling, seksuell mishandling. I motsetnad til Nina og Anne vart ikkje Hilde utsett for mishandling av ein person som ho hadde ein nær relasjon til, men av ein ukjend autoritetsperson.

Hilde: [...] Så var me ute og feira den fyrste kvelden der, og så kort fortalt, det som skjer er at eg blir valdteken av ein politimann faktisk. 19 år gamal. I ettertid så berre fortrenger eg det, men eg er jo som ein pitbull, ikkje sant, berre eg ser ein uniform så tiltar det totalt for meg.

Honneth (2008:141) påpeikar at ”ethvert forsøk på å bemektige seg en annen persons kropp mot personens vilje, uansett hva hensikten er, fører til en ydmykelse som i langt større grad enn andre former for ringeakt griper destruktivt inn i menneskets praktiske selvforhold”. Politimannen si krenkande handling overfor Hilde viser ein mangel på anerkjenning av Hilde som ein person med rettar. Det synast som ekstremt når ein representant frå politiet, som jo er dei som skal handheve lova, plasserar Hilde utanfor lova. Etter denne krenkande episoden fekk Hilde, ikkje overraskande, eit dårleg forhold til politiet:

Hilde: [...] Så det ender med at eg hamnar i handgemeng med politiet, ganske brutalt eigentleg. Og då får eg min fyrste dom. Det er vald mot offentleg tenestemann, eg spytta han i ansiktet og masse sånn greier. Det er i 94. Eg får då 11 timar samfunnsstraff, 14 eller 11 timar, ja.

Vidare skriv Honneth at ”det karakteristiske ved slike former for fysisk krenkelse, for eksempel tortur eller voldtekt, er nemlig ikke den rent kroppslige smerten, men at smerten kobles til følelsen av å være fullstendig underlagt et annet subjekts vilje i den grad at man kan miste den sanemessige virkelighetskontakten”. Kjensla av krenking vert etter nokre år så sterk for Hilde at ho gjengjeld krenkinga som ho vart utsett for ved å krenke ein annan politimann. Dette fører til at ho får sin fyrste dom, ein dom for vald mot offentleg tenestemann. Desse to episodane viser gjensidig krenking, det motsett av gjensidig anerkjenning.

Erstatning for mangel på anerkjenning

Det synast som at mangel på anerkjenning fører til at ein søker ”erstatningar” annan stads. Mellom anna er både Nina og Kristin ein del av eit rusmiljø, sjølv om dei sjølv ikkje er rusmisbrukarar, og såleis ”treng” å vere i slike miljø. Eit anna døme på dette gir Kari, som ikkje fann seg til rette på skulen. Kari fortel at ho var altfor aktiv til å kunne sitje i ro på skulebenken, noko ho i dag trur kan skuldast ADHD. I åttande klasse slutta Kari på skulen. Då eg spør Kari om ho kan fortelje litt om då ho byrja å ruse seg, og om ho til dømes hamna i eit miljø, svarar ho:

Kari: Du finn alltid vener som... Eg var saman med folk som stort sett var litt eldre enn meg, men når du liksom allereie er stempla som ein som ikkje klarar å følgje med, som ikkje klarar såne...at du er ein sånn uskikkelge person, så blir det til at dei som er veldig ordentlege tek avstand frå deg og du tek avstand frå dei for det er skilnad. Anten er du ein av dei bra, eller så er du ein av dei dårlege. Og når du er ein av dei dårlege då kan du like gjerne berre gjere det som alle dei dårlege gjer.

På grunn av Kari sitt høge aktivitetsnivå følte Kari at ho vart stempla som uskikkeleg. Denne mangelen på anerkjenning førte til at dei ordentlege elevane tok avstand frå Kari, og at Kari tok avstand frå dei ordentlege elevane. Då Kari ikkje vart anerkjend for den ho var på skulen, søkte ho mot eit nytt miljø der ho kunne oppnå anerkjenning og stadfesting.

Kari: [...] Så er det sånn at viss du fyrst er ein person som ikkje er bra, sant, spesielt når du er så ung, så er det ikkje liksom så nøye om du gjer ting som er kriminelt, eg trur aldri eg tenkte meg om. [...] Det var eigentleg ikkje, det er ingen grenser, ikkje sant, tenkjer seg ikkje om for du er allereie tilhøyrer dei som gjer det.

Då Kari fekk mangel på anerkjenning på skulen søkte ho altså mot eit nytt miljø der ho kunne verte gjensidig anerkjend med dei andre i miljøet.

8.1.2 Rettar og sjølvakting

I kapittel 5 gjekk det fram at anerkjenning for Honneth for det andre handlar om rettar, og individet sin status av å vere eit moralsk tilrekeleg samfunnsmedlem. Det Honneth kallar sjølvakting er ei respekt for oss sjølve som moralsk tilrekelege individ (Jakobsen 2009:18). Den mest fullstendige forma for sjølvaktande autonom verksemd kan berre verte realisert når ein er anerkjend som å ha evna til å vere ein ”legale person” og moralsk ansvarleg aktør.

Men kva skjer så når ei negativ overlast fører med seg negative utfall, som rusmisbruk og kriminalitet, som me i kapittel 7 såg at det gjorde for kvinnene? Då eg spør Anne om ho har nokre mål for framtida, svarar ho: ”Det å vere uavhengig, og ikkje på ein måte må passast på, for det må eg jo no. Eg er til skade for meg sjølv og samfunnet, det er ikkje tvil”. Anne ser altså ikkje på seg sjølv som ein legal og moralsk tilrekneleg person, men som ein person som er til skade både for seg sjølv og fellesskapen. Ingen av dei åtte kvinnene kan kallast legale personar sidan alle sit fengsla for lovbrøt dei har gjort. Dette peikar mot at noko har gått gale, og at kvinnene ikkje har realisert det Honneth kallar sjølvvakting. I denne samanhengen står Hilde si forteljing om då ho vart valdteken av ein politimann fram som paradoksal. Honneth ser, som tidlegare nemnd, på valdtekt som ei av dei mest grunnleggande formene for krenking. Politimannen, som altså hadde som oppgåve å handheve det legale, si grove og illegale krenking av Hilde fører til at ho utviklar eit sinne overfor politimenn som til slutt resulterer i at Hilde sjølv mishandlar ein politimann. Dette lovbrøtet fører til at Hilde må sone sin fyrste dom, og gjer at Hilde kan kategoriserast som ein ”illegal person og moralsk uansvarleg aktør”.

Ekskludering versus rettar

Honneth ser på ekskludering som ei form for krenking som korresponderar med anerkjenningsforma rettar (Lysaker 2007:192). Men har kvinnene vorte ekskluderte? Kvinnene fortel ikkje om nekta rettar, men eg trur at fleire av kvinnene sine vanskelege oppvekstar kan ha gjort kvinnene lite førebudde til å ta imot og nytte seg av rettane sine. Til dømes byrja fleire av kvinnene på vidaregåande opplæring, som er ein rett alle har, men få klarte å gjennomføre skulegangen.

8.1.3 Solidaritet og sjølvverdsetjing

For det tredje handlar anerkjening for Honneth om sosial verdsetting av eigne prestasjonar og evner, og om å bli inkludert i eit verdifelleskap, som vist i kapittel 5. Honneth (2008:130) skriv at ”For å oppnå et ubrutt selvforhold trenger subjektene ikke bare å erfare affektiv hengivelse og rettslig anerkjennelse, men også sosial verdsetting. Denne gjør det mulig for subjektene å forholde seg positivt til sine konkrete egenskaper og ferdigheter”.

Honneth meiner at ein gjennom eit bestemt type arbeid oppnår å vere bidragsytarar til eit verdifellesskap, altså eit samfunn (Jakobsen 2009:17). Denne påstanden frå Honneth gir den empiriske forskinga til Petersilia (2003 i Friestad og Skog Hansen 2004a:70) støtte for ved å peike på at arbeidstilknytning er noko av det som i størst grad knyt vaksne til det konvensjonelle samfunn. Av dei åtte kvinnene som eg har snakka med var Kristin den einaste som var i lovleg arbeid på fengslingstidspunktet. Liv, Hilde og Nina har tidlegare vore knytt til det lovlege arbeidslivet over lengre tidsperiodar, medan Tone, Anne og Marit har hatt nokre strøjobbar, men stort sett vore heimeverande. I dag er heile fem av dei åtte kvinnene uføretrygda. Utan denne tilknytninga til det legale arbeidslivet som Honneth vektlegg, får ikkje kvinnene kjensle av å vere bidragsytarar til samfunnet. Fleire av informantane oppfattar seg sjølv som å ikkje vere ein del av samfunnet, men at dei lev på sida av det. Fleire av kvinnene lev rett og slett nokså isolerte liv, noko me ser uttrykk for i Kari si forteljing:

Kari: Dei siste åtte åra har eg liksom sitte på [...] i ei leilegheit og seld heroin og ikkje vore utanfor døra. Berre gått på nærbutikken og tilbake igjen sånn eit par gonger i veka. Då eg kom inn i fengselet så trudde eg at det var 2004, og så var det 2009. Eg visste ingenting. Visste ikkje kven som var statsministar i Noreg, ingenting. Det var heilt skremmande å oppdage kor lite eg hadde fått med meg.

Marit sin livssituasjon før fengslinga likna Kari sin. Sjølv gjekk Marit sjeldan ut av huset, men fekk andre til å kjøpe og bringe alkohol til ho. I fengselet har Marit byrja å følgje med på radio og nyhender for å prøve å hengje med. Før var ho veldig likegyldig, no prøver ho å følgje med ved mellom anna å prøve å hugse kva dagens dato er.

Utan ei produktiv rolle i samfunnet, og faste rammer rundt seg, vert det fort ein kaotisk livssituasjon, noko Hilde påpeikar: ”Etter det har det berre vore, ja, alt har berre vore veldig laust liksom. Eg har vore ein person som alltid har liksom fast leilegheit og faste ting rundt meg, til ikkje å ha nokon ting liksom, det er berre, alt berre kjem og går sånn liksom”.

Hilde: [...] Eigentleg har heile meg vore heilt kaos, ikkje sant, men så har eg kome meg ut då og så jøss, så har eg sikkert klart meg sjølv, men på feil premissar, ikkje sant. Som gjer at det går gale igjen, og så er det berre inn igjen, og så er det ein evig karusell, ikkje sant, som eg egentleg ikkje er hypp på å vere på i det heile teke, eg er jo berre møkka lei det greiene der liksom.

Utan faste rammer og haldepunkt føler Hilde at ho er på ein evig, negativ karusell som ho vil av, men ikkje kjem seg av. Også Anne ser ut til å leve eit ganske isolert liv, på sida av samfunnet:

Anne: No i det siste har det jo berre dreia seg om pengar og, sant. Dei siste åra har eg innsett at eg lev på sida, det har berre dreia seg om det, eg har ikkje gidda å pynta på fasaden, for dette løpet er køyrt, liksom. Så eg har pusha, seld stoff, berre vore kriminell, ja [ler]. Eg meinte det jo ikkje vondt, men det vart berre slik. Den har du høyrte før? [ler].

Anne har levd på sida av samfunnet, men i fengselet er situasjonen ein annan. Arbeidsplikta som kjøkkenjente endrar nemleg på Anne si haldning til samfunnet. ”Eg har funne ut at den verda her inn liksom, her er forpliktingar, det ante eg jo ikkje kva var, sant”, fortel Anne. I fengsel vert det stilt forventingar og krav til dei innsette ved at alle mellom anna har ei plikt til å jobbe. Slike forventingar, krav og plikter ser ut til å ha ein positiv innverknad på Anne sitt forhold til både seg sjølv og samfunnet.

Siv: Og når ein er på kjøkenet så er ein på kjøkenet, liksom?

Anne: Ja, eg surrar jo litt rundt i mi eiga verd, sant. Men, det er litt deilig å vere der for då kan du liksom, sant... Og så er det litt deilig å byrje å jobbe, å kjenne på det, og gjere noko folk er avhengige av. At okay, visst ikkje du gjer det så går det ikkje, sant. At du føler at du er litt ein del av samfunnet. Det er ein deilig følelse.

No føler Anne at ho er ”litt ein del av samfunnet”, noko som implisitt seier oss at Anne ikkje i det heile teke følte seg som ein del av samfunnet før ho vart fengsla. Anne si forteljing viser oss at Honneth si vektlegging av det å bidra til fellesskapen spelar ei viktig rolle, mellom anna for å kunne verdsetje seg sjølv. Anne tykkjer det gir ei god kjensle å vite at jobben ho gjer betyr noko, og at andre er avhengige av at nettopp ho gjer denne jobben, visst ikkje stoppar det opp. Med Honneth sine ord ser det ut til at Anne no oppnår sosial verdsetting av egne prestasjonar og evner, samt å verte inkludert i eit verdifellesskap.

Honneth stør seg på Mead sin påstand om at det som skil ein sjølv frå andre som eit individ, handlar om kva ”eg gjer betre enn andre” (Anderson 1996:5). Kari er flink til å teikne, ei evne som ho tidlegare brukte til å forfalske dokument:

Kari: [...] Og sat inne fyrste gong i 93, trur eg det var, men då var det ikkje knark, nei det må ha vore seinare enn 93, i 94. Det var dokumentforfalsking. Eg var ganske flink til å teikne så eg teikna masse reseptar som me flaug rundt på apoteka og tok ut medisiner på.

Ein ting som Kari gjer betre enn andre er altså å teikne, dette meistrar ho, og dette skil ho, med Honneth sine ord, frå andre som eit individ. Men ikkje alle kan gjere noko betre enn

andre, og såleis skilje seg ut, peikar Honneth på, og legg til at det må vere noko positivt som gjer at ein skil seg ut frå andre individ. Ifølgje Anderson (1996) prøver Mead å demokratisere dette ved å tillate individ å finne si funksjonelle rolle som det dei er best til, ikkje med kostnad for andre, men for å gagne fellesskapen. Men Kari brukar ikkje det ho kan på ein legal måte sidan teikneevna vert brukt til å forfalske reseptar. Kari si teikning av reseptforfalskingar gagnar både ho sjølv og gjengen ho er med i ved at dei får tak i tablettar som dei kan ruse seg på, men det gagnar ikkje fellesskapen, og det er til kostnad for andre. Nokre år seinare, i ein periode då Kari gjekk på metadon, gjekk ho tre år på teikneskule. Såleis får Kari brukt teikneevna si på ein måte som i større grad gagna fellesskapen, og som i alle fall ikkje var til kostnad til fellesskapen, ved å gå på teikneskule.

Misakting versus solidaritet

Honneth ser på misakting som ei form for krenking som korresponderar med anerkjenningsforma solidaritet (Lysaker 2007:192). Å misakte tyder i denne samanheng å forakte, fornærme, nedverdige, eller degradere. Ein person si ære, verdigheit, eller status gjer synleg grada av sosial verdsetting som personen si sjølvrealisering kan tilkjennast innanfor samfunnet sin kulturelle overleveringshorisont (Honneth 2008:143). "Hvis dette samfunnsmessige verdihierarkiet er utformet slik at enkelte livsformer eller livssyn blir nedvurdert som mindreverdige eller mangelfulle, så fratas de berørte subjektene enhver mulighet til å gi de egne ferdighetene en sosial verdi" (Honneth 2008:143).

Det viser seg at fleire av kvinnene føler seg nedverdiga, og at dei ikkje vert tekne på alvor, eller sett av samfunnet. Marit fortel at ho etter å ha sona den fyrste domen hadde lyst på ein ny start, ho følte seg frisk og fin, og hadde lyst til å klare seg. Ho kom på eit slags behandlingsskollektiv, men det fungerte ikkje, så ho reiste derifrå. Marit følte at ho søkte hjelp overalt, hjå kommune, psykiatri, kriminalomsorg, og sosialkontor, men at ingen tok ho på alvor. Heimkommunen hadde lova ho leilegheit når ho kom ut att frå soning, men det gjekk mot sumar og sumarferie, og kommunen gjorde ikkje som dei lova: "Dei laug til meg, det var sjokkerande og vondt". Det var fyrst og fremst hjelp til å finne leilegheit ho trengte, men ho kunne også tenkje seg å ha nokon å prate med innimellom: "Eg følte meg oversett", fortel Marit. Venene i det gamle miljøet hennar gav ho husrom, sidan ho fekk ikkje tak i noko anna plass å bu. Då Marit ikkje fann noko anna råd, flytta ho attende til ein tidlegare sambuar: "Då

følte eg at eg ikkje hadde meir å miste. Då var det berre å drikke, få ting ut av hovudet. Eg hadde jo ei dotter, men det betydde ingenting då. Det var rus for alle penga”.

Dersom me ikkje ser og vert sett gjennom gjensidig anerkjenning kan me heller ikkje realisere oss sjølve som moralske personar som vert motivert til samfunnsdeltaking, meiner Honneth (Lysaker 2007:193). Marit sin reaksjon på å verte oversett av hjelpeapparatet, motiverte ho forståeleg nok ikkje til samfunnsdeltaking. Når Marit ikkje fekk hjelp til å finne ein ny veg å gå, vart vegen attende i det gamle og gjensidig anerkjennande rusmiljøet kort. Då eg spør Marit om det er noko ho ville ha endra på for betre situasjonen sin og andre i liknande situasjonar dersom ho fekk bestemme, svarar ho: ”At fleire høyrde på, slik som du gjer”. ”Jantelova herjar, det er mykje kviskring”, fortel Marit, som føler at folk dømmer ho utifrå domen ho har fått. Ho skulle ynskje det var mindre folkeprat: ”Dei veit jo ikkje det eg har fortalt deg no”. Dersom Marit fekk bestemme ville ho ha gjort det slik at fleire sette seg meir inn i årsaka til at menneske gjer som dei gjer, at dei spør kva og kvifor.

Då eg spør Nina om kva ho ser på som kriminalitet, svarar ho: ”[...] Eg syns staten er kriminell, eg, fordi dei stel pengane våre [ler]. Me sit ikkje igjen med nokon ting til sjuande og sist. Så er dei ikkje flinke nok til å sjå kven me menneske er, me er berre brikker i eit stort spel”. Også Anne peikar på at dei narkomane og innsette må verte sett og høyrte på:

Siv: Er det noko du ville ha gjort viss du kunne ha fått bestemme, for å gjort situasjonen til deg og andre i liknande situasjonar betre?

Anne: Ja, det er mykje. Men det å, du må høyre på dei narkomane, innsette, du må høyre deira historie. Det er mykje som gjer jævlig vondt å tenkje på, sant, så du må gå litt forsiktig, for visst ikkje så dett jo alt saman. Men høyr på dei, visst eg skulle ha bestemt, så høyr på dei og lær av deira erfaringar, for dei sit med erfaringane. Me sit med erfaringane, sant. Nei, eg kan ikkje seie noko anna enn lær og høyr, nei høyr og lær, meiner eg.

”Me er alle menneske, og me kan kome skeivt ut”, slår Nina fast, medan Kari peikar på at innsette ”bur på eit avgrensa område, men me er vanlege menneske alle saman”. Ved å måtte presisere at *dei* også er menneske, kan det virke som at dei innsette kvinnene ikkje føler seg verdsette i same grad som andre menneske. Eg meiner at utdraga frå kvinnene sine forteljingar som er vist over, vitnar om at kvinnene ikkje føler seg sett, og såleis heller ikkje anerkjende av samfunnet. Alle desse fire kvinnene kallar seg sjølve rus(mis)brukarar. Deira forteljingar vitnar om at deira livsform vert nedvurdert som mindreverdige eller mangelfull, og

såleis vert kvinnene, med Honneth (2008:143) sine ord, fråtekne einkvar moglegheit til å gi ferdigheitene deira ein sosial verdi.

Har så kvinnene oppnådd dei tre formene for sjølvforhold, sjølvtilitt, sjølvaktning og sjølvverdsjetjing, som til saman utgjer dei nødvendige minimumsføresetnadane for ”det gode liv” eller ”vellukka sjølvrealisering”? Nokre av kvinnene sine oppvekstvilkår la dårleg til rette for å kunne oppnå det grunnleggande sjølvforholdet sjølvtilitt gjennom kjærleiksrelasjonar til sine næraste. Andre igjen vaks opp i gode kjærleiksrelasjonar, men klarte ikkje å få slike gode relasjonar med sine partnerar. Sidan alle dei åtte kvinnene er innsette kvinner tyder dette på at dei ikkje kan akte seg sjølv som legale og moralsk ansvarlege aktørar. Til slutt viser det seg at kvinnene har veldig svake band til samfunnet, noko me mellom anna ser ved at berre ei av dei åtte kvinnene er tilknytt det legale arbeidslivet, noko som legg lite til rette for sjølvverdsjetjing.

8.2 Kjønna forventingar

I den andre delen av dette kapitlet set eg søkjelys på kjønna forventingar som vert stilt til kvinner. Nokre slike kjønna forventingar er at kvinner skal vere andre-, familie-, og omsorgorienterte, som vist i kapittel 5. Honneth legg, som tidlegare vist, vekt på kor viktig ”mora” er for born sine fyrste leveår, og for at born skal kunne utvikle sjølvtilitt, som Honneth ser på som det grunnleggande sjølvforholdet. På den måten vert det forventa meir av kvinner enn av menn når det kjem til born si oppseding. Samstundes har kvinner ein moglegheit til å oppnå anerkjenning også gjennom det å vere ei god mor. Dersom mødrer ikkje klarar å utføre rolla som den gode mor, mistar dei foreldreansvaret for borna sine, og står såleis att med endå ein mindre arena som dei kan oppnå anerkjenning på. Såleis står mødrene som ikkje klara å gi borna sine ein god oppvekst igjen som kanskje endå meir devaluerte enn menn som ikkje klarar det same, nettopp på grunn av at det å vere andre-, familie-, og omsorgsorientert er ei forventing som vert stilt spesielt til kvinner. Eg vil her sjå på det eg kallar obligatorisk omsorg og frivillig omsorg, i form av ”den gode mor” og ”den gode hjelpar”, og sjå korleis kvinnene tenkjer og handlar utifrå dei kjønna forventingane som vert stilt overfor dei.

8.2.1 Den gode mor

I den norske barnelova frå 1981 står det at foreldre har eit foreldreansvar som skal utøvast ut frå barnet sine interesser og behov, og at barnet har krav på omsorg og omtanke frå dei som har foreldreansvaret (Hennum 2006:41). Å vise omtanke og omsorg overfor borna sine er altså ei plikt som foreldre har.

Som vist i kapittel 5 finst det mykje litteratur om forventingane om at kvinner skal vere andre- og omsorgsorienterte, og at kvinner inkorporerar desse forventingane i sine handlingar ved å mellom anna ta seg av det meste av omsorgsarbeidet overfor born (Gilligan 1993; Leira og Saraceno 2006; Hennem 2006; Solheim 1998; Allen m. fl. 2007 i Lilly m. fl. 2007:229). I tråd med dette hevdar Bourdieu (2000:106) at kvinner har ansvar for organisering av ein heil del sosiale aktivitetar i ein familie, som måltid, festar, og å halde kontakt med slekta. Desse kjønna forventingane gjer det spesielt å vere kvinne i fengsel, meiner Kari: "[...] Det er spesielt med kvinner i fengsel fordi kvinner er dei som føder barn. Kvinner har ofte mykje større rolle i ein familie enn gutar har, sant".

Tone er den einaste av dei seks mødrene i utvalet som har hatt foreldreansvar for borna sine heilt til borna vart myndige. Såleis oppfyller ikkje dei fem andre kvinnene forventingen om å vere omsorgs- og familieorienterte. Nina har delt foreldreansvar med borna sin far, men i praksis er det Nina sine foreldre som tek Nina sin del av ansvaret. Dei fire andre mødrene har mista eller gitt frå seg ansvaret for borna sine. Omsorg og oppfølging av born inneber mellom anna kontakt med helsevesen, barnehage og skule, og såleis integrering i eit verdifelleskap, som Honneth vektlegg betydinga av. Utan ansvar for born mistar mødrene kontakt med ein arena som kunne ha fungert som både integrerande og anerkjennande.

Kjernefamilien som kulturell kode beståande av to vaksne, ein mann og ei kvinne, som symbolsk representerar kulturelle verdiar som me antek at eit menneske treng for å vekse opp til å verte ein kulturelt tilpassa person, har ei særstilling i oppsedingspraksisar i vår kulturkrets, hevdar Hennem (2007:40). Men dei seks mødrene sine born har ikkje vakse opp i slike tradisjonelle kjernefamiliar. Nina og Anne bur ikkje lenger saman med borna sine fedrar. Liv, Kari, Tone og Marit er einslege, og eg får inntrykk av at dei alle var åleine om foreldreansvaret så lenge borna budde hjå dei.

For meg ser det ut som at mødrene har objektivert desse kjønna forventningane som ei kroppsleg erfaring, slik som Solheim (1998:20) peikar på. Mellom anna viser fleire av mødrene ei forståing for at born ikkje kan vekse opp med ei mor som er rus(mis)brukar. Då Marit var 19 år vart ho mor, og ho slutta då å ruse seg for ei stund, noko som også gjeld for Anne: ”Ja, då var eg nykter, og så... Eg kunne jo ikkje vere narkoman mor liksom, det går jo ikkje an. Så eg greidde på ein eller anna merkeleg måte å halte meg gjennom dei åra, før det verkeleg tok av altså”. Marit og Anne prøvde altså å leve opp til idealet om den gode mor inntil barnevernet meinte at rusbruken hindra dei i å utføre sine obligatoriske omsorgsoppgåver. Nina har, som tidlegare nemnd, gitt frå seg mykje av ansvaret for borna sine til sine eigne foreldre, og fortel at ”me måtte gjere det sånn, for dei skal ikkje vakse opp i eit rusmiljø, nei”.

Etter nokre år som småbarnsmor byrja Marit med tabletar, Rohypnol og liknande. Grunnen til at ho tok piller var hennar psykiske problem, fortel Marit. Då dottera til Marit var 11 år greip barnevernet inn og plasserte ho i fosterheim. Då eg spør Anne kor lenge ho hadde borna sine, svarar ho: ”Sonen min var 12-13, og så hadde eg to yngre jenter og dei var 6 og 7. Då sprakk bobla, då gjekk det heilt bananas”. Også Anne sine born vart plassert i fosterheim på grunn av mora sin rusbruk. Det kan virke som at Kari gav frå seg foreldreretten til borna sine medan dei var heilt små.

Ifølgje Hennem (2006:38) er me i vestlege land oppdregne til å erfare og oppfatte relasjonar mellom foreldre og barn som svært viktige, som emosjonelt lada, og som integrerande for sjølvvet. I psykologien er det ein utbreidd førestilling om barn som behovsvesen, ei førestilling som set barn i sentrum, og som ser på foreldre som personar som skal dekkje barn sine behov. Denne kunnskapsproduksjonen vert, ifølgje Hennem (2006:39), kritisert for å ikkje behandle barn som ein del av det vaksne liv, men som sentrum for vaksenlivet, noko som ikkje tek omsyn til mødrer sine levekår og livssituasjonar, eller at mødrer er individ med eigne livs-prosjekt. Tone fortel at ho ikkje set moderskapet i sentrum for vaksenlivet sidan ho ikkje har noko særleg kontakt med borna sine:

Tone: Eg har som sagt tre vaksne born, eg har ikkje så veldig mykje med dei å gjere. Eg syns ikkje dei passar inn i livet som eg lev, for å seie det sånn.

Siv: Har dei budd med deg, eller?

Tone: Ja, dei har budd saman med meg. Men dei tek kontakt med meg, dei er som sagt vaksne. Det passar rett og slett ikkje inn, eg lev mitt eige liv, for å seie det sånn. Det er ikkje noko allright det heller, men det har vorte slik.

Som Tone sjølv peikar på kan hennar forteljing virke oppsiktsvekkande. Tone lev sitt eige liv, eit liv som ho ikkje tykkjer at borna hennar passar inn i. Også Anne fortel at ho har lite kontakt med borna sine:

Siv: Ungane dine, har du hatt kontakt med dei, veit dei at du er her?

Anne: Ja, dei veit det, men eg har ikkje ringt. No må eg liksom prøve å leggje heilt lokk. Eg kom inn her no, og byrjar på "scratch", eg må lære alt på nytt. Så eg kan ikkje vere mor for dei no. Eg må byrje å tenkje på meg sjølv, og byggje meg sjølv opp.

Tone og Anne sine forteljingar kan tolkast på to måtar, anten som at desse to mødrene prioriterer andre ting enn det å ha kontakt med borna sine, eller som at dei vel å ha lite kontakt med borna sine ut frå ein vurdering av kva dei ser på som borna sitt beste, noko som kan verte sett på som ei omsorgshandling. Kari si forteljing utdjupar dette:

Kari: [...] Men det er jo ein del ting som følgjer med det å vere narkoman, det at ein ikkje kan ta vare på eigne born og sånn, det innsåg eg ganske tidleg, at ein ikkje krampaktig skal holde på det som ein ikkje klarar, for det som går utover andre menneske det skal ein vere litt forsiktig med å leike med.

Som Helgeland (2009:121) peikar på kan det liggje ei omsorg for barnet til grunn i dei tilfella kvinner vel å tidleg gi frå seg eit barn, slik som Kari gjorde. Samstundes frigjer eit slikt val ein frå ansvar og forpliktingar overfor eit barn som ein er ein signifikant andre for, påpeikar Helgeland.

Balis (2007:326) påstår at mange kvinnelege innsette identifiserar seg sterkt med deira rolle som foreldre, og verdset høgt det å vere foreldre. I tråd med dette vert det frå fleire hald hevda at kvinnelege innsette opplev stor grad av skuld og skam ved at dei er straffa, og at dei føler seg mislukka i morsrolla (Lindeberg 2005 i Justis- og forsvarsdepartementet 2009:62; Maruna 2001 i Friestad og Skog Hansen 2004:69), og at kvinnelege innsette uttrykkjer ei større uro overfor borna deira si velferd enn mannlige innsette (Radosh 2004:216; Allen m. fl. 2007 i Lilly m. fl. 2007:229). Liv si forteljing kan vitne om ei slik haldning: "Eg syns det er forferdeleg. Eg skulle hatt dette her veldig ugjort så eg kunne budd saman med sonen min. Og sonen min, no er han i fosterheim, og det syns eg er veldig trist". Som Radosh (2004:216)

peikar på kan fengsling ofte kan gi dei innsette deira fyrste moglegheit til å tenkje over kva effekt deira avgjerder fører med seg for borna deira, slik Liv ser ut til å gjere her. Men Nina uttrykkjer ikkje ei slik uro eller skam overfor situasjonen som ho set seg sjølv og borna sine i ved å sitje fengsla:

Nina: [...] Men ungane mine er veldig oppgåande og intelligente til å vere så unge, så eg har heile tida prøvd å liksom gjere dei medvitne om at eg er glad i dei og eg er der for dei liksom, og det veit eg at dei stolar på at eg er. Så dei har ikkje noko problem dei altså, dei har det veldig bra, berre at dei diverre ikkje har fått sett mora si så mykje som dei hadde ynskja.

Som tidlegare nemnd kan vanskelege tema føre til at ein teier, i staden for å tenkje på, og snakke om det (Elliott 2005), noko som kan bidra til å forklare kvifor mødrene i utvalet mitt ikkje snakka så mykje om borna sine. Få av mødrene uttrykte uro over borna deira si framtid, eller følgjer det kan ha for borna å ha, eller ha hatt, ei mor i fengsel, eller ei mor med rusproblem. Uro over korleis dei er som rollemodellar for borna sine vart heller ikkje teke opp som eit tema av mødrene. Sidan fleire av desse kvinnene sjølv vaks opp under vanskelege oppvekstvilkår, tolkar eg kvinnene sine kjærleiksrelasjonar til borna sine som å vere prega av kjærleiksrelasjonane som dei sjølve vaks opp med. Dersom kvinnene ikkje vaks opp i gode relasjonar, som Honneth legg stor vekt på betydinga av, korleis skal kvinnene då klare å gi sine eigne born ein oppvekst i gode relasjonar?

8.2.2 Den gode hjelpar

Hilde, Marit, Nina og Kristin framstiller seg sjølve som at dei er litt for snille, noko som har ført til at dei i større eller mindre grad har vorte utnytta av vener, kjærastar, eller kjende. Marit sin leilegheit har fungert som ein samlingsplass for kjende som drikk, Nina har handla narkotika på vegne av vener, og Hilde har vorte fråstelt mykje jobbutstyr på grunn av sin gjestfridom. Nokre av kvinnene framstiller seg sjølve som frivillige omsorgspersonar, og ”den gode hjelpar” er såleis eit portrett som fleire av kvinnene sine historier passar inn i, men som særleg gjeld Nina og Kristin sidan deira framstillingar av seg sjølve som gode hjelparar utgjer ein stor del av begge sine forteljingar.

Bourdieu (2000:107) peikar på at kvinner gjer meir frivillig arbeid enn menn, og at dei ofte vert vist til aktivitetar utan betaling. Særleg to av kvinnene, Nina og Kristin, har gått aktivt inn i rolla som den gode hjelpar, noko som no har slått tilbake på dei. Både Nina og Kristin sonar

fengselsstraffar for rollene dei har hatt som gode hjelparar i form av medverknad til sal, kjøp, eller oppbevaring av narkotika. Nina si rolle som den gode hjelpar har nærast vorte ein livsstil: ”Så heilt ifrå eg var veldig lita syntes eg synd på alle rundt meg, og ville gjerne hjelpe dei viss eg hadde moglegheit. Og sånn har jo eg levd, kan du seie, opp i gjennom åra”. Allereie som 20-åring byrja Nina å ta på seg ansvarsoppgåver som ho ikkje var pålagt:

Nina: [...] Då kjøpte eg meg leilegheit i eit burettslag og det enda med at eg vart formann der veldig fort. Det var 12 leilegheiter der og det var berre rusmisbrukarar som budde i den blokka. Det var ikkje eg førebudd på då eg flytta dit, men det var det det var. Og det enda jo med eg at eg fekk jo stort sett ansvar for alt som kunne krype og gå av folk som var i den blokka og då. Så eg har vore veldig vand til å ta mykje ansvar opp igjennom åra for ting og tang som eigentleg ikkje har vore påkravd då.

Nina besøkjer vener som ho har i eit rusmiljø, ryddar litt hjå dei og snakkar med dei. Vener i rusmiljøet som Nina er ein del av aksepterar at ho har ei litt perifer rolle i miljøet sidan ho har born:

Nina: Så lenge eg har born og familie liksom å ta omsyn til så veit eg at det er veldig mykje meir viktig for meg enn det å gå dagleg å ruse seg. [...] Eg har aldri liksom dei siste fem åra teke noko til dagleg, i periodar så har eg kanskje teke meir enn andre gonger, men stort sett så er eg veldig sterk, så eg går i rusmiljø utan å ruse meg. Eg er akseptert der fordi at dei veit at eg har born. Dei veit at eg ikkje kan fly og ruse meg. [...] Og det er alle som er rundt meg veldig klar over, men dei syns det er hyggeleg at eg stikk innom, eller lagar litt mat, eller kjem på besøk, eller ryddar opp litt, eller tek meg av litt andre ting, snakkar med dei. Folk som er i ein russituasjon har også behov for å snakke med folk som er oppgåande, og dei set pris på det.

Nina går altså i eit rusmiljø sjølv om ho ikkje så ofte rusar seg. Domen som Nina no sonar har ho pådrege seg i rolla som den gode hjelpar:

Nina: [...] Eg sit jo ikkje her for noko narkodom sånn sett eigentleg, jo for så vidt, det gjer eg no, ja, eg gjer det. Det var ikkje til meg, det var ikkje til eige bruk, det var faktisk... Eg hadde to rusmisbrukarar som leigde ute hjå meg, og dei røyka hasj kvar dag. Dei var over 50 år, så dei brukte det som beroligande, kan du seie, og eg syntes det var betre enn at dei skulle drikke seg i hel. Så eg handla inn for dei, for dei måtte ha det altså. Og då såg eg det som mindre skadeleg enn å drikke alkohol for då byrja han på antabus, han eine. [...] Eg kolliderte på veg for eg hadde vore og henta noko å røyke på til dei som budde ute hjå meg, og vart teken for det sjølvsagt. Og hadde 30 gram hasj i bilen då eg vart teken, og det er jo klart det er difor eg sit her no.

Nina sit no fengsla for hasj som ho kjøpte på vegne av venene sine. Rolla Nina har påteke seg som den gode hjelpar har ikkje berre ført til at Nina vart fengsla, men også at ho har fått

økonomiske problem:

Nina: [...] Eg meiner at berre det å sjå at folk kjem seg, og kanskje får seg eit betre liv, det er nok betaling for meg eigentleg. Men du kan ikkje leve av luft og kjærleik heller, du må faktisk ha inntekt, og det er difor huset mitt står ute for tvangssal no, og det kjem litt av ting og tang. Eg har vel feilprioritert pengane litt, men eg har også gjort det for eg har følt at det har vore riktig å gjere det slik.

Nina har mellom anna gitt vener i rusmiljøet hus, seng, mat og ein å snakke med, noko som har resultert i økonomiske problem som no gjer at bustaden hennar ligg ute til tvangssal. All hjelp som Nina har gitt har ho kosta av si eiga lomme. Nina framstiller det som at hennar rolle som den gode hjelper har enda med å gå utover rolla hennar som den gode mor. Då eg spør Nina kvar borna hennar bur, svarar ho:

Nina: Dei bur hjå han, men eg ser dei jo kvar veke nesten, eller annakvar veke. Me har gjort det slik at i og med at eg har hatt så mange rusmisbrukarar rundt meg, til mi store fortvilning så kan du ikkje kombinere det, det seier seg sjølv. Så eg har sakna ungane mykje i dei fem åra som har gått no der eg har måtte overlate ansvaret, for å seie det slik, til foreldra mine mykje, og til [...], som er faren. [...] For me hadde delt omsorg, men me måtte gjere det sånn, for dei skal ikkje vakse opp i eit rusmiljø, nei. Og det er som sagt mange av dei som har vore hjå meg som har faktisk klart seg bra etterpå endå eg ikkje har noko utdanning eller ingenting. Det er noko eg har gjort av eigen økonomi og sånn. Dei visste at hjå meg er det alltid ei seng til overs, eller eit måltid, og då vert det til at folk kjem.

Her fortel Nina fyrst at borna ikkje kan vere så mykje med ho sidan ho er i eit rusmiljø, og at dette har ført til at ho har sakna borna sine mykje, før ho i neste andedrag fortel om rolla si som den gode hjelper. Sjølv om Nina ikkje har nokon utdanning innan helse og omsorg så har fleire av dei som har kome til ho for hjelp og omsorg klart seg bra etter å ha fått ei hjelpande hand av Nina. Dette er altså noko Nina meistra, dette er noko Nina gjer betre enn andre, med Honneth sine ord. Det som ein gjer betre enn andre må vere noko positivt, meiner Honneth (KJELDE), og mykje av det som Nina gjer *er* positivt, men det å kjøpe narkotika på vegne av andre er ikkje lovleg. Dimed vert Nina sin handling illegal, og Nina mistar då moglegheita til å oppnå sjølvaktning sidan den mest fullstendige forma for sjølvaktande autonom verksemd, med Honneth sine ord, berre kan verte realisert når ein er anerkjend som å ha evna til å vere ein ”legale person” og moralsk ansvarleg aktør (Jakobsen 2009:18).

Nina fortel her at hennar frivillige omsorgsoppgåver som den gode hjelper rett og slett kjem i vegen for hennar obligatoriske omsorgsoppgåver som den gode mor. For meg ser det ut som

at Nina fyller holrommet etter barneansvaret som ho ikkje lenger kan ta ein aktiv del av på grunn av hennar rolle i rusmiljøet, med å verte desto meir andre- og omsorgsorientert overfor vener i dette rusmiljøet. Vegheim (1995b:219) peikar på at omsorg er ein viktig ressurs for innsette kvinnene som styrkjar både den som gir og den som får omsorga. Ved å vere noko for andre får kvinnene ei sterkt tiltrengt stadfesting på eigen verdi som menneske, noko Vegheim (1995b:92) meiner å sjå at kvinnelege innsette har eit sterkt behov for å få. Dette går hand i hand med Honneth si vektlegging av rolla som anerkjenning spelar for eins forhold til seg sjølv.

Kristin har, som Nina, vener i eit rusmiljø som ho opptre som ein god hjelpar overfor:

Kristin: [...] Eg har alltid vore av den oppfattinga at eg har ein god del vener og kjende som både brukar stoff og sel stoff og sånne type ting, og eg omgås dei ikkje, men eg sørgjer alltid for å ta ein runde innom ein gong i blant og høyre korleis det går, ta ein kopp kaffi. Eg har ein bestekompis som er sprøytenarkoman mellom anna, og eg kjem opp og hentar han alltid når han slepp ut av fengsel, eg sender han alltid pengar og sånne ting då.

Som Nina har Kristin vener og kjende som ho besøker, og tek ein prat og ein kopp kaffi ilag med. Ho køyrer og hentar vener, og ho pleier å sende pengar til bestkompisen når han sit fengsla. Sjølv brukar ikkje Kristin narkotika, ho lev eit lovlydig liv, men ho har vore tolerant overfor lovbrøt som venene har gjort.

Kristin: [...] Og eg har jo aldri brydd meg om kva dei har hatt med seg, eg spør jo ikkje dei "du, kva har du i ryggsekken?". Om eg veit det, eller ikkje veit det, og det har sikkert vore gonger dei har vist meg det òg for den saks skuld, "sjå her då", og dei tinga der. Og det har vore gonger eg har køyrt han eine eg snakkar om no då til [...] for å levere frå seg, sånne type ting som eg aldri har trudd, eg har visst det var gale, men eg har liksom aldri trudd det ville berøre meg.

Kristin fortel at ho til dømes har vore sjåfør for vener, sjølv om ho visste at dei skulle gjere ein narkotikahandel. Kristin fortel at ho visste at det var gale å opptre hjelpande overfor vener som var ute i ulovlege ærend, men ho gjorde det likevel. Med Gilligan (2002:58) sine ord ser det ut som at Kristin si vurdering av det moralske spørsmålet, om ho burde hjelpe dei "kriminelle" venene sine eller ikkje, er basert på ein omsorgsetikk. Kristin trudde ikkje at hennar handlingar som den gode hjelpar kunne kome til å gå utover ho.

I tillegg til å vere ein god hjelpar overfor vener i rusmiljøet, opererte Kristin som ein god hjelpar for ekskjærasten og hans narkotikaverksemd: "[...] Og at eg visste, og at han hadde ting heime hjå meg og såne ting, det er jo ikkje til å kome ifrå det. Eg trudde likevel ikkje at eg skulle bli stilt ansvarleg for det". Kristin let ekskjærasten oppbevare ting i leilegheita hennar, og var somme stunder sjåfør når han skulle møte nokon for levering eller henting av narkotika. Kristin visste om verksemda hans, men ikkje at den var så stor og organisert, noko ho fyrst fekk vite under rettssaka. Nok ein gong gjentek Kristin at ho ikkje trudde at ho kunne kome til å verte stilt ansvarleg for sine hjelpande handlingar. Kristin si forteljing vitnar her om ei slik andreorientering som Gilligan, ifølgje Basberg Neumann (2007:131), peikar på at kvinner gjerne har. Ekskjærasten gjekk for Kristin rett og slett føre lova.

Som Nina sit Kristin no fengsla på grunn av handlingar ho har gjort i rolla som den gode hjelparen. Fengslingsgrunnlaget er særleg tufta på ei telefonsamtale som Kristin svarte på som er skildra i kapittel 7 under "vendepunkt". Opplysingar frå denne telefonsamtala overleverte ho til ekskjærasten som sat fengsla, og vart såleis dømd for medverknad til narkotikahandel.

Oppsummering

Eg har i dette siste analysekapittelet freista å gje å djupare analyse av kvinnene sine historier ved å sjå dei i lys av Honneth sine anerkjeningsteori. I det høve har eg argumentert for at kvinnene opplevingar av å verte krenka i staden for å verte anerkjende fører til at det vert vanskeleg for kvinnene å utvikle dei tre sjølvforholda, sjølvtilitt, sjølvvakting og sjølvverdssetjing som Honneth ser som minimumsføresetnader for å kunne realisere seg sjølve og såleis kunne leve eit godt liv.

I den andre delen av kapittelet sette eg søkjelys på kjønna forventingar som at kvinner skal vere andre-, familie-, og omsorgorienterte. Eg argumenterar for at kvinnene har objektivert dei kjønna forventingane, mellom anna ved å innsjå at dei ikkje kan vere ei god mor for borna sine når dei er i livssituasjonar som innefattar rusmisbruk. Sidan fleire av desse kvinnene sjølv vaks opp under vanskelege oppvekstvilkår, tolkar eg kvinnene sine kjærleiksrelasjonar til borna sine som å vere prega av kjærleiksrelasjonane som dei sjølve vaks opp med. Eg peikar på at fleire av kvinnene ikkje vaks opp i gode kjærleiksrelasjonar, noko som gjer det vanskeleg å utvikle gode kjærleiksrelasjonar til sine egne born igjen.

9. Avslutting

I denne oppgåva har eg prøvd å svare til ein av aspirasjonane i ”kritisk teori” ved at eg har fokusert på eit empirisk utval, åtte innsette kvinner, sine konkrete negativitetserfaringar av å verte krenka i staden for å verte anerkjende. For å kaste lys over empirien har eg først sett den i lys av tidlegare forskning, for så å sjå den i lys av Honneth sin anerkjeningsteori. Vidare har eg nytta meg av nokre teoretiske bidrag som handlar om kjønna forventingar både fordi eg har eit kjønnsperspektiv på oppgåva, og fordi eg meiner at kjønna forventingar kan koplest til anerkjening. Eg har delvis nytta meg av ei narrativ tilnærming til presentasjonen og analyseringa av kvinnene sine forteljingar. Eg konstruerar nokre fellesnarrativ ut frå fellestrekk som eg ser i kvinnene sine narrativ, eg går kronologisk til verks, frå fortid til notid, i intervjuinga og framstillinga av kvinnene sine historier i kapittel 6, og eg trekk fram episodar i kvinnene sine forteljingar som for meg ser ut til å vere vendepunkt i kvinnene sine liv i kapittel 7.

9.1 Sentrale funn

Med utgangspunkt i kvinnene sine forteljingar finn eg tre fellesnarrativ, negativ overlast, negativt utfall, og mangel på anerkjening som eg meiner oppsummerar viktige trekk ved kvinnene sine forteljingar. Den negative overlasta som eg skriv om i kapittel 6, inneheld for fleire av kvinnene vanskelege oppvekstvilkår, mangelfull utdanning, mangelfull arbeids erfaring, rusmisbruk og fråteken foreldrerett. Som nemnd i innleiinga oppsummerte Koch (1993) forskingsfunn gjort om innsette kvinner i Norden på følgjande vis: Kvinnene er unge, minimalt utdanna, er ikkje-deltakande i arbeidslivet og fattige, bur i og rundt storbyar, er einslege og har born, er einsame, er narkomane, har institusjonserfaring, og er sjuke. Kvinnene som eg har snakka passsar godt inn i dette biletet som Koch teiknar av kvinnelege innsette.

Ikkje uventa førte kvinnene si negative overlast med seg negative utfall. I kapittel 7 dreg eg fram kvinnene sine forteljingar om episodar som står fram som vendepunkt i deira livshistorier. Kvinnene fortel mellom anna om sine fyrste møter med narkotika, om å verte kasta ut heime ifrå, hendingar som førte til deira første fengselsstraff, og samlivsbrot. Eg vil hevde at det i stor grad er kvinnene sine bakgrunnar med negative overlast som førte dei inn i narkotikamisbruk og kriminalitet. Ikkje alle av kvinnene vil seie seg samde med meg i denne

påstanden, ei usemje som handlar om at kvinnene i stor grad tek på seg skulda for at det gjekk som det gjekk med dei, medan eg ser den manglande anerkjenninga av dei som utslagsgivande for dei negative utfalla.

For å kunne realisere seg sjølv må eit individ opparbeide seg dei tre sjølvforholda sjølvtilitt, sjølvvakting og sjølvverdsetjing, hevdar Honneth. Men desse sjølvforholda kan ein ikkje opparbeide seg på eigenhand, dei oppstår i våre i relasjonar til andre rundt oss. Har så dei åtte kvinnene som eg har snakka med oppnådd desse sjølvforholda? Eg har prøvd å vise at det kan vere rimeleg å hevde at kvinnene ikkje lev under forhold der anerkjenning har, eller kunne ha, funne stad. I kapittel 8 peikar eg på at fleire av kvinnene har erfaringar med krenking i form av overgrep, ekskludering og misakting, i staden for anerkjenning i form av kjærleik, rettar og solidaritet. Eg finn at fleire av kvinnene vorte utsett for overgrep i barndomen eller sitt vaksne liv, noko som gjer det vanskeleg å oppnå sjølvtilitt. Vidare finn eg at lovbrota som kvinnene har gjort gjer det vanskeleg for dei å kunne sjå på seg sjølv som ein legal og moralsk ansvarleg aktør, og såleis oppnå sjølvvakting. Og eg finn at kvinnene sine svake band til samfunnet i form av deira mangelfulle, eller manglande bidrag til fellesskapen gjer det vanskeleg for dei å oppnå sjølvverdsetjing. Desse forholda har fått ulike utslag som tyder på at kvinnene lid av ein mangel av anerkjenning.

Sterke kjenslemessige kjærleiksrelasjonar, som relasjonen mellom born og foreldre, legg altså til rette for utviklinga og opprettholdinga av det grunnleggande sjølvforholdet sjølvtilitt. Men fleire av kvinnene har vakse opp under usikre og utrygge forhold som nettopp er prega av *svake* kjenslemessige bindingar til deira næraste familie. At forhold i kvinnene sine vanskelege oppvekstar har fått følgjer for deira vidare liv, ser eg difor som svært sannsynleg, og eg meiner å sjå at dette har spelt inn på deira eigne kjærleiksrelasjonar til sine born. Berre ei av dei seks mødrene har hatt borna buande hjå seg til dei vart myndige, dei andre mødrene har mista foreldreretten på grunn av at samfunnet har sett på dei som å ikkje oppfylle rolla som den gode mor. Nokre av kvinnene tek på seg frivillige omsorgsoppgåver i rolla som den gode hjelpar. Desse to kvinnene går så aktivt inn i rolla som den gode hjelpar at dei endar i fengsel for handlingar dei gjorde i kraft å vere hjelpsame, andre- og omsorgsorienterte.

9.2 Samfunnsmessig nytte?

Kan denne oppgåva seiast å ha ei samfunnsmessig nytte? Eg vil svare stadfestande på dette spørsmålet. Som nemnd i innleiinga etterlyser Koch (1993) og Høigård og Snare (1993) kvalitativ forskning om kvinnelege innsette, medan Justis- og forsvarsdepartementet (2009) etterlyser forskning om kva som kjenneteiknar gruppa av kvinnelege innsette. Eg har difor i denne oppgåva søkt å bidra med kvalitativt fundert forskning om kvinnelege innsette. I staden for å berre skildre dei kvinnelege innsette sine bakgrunnar og levekår, som eg gjorde i kapittel 6 og 7, har eg i kapittel 8 søkt å seie noko substansielt om kva som kan ha gått gale i dei ulike tilfella der kvinner hamnar bak lås og slå.

9.2.1 Veggen vidare

Som tidlegare nemnd er kvinnekriminalitet eit relativt nytt forskingsområde som på ingen måte er ferdig utreia. Det er behov for fleire kvalitativt funderte studiar som gir plass til innsette kvinner sine stemmer om opplevingar, forståingar og erfaringar frå sine liv. Slike kunnskapar kan mellom anna utdjupe kvantitativ forskning gjort om kvinnelege innsette sine levekår og livssituasjonar.

Litteraturliste

Album, Dag (1996) *Nære fremmede: Pasientkulturen i sykehus*. Otta: Engers Boktrykkeri.

Aristoteles (2008) *Poetikken*. Oslo: Bokklubben.

Anderson, Joel (1996) "Translator's introduction". URL:
<http://www.phil.uu.nl/~joel/research/publications/HonnethIntro.htm> [Lesedato: 24.06.2010]

Anderson, Tammy L. (2008) "Introduction". I: Anderson, Tammy L. (red.), *Neither Villain nor Victim: Empowerment and Agency among Women Substance Abusers*. Rutgers University Press.

Balis, Andrea F. (2007) "Female Prisoners and the Case for Gender-Specific Treatment and Reentry Programs". I: Greifinger, Robert (red.), *Public Health Behind Bars: From Prisons to Communities*. New York: Springer.

Bourdieu, Pierre (2000) *Den maskuline dominans*. Oslo: Pax Forlag.

Brandth, Berit (1996) "Gruppeintervju: perspektiv, relasjoner og kontekst". I: Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (2. utgåve).

Bush-Baskette, Stephanie R. (2004) "The War on Drugs as a War Against Black Women". I: Chesney-Lind, Meda og Lisa Pasko (red.), *Girls, Women and Crime: Selected Readings*. Sage Publications.

Chesney-Lind, Meda og Noelle Rodriguez (2004) "Women Under Lock and Key: A View From the Inside". I: Chesney-Lind, Meda og Lisa Pasko (red.), *Girls, Women and Crime: Selected Readings*. Sage Publications.

Chesney-Lind, Meda og Lisa Pasko (2004) *The Female Offender: Girls, Women and Crime*. Sage Publications (2. utgåve).

Christie, Nils (1975) *Hvor tett et samfunn?* Oslo: Universitetsforlaget.

Christie, Nils (2000) *Kriminalitetskontroll som industri*. Oslo: Universitetsforlaget.

Creswell, John W. (2007) *Qualitative Inquiry and Research Design: Choosing Among Five Approaches*. Sage Publications.

Justis- og forsvarsdepartementet (2009) ”Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn. St. meld. nr. 37”. URL:

<http://www.regjeringen.no/nr/dep/jd/Dokument/Proposisjonar-og-meldingar/Stortingsmeldingar/2007-2008/stmeld-nr-37-2007-2008-.html?id=527624>

[Lesedato 30.05.09].

Elliott, Jane (2005) *Using Narrativ in Social Research: Qualitative and Quantitative Approaches*. Sage Publications.

Friestad, Christine og Inger Lise Skog Hansen (2004a) *Levekår blant innsatte*. Fafo-rapport 429.

Friestad, Christine og Inger Lise Skog Hansen (2004b) ”Sammensatte levekårsproblemer blant innsatte i norske fengsler”. *Samfunnspeilet*. URL:

<http://www.ssb.no/samfunnsspeilet/utg/200405/05/index.html> [Lesedato 04.06.09].

Gilligan, Carol (2002) *Med en annen stemme: Psykologisk teori og kvinners utvikling*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Hauge, Ragnar (2001) *Kriminalitetens årsaker*. Oslo: Universitetsforlaget.

Haugsgjerd, Hilde (1992) *Løvetann: Bak murene på Bredtveit kvinnefengsel*. Oslo: Aschehoug.

Hegel, G. W. F. (2007) *Åndens fenomenologi*. Oslo: Pax Forlag.

Helgeland, Ingeborg Marie (2009) *Ungdom i alvorlig trøbbel. Veier til forandring*. Oslo: Universitetsforlaget.

Hennum, Nicole (2006) "Likestillingens utfordring: Å avkjenne omsorg for barn". *Sosiologi i dag* 36 (3): 35-58.

Holter, Harriet (1996) "Fra kvalitative metoder til kvalitativ samfunnsforskning". I: Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (2. utgåve).

Honneth, Axel (2008) *Kamp om anerkjennelse*. Oslo: Pax Forlag.

Høigård, Cecilie (1993) "Kvinnelige lovbrøtere". I: Høigård, Cecilie og Annika Snare (red.), *Kvinnens skyld: En nordisk antologi i kriminologi*. Oslo: Pax Forlag.

Høigård, Cecilie og Annika Snare (1993) "Noen trekk ved nordisk kvinnekriminologi". I: Høigård, Cecilie og Annika Snare (red.), *Kvinnens skyld: En nordisk antologi i kriminologi*. Oslo: Pax Forlag.

Jakobsen, Jonas (2009) "Å lide av ubestemthet: Axel Honneths hegelianske samtidsdiagnose". *AGORA* 4: 5-22.

Kalleberg, Ragnvald (1996) "Forskningsopplegget og samfunnsforskningens dobbeltdialog". I: Holter, Harriet og Ragnvald Kalleberg (red.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget (2. utgåve).

Katsulis, Yasmina og Kim M. Blankenship (2008) "Women's Agency in the Context of Drug Use". I: Anderson, Tammy L. (red.), *Neither Villain nor Victim: Empowerment and Agency among Women Substance Abusers*. Rutgers University Press.

Koch, Ida (1993) "Kvinner i fængsel". I: Høigård, Cecilie og Anniken Snare (red.), *Kvinnens skyld: En antologi i nordisk kriminologi*. Oslo: Pax Forlag.

Kvale, Steinar (2006) *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad Notam Gyldendal

Leira, Arnlaug og Chiara Saraceno (2006) "Care: actors, relationships, contexts". *Sosiologi i dag* 3: 7-34.

Lilly, J. Robert, Francis T. Cullen og Richard A. Ball (2007) "The Gendering of Criminology: Feminist Theory". I: Lilly, J. Robert, Francis T. Cullen og Richard A. Ball (red.), *Criminological Theory – Context and Consequences*. Sage Publications (4. utgåve).

Lysaker, Odin (2007) "Mening og rettferdighet: Kritisk teoris opprinnelige innsikt". I: Lysaker, Odin og Gunnar C. Aakvaag (red.), *Habermas: Kritiske lesninger*. Oslo: Pax Forlag.

Manger, Terje og Torfinn Manger (2004) "Behov for meistring: Kunnskap, mangfold og likeverd, også i fengsel". I: Langelid, Torfinn og Terje Manger (red.), *Læring bak murene: Fengselsundervisningen i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.

NESH (2006) *Forskningsteoretiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*. Oslo.

Neumann, Cecilie Elisabeth Basberg (2007) *Det bekymrede blikket. En studie av helsesøstres handlingsbetingelser*. Universitetet i Oslo.

Nilsson, Anders og Henrik Tham (1999) *Fångars levnadsförhållanden. Resultat från en levnadskårnivåundersökning*. Ödesög: Kriminalvården.

Pedersen, Willy (2010) "Krigen mot narkotika går mot slutten". *Nytt Norsk Tidsskrift* 1-2: 142-152.

Radosh, Polly F. (2004) "Reflections on Women`s Crime and Mothers in Prison: A Peacemaking Approach". I: Chesney-Lind, Meda og Lisa Pasko (red.), *Girls, Women and Crime: Selected Readings*. Sage Publications.

Richie, Beth E. (2004) "Challenges Incarcerated Women Face as They Return to Their Communities: Findings From Life History Interviews". I: Chesney-Lind, Meda og Lisa Pasko (red.), *Girls, Women and Crime: Selected Readings*. Sage Publications.

Riessman, Catherine Kohler (1993) *Narrativ Analysis*. Sage Publications.

Riessman, Catherine Kohler (2008) *Narrativ Methods for the Human Sciences*. Sage Publications.

Sandvik, Anne Berit (2003) *Hva passer for kvinner? Undervisning for kvinnelige fanger i fire norske fengsler*. Universitetet i Oslo.

Schafft, Angelika (2007) "Kriminalitet, sosial bakgrunn og kontroll". I: Finstad, Liv og Cecilie Høigård (red.), *Kriminologi*. Oslo: Pax forlag.

Silverman, David (2005) *Doing Qualitative Research*. Sage Publications.

Skarøhamar, Torbjørn (2002) *Levekår og livssituasjon blant innsatte i norske fengsler*. Oslo: Institutt for kriminologi og strafferett (K-serien nr. 1).

Solheim, Jorun (1998) *Den åpne kroppen. Om kjønnsymbolikk i moderne kultur*. Oslo: Pax Forlag.

SSB (2006) "Gjerningsmannen sjelden kvinne". URL: http://www.ssb.no/emner/00/02/10/ola_kari/krim/ [Lesedato 10.06.09].

SSB (2007) "Flere voksne tatt for lovbrudd". URL: <http://www.ssb.no/emner/03/05/lovbrudde/> [Lesedato 21.09.09].

SSB (2008) "Mer enn 300 000 straffet". URL: <http://www.ssb.no/emner/03/05/straff/> [Lesedato 21.09.09].

Thagaard, Tove (2009) *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.

Vegheim, Berit (1995a) *Kvinnens møte med straffeapparatet Del I. Kvinnens møte med politiet*. Oslo: Institutt for kriminologi (K-serien nr. 1).

Vegheim, Berit (1995b) *Kvinnens møte med straffeapparatet Del II. Det uforutsigbare systemet og det sårbare fellesskapet*. Oslo: Institutt for kriminologi (K-serien nr. 1).

Vegheim, Berit (2007) "Kjønn og kriminalitet". I: Finstad, Liv og Cecilie Høigård (red.), *Kriminologi*. Oslo: Pax forlag.

Vetlesen, Arne Johan (2002) "Etterord". I: Gilligan, Carol, *Med en annen stemme: Psykologisk teori og kvinners utvikling*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Widerberg, Karin (1995) *Kunnskapens kjønn. Minner, refleksjoner og teori*. Oslo: Pax Forlag.

Widerberg, Karin (2001) *Historien om et kvalitativt forskningsprosjekt*. Oslo: Universitetsforlaget.

Alle kjelder i denne oppgåva er oppgitt.

Tal på ord i denne oppgåva er 38911.

Vedlegg

Vedlegg 1: Søknad om innpass

Kriminalomsorga region Aust

Urtegata 9

Postboks 9006 Grønland

0133 Oslo

Førespurnad om å gjennomføre intervju i forbindelse med masteroppgåve

Eg er masterstudent i sosiologi ved Universitetet i Oslo, og held no på med den avsluttande masteroppgåva som har normert innleveringsfrist i mai 2010. Temaet for oppgåva er ”Ti kvinnelege innsette sine historier”. Utgangspunktet mitt er altså å snakke med ti kvinner, men det føreset sjølvst at ti kvinner vil snakke med meg, så eg kan gå noko ned på dette talet. Eg ynskjer å snakke med kvinner som har fleire tidlegare dommar bak seg.

Eg ynskjer å få innpass på ein eller fleire opne avdelingar (B2, Sandaker overgangsbustad) og/eller fengsel med lågt sikkerheitsnivå (Ravneberget fengsel). Eg treng ikkje informantar frå alle desse plassane, hovudsaken er at eg får tak i nok informantar.

Det er fleire grunnar til at eg ynskjer å gjennomføre dette prosjektet. For det fyrste kan det hevdast at kvinner under soning er ei dobbelt marginalisert gruppe av di innsette er ein minoritet av det norske folk, og av di kvinner er ein minoritet av dei innsette. Dette gjer kvinner under soning til ei sosiologisk interessant gruppe. Den nye Stortingsmeldinga ”Straff som virker – mindre kriminalitet – tryggere samfunn” (2009) gjer temaet kvinner under soning aktuelt ved at den slår fast at det trengst meir forskning om kvinner i fengsel. For det andre er det forska ein del på fengsel og innsette i fengsel, men mannen har stort sett vore i forskinga sitt fokus. Det er forska noko kvalitativt på kvinner under soning (mellom anna av Haugsgjerd 1992, Høigård 1993, Vegheim 1994, Haugen 2006) med fokus på kvinner sitt møte med straffeapparatet, livet og miljøet i fengsel, og kvinner i menns fengsel. Det er også gjort kvantitative studiar av kvinner sine levekår (mellom anna av Skardhamar 2002, Friestad og Skog Hansen 2004), men desse er reint statistiske. Difor ynskjer eg å setje kvinnene og deira forteljingar i fokus.

Eg ynskjer å høyre kva kvinnene sjølv legg vekt på som grunnar for at det gjekk som det gjekk. Kva ser dei som årsaker for at dei gjorde sitt fyrste lovbrøt, var det til dømes miljø, rus, pengemangel, spenningssøking, eller gjengmedlemskap? Var det andre årsaker til at dei gjorde sitt andre lovbrøt? Kva ser dei som årsaker for at fengselsstraffar ikkje fekk dei til å leve lovlydig når dei var ferdigsona? Kva trur dei er grunnar til at apparatet rundt dei ikkje klarte å få dei over på ein anna veg? Kva kunne eventuelt ha vore gjort annleis? Tema som oppvekst, skulegang og utdanning, miljø, og tankar om framtida vil bli berørt.

Eg ynskjer ikkje å grave i kvinnene sine fortider, men la dei styre samtala og snakke om det dei vil snakke om innanfor temaet. Mange kvinnelege innsette ber på triste og vonde minner, og eg vil gjere mitt beste for å ikkje bringe opp att slike minner. Eg vil vere nøye med kva slags spørsmål eg stiller, og gå igjennom alle med rettleiaren min på førehand. Dei aktuelle soningsplassane kan sjølv sagt kome med innspel på kva spørsmål dei ser som tenelege og eventuelt ikkje tenelege. Eg vil også snakke med avdelingane kvinnene sonar ved, og spørje om dei kan vere på vakt om det ser ut som om nokon av kvinnene treng å snakke med nokon etter intervjuet.

Bandopptakar vil bli brukt dersom informantane tillet det, og eg vil notere under samtala. Intervjuet vil ta omtrent en time, og me blir saman einige om tidspunkt. Eg er klar til å starte med intervjuet så fort de godkjenner prosjektet, og nokon av dei innsette melder seg som interesserte. Eg skjønner at den prosessen kan ta noko tid, men håpar å vere ferdig med intervjuet før jul.

Det er sjølv sagt frivillig for dei innsette å vere med på dette. Informantane har moglegheit til å trekke seg til ei kvar tid før, under, eller etter samtala. Dei treng ikkje å grunngje kvifor dei trekk seg. Dersom ein trekk seg vil alle innsamla data om vedkomande bli makulerte. Informantane får opplyst at det ikkje vil få innverknad på deira forhold til dei tilsette i fengselet eller andre, dersom ein ikkje vil delta i studien, eller vel å trekkje seg. Opplysningane vil bli behandla konfidensielt, og ingen vil kunne kjenne igjen personar i den ferdige oppgåva. Eg notar ingen sensitive personopplysingar i oppgåva som namn, alder, eller oppvekststad til dei innsette. Opplysningar vil bli anonymiserte, og eventuelle bandopptak vil bli sletta når oppgåva er ferdig, innan mai 2010.

Eg vil sende eit informasjonsskriv til dei innsette (sjå vedlegg 1) som kan hengast opp på

aktuelle avdelingar. Det er fint om kvinnene som har lyst til å vere med på intervjuet kan ta kontakt med ein tilsett som kan vere kontaktperson mellom meg og dei innsette. Når kvinnene seier at dei vil stille til intervju, kan dei bli ført opp på ei liste, og skrive under på ei samtykkeerklæring (sjå vedlegg 2) som eg vil sende til dei aktuelle soningsplassane.

Dersom det er noko de lurar på kan de sende e-post til sivask@student.sv.uio.no, eller ta kontakt på tlf. 91 87 00 55.

De kan også kontakte rettleiaren min, Cecilie Basberg Neumann, ved Institutt for arbeidsforskning (AFI) på e-post cecilie.b.Neumann@afi-wri.no, eller på tlf. 23 36 92 00.

Studien er godkjend av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S (sjå vedlegg 3).

På førehand takk!

Med venleg helsing

Siv Ådnegard Skulstad
Gamle Madserud Allé 8
0274 Oslo

Vedlegg 2: Intervjuguide

Prosjektet

Masteroppgåve i sosiologi. Samtale med ti kvinner under soning. Di historie/forteljing.

Spørsmåla: Oppvekst/barndom, skule/utdanning, sivilstatus, rusmiddel, fengslingar, ”kriminalitet”, arbeid, framtida.

Eg ynskjer å stille ganske opne spørsmål, og eventuelt kome med oppfølgingsspørsmål på det du fortel. Dersom du er noko du ikkje vil svare på eller prate om, går me berre vidare.

Intervjuet

Bandopptakar, dersom du tillet det, og notere.

Intervjuet vil ta omtrent ein time.

Du kan til å trekke deg til ei kvar tid utan å seie kvifor. Då vil alt du har sagt verte sletta. Det vil ikkje få innverknad på forholdet ditt til dei tilsette i fengslet eller andre dersom du trekke deg.

Det er berre eg som behandlar opplysningar om deg, og eg har teieplikt.

Eventuelle bandopptak og namnelister vil verte sletta, og alle indirekte personlege opplysningar om deg vil bli sladda når oppgåva er ferdig i mai 2010.

Ingen skal kunne kjenne deg igjen i den ferdige oppgåva.

Fornamn (vil verte omkoda)

Oppvekst / barndom

- Kan du fortelje litt om barndomen og oppveksten din?

Vaks opp med. Flytting. Vener. Interesser.

Skule / utdanning

- Kan du fortelje litt om skulegangen din?

Trivsel. Beste/verste fag. Flink til. Lære- og skrivevanskar. Lyst til å bli. Fullført utdanning. I staden for å gå på skule. Utdaning i fengsel.

Sivilstatus

- Kan du fortelje litt om sivilstatusen din?

Kva gjer ein eventuell partnar på. Born. Foreldrerett.

Rusmiddel

- Kan du fortelje litt om ditt forhold til rusmiddel?

Røyking. Alkohol. Narkotika. Miljø. Læring. Ruskarriere. Rusproblem.

Fengslingar

- Kan du fortelje litt om din fyrste dom?

Alder. Type dom. Motiv. Åleine/saman. Miljø. Påverknad. Læring. Å bli teken av politiet.

Reaksjonar. Konsekvensar.

- Kan du fortelje litt om domen du sonar no?

Type dom. Lengde på dom. Miljø. Kriminalitetskarriere. Forhold mellom rus og kriminalitet.

I politiet sitt søkjelys. Tal på domar. Mange som veit om domen. Konsekvensar.

”Kriminalitet”

Kva er ”kriminalitet” for deg?

Seg sjølv som kriminell. Andre som kriminelle. Stempla som kriminell. Aksept for domane.

Aksept frå samfunnet. Anger.

Arbeid og aktivitetsplikt

- Kan du fortelje litt om kva slags arbeid du har hatt og kva slags aktivitetsplikt du har hatt/har i fengsel?

Type arbeid. Arbeidsgjevarar. Aktivitetsplikt som hjelp til å få jobb. Gjort på etter enda soning.

Framtida

- Kriminalomsorga sin fagstrategi har nokre mål for alle ferdigsona, kjenner du til desse? Stoffri eller med kontroll. Bra plass å bu. Lese, skrive og rekne. Sjanse til å få jobb. Forhalde seg til familie, vener og samfunn. Søkje hjelp for eventuelle problem. Leve uavhengig.

- Ser du nokon av desse måla som relevante for deg. Er dei eventuelt oppnåelege?

- Får du i så fall at nok hjelp for å nå dei?

- Planar etter soning?

Glede seg til noko. Framtidsplanar. Siste gong i fengsel.

- Lyst på eit "heilt vanleg liv"?

Kva ligg i det. Korleis få det til. Prøvd dette før.

- Er det noko du ville ha gjort for å betre situasjonen din og andre i liknande situasjonar dersom du fekk bestemme?

- Er det noko du vil føye til eller snakke om?

Vedlegg 3: Introduksjonsbrev

Førespurnad om å gjennomføre intervju i forbindelse med masteroppgåve

Eg er masterstudent i sosiologi ved Universitetet i Oslo, og held no på med den avsluttande masteroppgåva. Temaet for oppgåva er ”Ti kvinnelege innsette sine historier”. Utgangspunktet mitt er altså å snakke med ti kvinner, men det føreset sjølvsagt at ti kvinner vil snakke med meg. Eg ynskjer å snakke med kvinner som har fleire tidlegare dommar bak seg, for å høyre deira historie. Kva gjorde dei på før dei fekk sin fyrste dom, kva gjer dei på i fengsel, kva gjer dei på når dei ikkje sonar, og kva er deira tankar om framtida? Me vil kome inn på tema som oppvekst, skulegang og utdanning, sivilstatus, miljø, livet i fengsel, framtida med meir.

Eg vil bruke bandopptakar, dersom informantane tillet det, og notere under samtala. Intervjuet vil ta omtrent en time, og me vert saman einige om tidspunkt. Eg er klar til å starte med intervjuet så fort de godkjenner prosjektet, og nokon av dei innsette melder seg som interesserte. Eg skjønar at denne prosessen kan ta noko tid, men håpar å vere ferdig med intervjuet før jul.

Det er sjølvsagt frivillig for dei innsette å vere med på dette. Informantane har moglegheit til å trekke seg til ei kvar tid før, under, eller etter samtala. Dei treng ikkje å grunngje kvifor dei trekk seg. Dersom ein trekk seg vil alle innsamla data om vedkomande verte makulerte. Informantane får opplyst at det ikkje vil få innverknad på deira forhold til dei tilsette i fengslet eller andre, dersom ein ikkje vil delta i studien, eller vel å trekkje seg. Opplysningane vil bli behandla konfidensielt, og ingen vil kunne kjenne igjen personar i den ferdige oppgåva. Eg noterar ingen sensitive personopplysingar i oppgåva som namn, alder, eller oppvekststad til dei innsette. Opplysningar vil verte anonymiserte, og eventuelle bandopptak vil verte sletta når oppgåva er ferdig, innan mai 2010.

Eg vil sende dykk eit informasjonsskriv til dei innsette som kan hengast opp på alle avdelingar, eller på dei avdelingane de meiner er passande. Det er fint om kvinnene som har lyst til å vere med på intervjuet kan ta kontakt med ein tilsett som kan vere kontaktperson mellom meg og dei innsette. Når kvinnene seier at dei vil stille til intervju, kan dei bli ført opp på ei liste, og skrive under på ei samtykkeerklæring som eg vil sende dykk.

Dersom det er noko de lurar på kan de sende e-post til sivask@student.sv.uio.no, eller ta kontakt på tlf. nr. 91 87 00 55.

De kan også kontakte rettleiaren min, Cecilie Basberg Neumann, ved institutt for arbeidsforskning (AFI) på e-post cecilie.b.Neumann@afi-wri.no, eller på tlf. nr. 23 36 92 00.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste A/S.

På førehand takk!

Med venleg helsing

Siv Ådnegard Skulstad
Gamle Madserud Allé 8
0274 Oslo

Vedlegg 4: Samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring

Eg har motteke informasjon om studien av ”Ti kvinnelege innsette sine historier” og ynskjer å stille til intervju.

Oslo, dato

Underskrift